



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.meld. nr. 8

(2007–2008)

Kulturell skulesekk for framtida





DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.meld. nr. 8

(2007–2008)

Kulturell skulesekk for framtida

«Kulturen vi opplever i skoletiden har gitt oss mye glede, og denne gleden har vi senere brukt til kunnskap»

«Jeg ville så gjerne at det alltid skulle vare evig»

Truls og Emilie frå Sandefjord, etter 10 års røynsler med Den kulturelle skulesekken, Lykketreff. ABM-skrift # 39, 2007.

Innhald

1	Bakgrunnen for og innhaldet i meldinga	7	4.3	Nærare om dei ulike kunst- og kulturuttrykka.....	27
1.1	Kulturløftet og verdien av ein kulturpolitikk for born og unge	7	4.3.1	Musikk	29
1.2	Kunnskapsløftet og skulen som arena for kunst og kultur	8	4.3.2	Visuell kunst	30
1.3	Bakgrunnen for Den kulturelle skulesekken	9	4.3.3	Scenekunst.....	32
1.3.1	Løyvingar til Den kulturelle skulesekken over statsbudsjettet.....	9	4.3.4	Film.....	33
1.3.2	Innføring av ny tippenøkkel i 2003	10	4.3.5	Litteratur	34
1.3.3	Stortingsmelding nr. 38 (2002–2003) Den kulturelle skulesekken og oppfølginga av den	10	4.4	Kulturarv	35
1.4	Om kunst-, kultur- og kvalitetsomgrepa	11	4.5	Profesjonalitet og kvalitet.....	38
1.5	Innhaldet i meldinga	11	4.6	Formidlingsmåtar.....	40
2	Evaluering av Den kulturelle skulesekken	15	4.7	Kulturelt mangfald	41
2.1	Innleiing.....	15	4.8	Om formidling av samisk kultur.....	42
2.2	Evaluering av Den kulturelle skulesekken	15	4.9	Nasjonale minoritetar	43
2.2.1	Samandrag av evalueringsrapporten	16	4.10	Formidling av kunst og kultur på nynorsk.....	44
2.2.2	Samandrag av høyringsfråsegnene	16	5	Organiseringa av Den kulturelle skulesekken – status og vidare utvikling	46
2.3	Undersøking av ordning med direkte tildeling av midlar til kommunane	18	5.1	Departementa og styringsgruppa.....	46
2.4	Evalueringar av Den kulturelle skulesekken i fylka.....	19	5.1.1	Sekretariatet for Den kulturelle skulesekken	46
2.5	Departementets vurdering av evalueringane og høyringsfråsegnene.....	19	5.1.2	Referansegruppa for Den kulturelle skulesekken	47
3	Mål og prinsipp i Den kulturelle skulesekken	22	5.2	Aktørar i opplæringssektoren	48
3.1	Presisering av mål og prinsipp.....	22	5.2.1	Utdanningsdirektoratet	48
3.2	Samarbeidet og arbeidsdelinga mellom kultur- og opplæringssektoren.....	22	5.2.2	Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa	48
3.3	Lokalt og regionalt handlingsrom	24	5.2.3	Fylkesmannen	48
3.4	Tilgjenge til Den kulturelle skulesekken	25	5.3	Fylkeskommunane.....	49
4	Innhald og kvalitet i Den kulturelle skulesekken – status og vidare utvikling	26	5.3.1	Nordland og Akershus – døme på to ulike fylkesmodellar i Den kulturelle skulesekken	51
4.1	Innleiing.....	26	5.4	Kommunane	52
4.2	Omfanget av fylka sine tilbod i Den kulturelle skulesekken	27	5.5	Skular og kulturskular	53
			6	Særskilde satsingsområde i den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken	56
			6.1	Utviding av Den kulturelle skulesekken til vidaregåande opplæring	56
			6.1.1	Pilotprosjekt i sju fylke	57
			6.2	Betre nettverksarbeid og møteplassar	57
			6.3	Satsing på kompetanseutvikling	59
			6.4	Strategi for forskning og evaluering.....	60
			6.5	Betre nettbaserte løysingar	61

6.6	Ordningar for arbeidsavtalar og transport.....	62	7.2	Ny fordelingsmodell for å finansiere utvidinga til vidaregåande opplæring	64
6.7	Gullsekken – beste skule og beste produksjon	63	7.3	Økonomiske og administrative konsekvensar for kommunesektoren og staten	65
7	Økonomiske og administrative konsekvensar	64	7.4	Innføring av ny tippenøkkel i 2009	67
7.1	Dagens fordelingsmodell.....	64		Litteratur og bakgrunnsmateriale	68



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.meld. nr. 8

(2007–2008)

Kulturell skulesekk for framtida

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 30. november 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Bakgrunnen for og innhaldet i meldinga

1.1 Kulturløftet og verdien av ein kulturpolitikk for born og unge

Regjeringa har som mål at Noreg skal verte ein leiande kulturnasjon som legg vekt på kunst og kultur i alle delar av samfunnslivet. Målet er at ein prosent av statsbudsjettet skal gå til kulturføremål innan 2014. Gjennom å auke støtta til kulturføremål ynskjer regjeringa å plassere kunst og kultur i sentrum av samfunnsutviklinga.

Det er eit hovudmål å medverke til gode vilkår for å skape og formidle kunst og kultur. Alle skal få tilgang til kunst- og kulturopplevingar og høve til å uttrykkje seg gjennom kunst og kultur uavhengig av kjønn og geografiske, sosiale og økonomiske skiljeliner. Kunst og kultur er ressursar som bør vere tilgjengelege for alle.

Kunst og kultur kan utfordre etablerte tanke- og gje ei alternativ forståing av verda. Kunst og kultur gjev opplevingar som kan vere avgjerande for å utvikle det enkelte menneske sin personlegdom og livskvalitet. Kunst, kultur og kulturarv er identitetsskapande, og medverkar til å gjere oss medvitne om kven vi er og kvar vi kjem ifrå. Dette har verde for enkeltindividet, men det har òg kraft til å forme samfunnsutviklinga.

Kunst og kultur, design, underhaldning og opplevingar er også viktige for økonomisk vekst,

innovasjon og verdiskaping. Næringslivet etter-spør i aukande grad verdiar som finst i kultur-samanheng, til dømes kreativitet, iderikdom, evne til å vere nyfiken og evne til å omstille seg.

Born og unge bør ha tilgang til eit kunst- og kulturtilbod som er likeverdig med det dei vaksne får. Møte med kunst og kultur gjennom heile oppveksten kan medverke til at born og unge får opplevingar og kunnskap som kan danne grunnlag for deira eigne kreative aktivitetar og evne til å vurdere ulike kunst- og kulturuttrykk. Å forstå kunst og kultur er i mange høve ein læringsprosess. Difor må born og unge få høve til å utvikle ei omfattande kulturforståing slik at dei kan stå rusta til å møte og meistre utfordringane i kunnskapssamfunnet.

Regjeringa sin kulturpolitikk for born og unge er oppbygd av fleire viktige ordningar. Dette omfattar til dømes Frifond, musikkverkstadsordninga for aktivitetar innanfor jazz, rock, folkemusikk og verdsmusikk, kulturkort for ungdom og tilskot til innkjøp av musikkinstrument til skulekorps. Dei mest sentrale ordningane er dei kommunale kulturskulane, Ungdommens kulturmønstring og Den kulturelle skulesekken.

Dei tre sistnemnde ordningane har ulike siktemål. Kulturskulane skal gje born og unge eit tilbod om opplæring i skapande og utøvande

musikk og andre kunstformer i tillegg til den obligatoriske opplæringa på skulen. Ungdommens kulturmonstring er eit landsomfattande kulturtiltak for born og unge. Gjennom ei rekkje lokale og regionale kulturmonstringar får born og unge opptre med ulike innslag og treffe andre kulturinteresserte på same alder. Den kulturelle skulesekken er kjernen i regjeringa sin politikk for kulturformidling til born og unge. Den kulturelle skulesekken skal medverke til at elevane i skulen får oppleve, gjere seg kjende med og utvikle forståing for profesjonelle kunst- og kulturuttrykk av alle slag.

I kulturskulane er såleis *opplæringa* viktigast, i Ungdommens kulturmonstring er det *aktiviteten* og i Den kulturelle skulesekken er det *opplevinga* som står i sentrum. Dette gjer at dei tre ordningane kan utfylle og styrkje kvarandre. Godt samarbeid og ei tydeleg rolleavklaring vil forenkle arbeidet i ordningane og medverke til å styrkje kunst- og kulturområdet for born og unge.

1.2 Kunnskapsløftet og skulen som arena for kunst og kultur

Føremålet med skulen er læring og meistring. Opplæringa skal ruste born og unge til arbeids- og samfunnsliv og gje kunnskap til å meistre skiftande omgjevnader og ei ukjend framtid. Skulen skal byggje på eit breitt kunnskapssyn. Kreativitet og skapande evner står sentralt.

Kunnskapsløftet, den nye reforma i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, vart sett i verk frå 2006, jf. St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*, og *Læreplanverket for Kunnskapsløftet*, 2006. Målet for Kunnskapsløftet er at alle elevane skal utvikle grunnleggjande dugleik og kompetanse for å kunne ta aktivt del i samfunnet. Norsk skule er ein inkluderande skule der det skal vere mogeleg for alle å utvikle evnene sine. Kunnskapsløftet understrekar prinsippet om tilpassa opplæring og legg auka vekt på læring. Kunst og kultur skal medverke til dette.

Kunnskapsløftet omfattar eit nytt læreplanverk for heile grunnopplæringa, og er samansett av ein generell del, prinsipp for opplæringa og nye læreplanar i alle fag. Kvar læreplan har kompetansemål for elevane.

Den generelle delen i læreplanen gjev dei overordna måla for opplæringa, og inneheld det verdimesige, kulturelle og kunnskapsmessige grunnlaget.

I læreplanverkets generelle del vert mellom anna dei skapande evnene vektlagde i eit eige avsnitt – Det skapande menneske. Her blir både kreativitet, nyfikne og vitskapleg arbeidsmåte framheva. Elevane skal få utvikle gleda ved å møte kunstnariske uttrykk og kunne utforske og utfalde sine eigne skapande krefter. Undervisninga skal vise korleis skaparkraft har vore med på å endre menneska sine levekår og livsinnhald.

I læreplanverkets del 2 – prinsipp for opplæring – heiter det:

«For å utvikle elevenes kulturelle kompetanse for deltakelse i et multikulturelt samfunn skal opplæringen legge til rette for at elevene får kunnskaper om ulike kulturer og erfaring med et bredt spekter av kulturelle uttrykksformer. Opplæringen skal fremme kulturforståelse og bidra til utvikling av både selvinnsikt og identitet, respekt og toleranse. Elevene skal møte kunst og kunstformer som uttrykker både menneskers individualitet og fellesskap, og som stimulerer deres kreativitet og nyskapende evner. De skal også få mulighet til å bruke sine skapende evner gjennom ulike aktiviteter og uttrykksformer. Dette kan gi grunnlag for refleksjon, følelser og spontanitet.»

Reforma har ført med seg ei rekkje endringar i skulen sin struktur, organisering, innhald og didaktikk. Ho stiller store krav til kunnskap og dugleik hjå elevane, samstundes som skulane står friare enn før til å leggje til rette for at alle skal nå skulen sine mål gjennom tilpassa undervisning. Dette har medverka til meir varierte arbeidsmåtar og metodar, der kunst og kultur spelar ei viktig rolle.

Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa vart etablert 1. januar 2007 ved Høgskolen i Bodø. Senteret skal medverke til å styrkje kunst og kultur i opplæringa samt auke kompetansen i skule og barnehage på dette området. Målgruppa er førskulelærarar, lærarar som underviser i kunst og kultur i grunnopplæringa og lærarutdanninga, skuleleiarar, studentar, forskarar og læremiddelutviklarar. Det faglege arbeidet skal vere tufta på forskings-, forsøks- og utviklingsprosjekt i nær kontakt med studentar og lærarar. Senteret er nærare omtala i punkt 5.2.2.

Våren 2007 la Kunnskapsdepartementet fram *Skapande læring. Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007–2010*. Planen har som overordna mål å utvikle kunst- og kulturfagleg, estetisk og skapande kompetanse hjå born, elevane og tilsette i barnehage, grunnopplæring og høgare utdanning. Planen inneheld 27 tiltak. Fleire av tiltaka er

Boks 1.1 UNESCO-rapport om kunst og kultur i opplæringa

UNESCO, SN-organet for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon, initierte i 2004 ei stor internasjonal undersøking om kva plass kunst og kultur har i utdanningssystema rundt om i verda. Rapporten *The Wow Factor. Global research compendium on the impact of the arts in education*, vart offentleggjort i februar 2007. Undersøkinga er basert på forskning i 60 land. Arbeidet har vore leia av Anne Bamford, professor ved Wimbledon College of Art.

Rapporten analyserer skilnaden mellom undervisning i kunst og kultur og undervisning gjennom kunst og kultur. Rapporten ser på emnet både i eit utdanningsperspektiv, eit kulturelt perspektiv og eit sosialt perspektiv.

Rapporten stadfestar at estetiske fag har positiv innverknad på born og unge si læring i basisfag. Resultata viser at sjølvtiliten hjå born og unge veks i møte med kunst og kultur. Betre sjølvtilit gjev meir positive haldningar til skulen og mindre fråvær. Elevane blir betre til å lese og skrive. Resultata viser også at dårleg undervisning i kunst og kultur kan innverke negativt på born og unge sin kreativitet, sjølvtilit, trivsel og læring i skulen.

retta mot samarbeidet mellom opplæringssektoren og kultursektoren generelt, og det vidare arbeidet med Den kulturelle skulesekken spesielt. Utdanningsdirektoratet har hovudansvaret for å følgje opp strategien, og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa vil spele ei sentral rolle når strategiplanen skal gjennomførast.

1.3 Bakgrunnen for Den kulturelle skulesekken

Gjennom statleg kultur- og skulepolitikk dei siste tiåra er det lagt stadig større vinn på at born og unge skal få tilgang til profesjonell kunst og kultur. Eit viktig grunnlag vart lagt gjennom St.meld. nr. 61 (1991–1992) *Kultur i tiden*, der det vart understreka at born og unge må få oppleve profesjonell kunst og kultur og få ta i bruk egne kulturelle ressursar. I handlingsplanen *Broen og den blå hesten* (KUF og KD, 1996) vart det lagt vekt på

eit auka samarbeid mellom skuleverket og kunst- og kultursektoren. I *Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen*, L97 (KUF, 1996) vart det understreka at skulen skal vere ein stad der born og unge møter profesjonell kunst og kultur av høg kvalitet, og der dei vert inspirerte til eigenaktivitet.

I løpet av dei siste femten åra har fleire kommunar og fylkeskommunar arbeidd med å etablere ei heilskapleg kunst- og kulturformidling til elevar i grunnskulen. Samstundes har dei aller fleste kulturinstitusjonane med statleg støtte satsa systematisk på kunst- og kulturformidling til denne målgruppa.

1.3.1 Løyvingar til Den kulturelle skulesekken over statsbudsjettet

Dei lokale og regionale initiativa var viktige inspirasjonskjelder då den første Stoltenberg-regjeringa gjorde framlegg om ei eiga løyving til Den kulturelle skulesekken over Kulturdepartementets budsjett for 2001. Løyvinga var på 17 mill. kroner, og kom som eit tillegg til eksisterande løyvingar til institusjonar som arbeider med kunst- og kulturformidling til born og unge. I tillegg løyvde Kommunal- og regionaldepartementet 1,6 mill. kroner til prosjektet Kulturskatten i Telemark, og Utdannings- og forskningsdepartementet løyvde 5 mill. kroner til kompetanseutvikling for lærarar i samband med ordninga. Til saman var dei direkte løyvingane til Den kulturelle skulesekken over statsbudsjettet i 2001 på 23,6 mill. kroner.

Det vart etablert ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe for Den kulturelle skulesekken. Arbeidsgruppa utforma ein utviklingsplan forankra i L97. Det vart sett i gang utviklingsprosjekt i ni fylke og mindre prosjekt i ytterlegare ni fylke. Nokre midlar vart nytta til å utvikle produksjonar og formidlingsprosjekt retta mot grunnskulen.

I 2002 gjorde Bondevik-regjeringa framlegg om å løyve 12,3 mill. kroner over statsbudsjettet til Den kulturelle skulesekken. Midlane for 2002 vart i all hovudsak forvalta regionalt for å etablere eller styrkje produksjon og formidling av kunst- og kulturtilbod i grunnskulen.

I statsbudsjettet for 2003 vart det løyvd 12,8 mill. kroner til Den kulturelle skulesekken. Ein mindre del vart avsett til å vidareføre arbeidsgruppa sitt samordningsarbeid med tilhøyrande administrasjon og informasjonstiltak. Hovuddelen av løyvinga – 10 mill. kroner – vart nytta til å bygge opp og styrkje tiltaksprogram for born og

unge ved 20 museum av ulike typar, geografisk spreidd i alle landsdelar.

I 2004 vart det ikkje løyvd øyremerka midlar til Den kulturelle skulesekken over statsbudsjettet. Midlane vart overførte til dei 20 musea på fast basis. Gjennom tildelingsbrev til musea vart det lagt inn eit vilkår om å leggje til rette for formidlingsmessig aktivitetsauke i samband med Den kulturelle skulesekken.

1.3.2 Innføring av ny tippenøkkel i 2003

Frå og med 2003 fekk Den kulturelle skulesekken tilført store midlar frå speleoverskotet til Norsk Tipping. Dette vart mogeleg gjennom ei innstilling frå medlemmer av familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om endring i lov av 28. august 1992, nr. 103 om pengespill, jf. Innst.O. nr. 44 (2001–2002) og Besl.O. nr. 52 (2001–2002).

Endringane innebar at den delen av speleoverskotet som går til idrettsføremål og kulturføremål, vart trappa opp over tre år, slik at ein frå 2005 kunne fordele ein halvpart til idrettsføremål og ein halvpart til kulturføremål. Av midlane til kulturføremål skulle to tredelar fordelast av Stortinget gjennom statsbudsjettet og ein tredel av Kongen gjennom kongeleg resolusjon. Den delen av spelemidlane som går til kulturføremål og fordelast av Kongen, fordelast med 40 prosent til Den kulturelle skulesekken, 30 prosent til kulturbygg og 30 prosent til Frifond.

Endringane i tippenøkkel gav grunnlag for å trappe opp og utvide Den kulturelle skulesekken. Spelemideltilskotet til Den kulturelle skulesekken har stabilisert seg på om lag 160 mill. kroner sidan 2005. Implementerings- og opptrappingsfasen i arbeidet med Den kulturelle skulesekken vart ferdig i 2006, då Den kulturelle skulesekken vart etablert som ei varig ordning. Det er eit viktig prinsipp at spelemidlane til Den kulturelle skulesekken ikkje skal nyttast til administrasjon eller kompetanseutvikling. Spelemidlane skal nyttast til kunst- og kulturtilbod som kjem den enkelte elev til gode.

Tabell 1.1 Fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken 2003–2007 (mill. kroner)

2003	2004	2005	2006	2007
60	120	160	161	167

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet

Fordeling av spelemidlar i 2007

I 2007 går 80 prosent av spelemidlane til lokale og regionale tiltak. Dette tilsvarer 134 mill. kroner. Av desse midlane vert 122 mill. kroner fordelte via fylkeskommunane til Den kulturelle skulesekken i grunnskulen, 6 mill. går til ei prøveordning i vidaregåande opplæring og 6 mill. kroner går direkte til seks vitensenter. Midlane til fylkeskommunane vert fordelte etter ein fordelingsnøkkel som tek omsyn til elevtal, geografiske avstandar og kulturell infrastruktur i fylket.

20 prosent av spelemidlane går til sentrale tiltak for å styrkje kunst- og kulturområde med særlege utfordringar. I 2007 utgjer dette 33 mill. kroner, som er fordelte til satsingsområda musikk, film, scenekunst og visuell kunst. Ingen sentrale prosjektmidlar blir i dag brukte til områda litteratur og kulturarv. Sjå punkt 7.1 for ein nærare gjennomgang.

1.3.3 Stortingsmelding nr. 38 (2002–2003) Den kulturelle skulesekken og oppfølginga av den

Våren 2003 la regjeringa fram St.meld. nr. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skulesekken*. Meldinga omhandla bakgrunnen for og verdiar og målsetjingar med Den kulturelle skulesekken. Meldinga skisserte dei utfordringane både kultur- og skulesektoren stod overfor i samband med å setje i verk og utvikle ordninga etter innføringa av ny tippenøkkel. Meldinga har vore eit grunnlagsdokument i opptrappingsfasen av Den kulturelle skulesekken fram til 2006. Den kulturelle skulesekken vart også omtala i St.meld. nr. 39 (2002–2003) *Ei blot til Lyst – Om kunst og kultur i og i tilknytning til grunnskolen*.

Då meldinga vart handsama vedtok Stortinget følgjande:

«Stortinget ber Regjeringa om å foreta en evaluering av Den kulturelle skulesekken i løpet av våren 2006 og legge denne fram for Stortinget.»

Stortinget vedtok også at mest mogeleg av dei tildelte midlane skal kome borna til gode gjennom kulturopplevingar. Stortinget bad regjeringa kome attende til Stortinget med ei vurdering av korleis dette best kan gjerast. Stortinget bad også regjeringa leggje til grunn at Rikskonsertane skulle få spelemidlar for å utvide skulekonsertordninga.

I St.prp. nr. 1 (2004–2005) la regjeringa til grunn at spelemidlane til Den kulturelle skulesekken vert fordelte med 80 prosent til regionale og lokale tiltak og 20 prosent til sentrale tiltak. Fylkeskommunane fekk ei samordnande rolle for midlane til regionale og lokale tiltak. Ein tredel av desse midlane skal fordelast vidare til kommunane, ein tredel skal fordelast av fylkeskommunen til regionale formidlingsordningar, og den siste tredelen skal forvalta av fylkeskommunen slik det er mest tenleg i det enkelte fylket. Sjå også punkt 5.3.

Av dei sentrale prosjektmidlane fekk Rikskonsertane midlar til å gjere ordninga landsdekkjande. Det vart også sett av midlar til sentrale prosjekt fordelte på satsingsområda scenekunst, visuell kunst og film. Frå og med skuleåret 2005–2006 vart det innført ei prøveordning som lét kommunar med meir enn 30 000 innbyggjarar få sin relative del av dei midlane fylket forvaltar til formidlingsordningar, basert på elevtal.

Oppdraget om å evaluere Den kulturelle skulesekken vart utlyst som ein offentleg anbuds konkurranse hausten 2005. Evalueringa vart levert departementet i september 2006. I den føreliggjande meldinga vert evalueringsrapporten og den påfølgjande høyringsrunden presentert. Meldinga drøftar dei utfordringane som mellom anna evalueringa og høyringsfråsegnene skildrar, og viser veg for korleis desse utfordringane kan møtast av dei ulike aktørane i Den kulturelle skulesekken. Meldinga omhandlar også utvidinga av Den kulturelle skulesekken til vidaregåande opplæring og korleis denne utvidinga skal finansierast.

1.4 Om kunst-, kultur- og kvalitetsomgrepa

Kultur er eit ope omgrep med eit meiningsinnhald som har vore historisk skiftande. Innhaldet varierer med den samanhengen omgrepet vert brukt i, og kva som er føremålet med definisjonen. 'Kultur' kan brukast både breitt og snevert. I brei forstand omfattar omgrepet verdier, normer, kunnskap, symbol og ytringsformer som er felles for ei gruppe menneske eller eit bestemt samfunn. I snever forstand vert omgrepet nytta for å gjere greie for dei ulike verksemdene innanfor kulturliv og kulturpolitikk når desse vert vurderte som ein avgrensa sektor. Ein viktig dimensjon ved kultur er at individet vert knytt til store og små identi-

tets- og meiningsfellesskap som vert etablerte og endra gjennom menneskeleg samhandling.

Kunst er heller ikkje eit eintydig omgrep. Det er ikkje alltid eit klart skilje mellom kva som er kunst og kva som ikkje er det. Uttrykksformene i kunsten kan i somme høve endre seg radikalt og brått. Kunst er eit estetisk kulturuttrykk som kontinuerleg endrar uttrykksform og som gjev menneska opplevingar og utfordringar. Føresetnadene for å forstå kunst er noko den einskilde tileignar seg gjennom oppvekst, utdanning og deltaking i samfunns- og kulturlivet.

Kvalitet er eit relativt omgrep, men ikkje eit subjektivt omgrep. Om kunst- og kulturuttrykk har kvalitet eller ikkje, er ikkje eit spørsmål om kva den eine eller andre kan like, men om kva vi har med å gjere, og kva det skal nyttast til. Følgjelig kan det som i éin situasjon eller til éin bruk har høg kvalitet, i ein annan samanheng ha låg kvalitet, men avgjerda er like objektiv i båe tilfella. I eit samfunn som er i endring, må kunsten, og synet på kva som til ei kvar tid er god kunst, også vere i endring. Kvalitet er difor heller ikkje eit statisk omgrep. Det finst altså ikkje eit einskilt sett av alltid gyldige kriterium for kvalitet, men det finst ei rad relevante kunstnarlege eller kulturfaglege kriterium som kan kombinerast på ulike måter, og som til og med kan stå i motsetnad til kvarandre. Kvalitet er eit avgjerande kriterium for at eit kulturtiltak skal verte prioritert i den statlege kulturpolitikken.

1.5 Innhaldet i meldinga

Kap 1: Bakgrunnen for og innhaldet i meldinga

- Kulturløftet er grunnlaget for meldinga. Noreg skal verte ein kultur nasjon som legg vekt på kunst og kultur i alle delar av samfunnslivet.
- Alle skal få tilgang til kunst- og kulturopplevingar og høve til å uttrykkje seg gjennom kunst og kultur uavhengig av kjønn eller geografiske, sosiale og økonomiske skiljelinjer.
- Målet er å gje alle born og unge eit kulturtilbod som er likeverdig med det dei vaksne får.
- Å forstå kunst og kultur er ein læringsprosess. Tilhøva skal leggjast til rette slik at born og unge utviklar kulturforståing – og står rusta til å møte og meistre utfordringane i samfunnet.
- Kulturskulane, Ungdommens kultur mønstring og Den kulturelle skulesekken er viktige stolpar i regjeringa sin kulturpolitikk for born og unge. I kulturskulane er det *opplæringa* som er

viktigast, i Ungdommens kulturmonstring er det *aktiviteten*, og i Den kulturelle skulesekken er det *opplevinga* som står i sentrum.

- I statsbudsjettet for 2001 vart det for første gong løyvd midlar til Den kulturelle skulesekken. Dette kom som eit tillegg til eksisterande løyvingar til institusjonar som arbeider med kunst- og kulturformidling til born og unge.
- Frå og med 2003 fekk Den kulturelle skulesekken tilført midlar frå speleoverskotet til Norsk Tipping. Spelemidlane til Den kulturelle skulesekken har sidan 2005 stabilisert seg på om lag 160 mill. kroner i året. Midlane vert fordelte ved kongeleg resolusjon kvar vår.
- Grunnlagsdokumentet for Den kulturelle skulesekken i opptrappingsfasen har vore St.meld. nr. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skulesekken*. Då meldinga vart handsama, vedtok Stortinget at regjeringa skulle syte for å evaluere ordninga i løpet av våren 2006 og leggje denne evalueringa fram for Stortinget.
- Oppdraget om å evaluere Den kulturelle skulesekken vart utlyst som ein offentlig anbuds-konkurranse hausten 2005. NIFU STEP fekk anbodet, og leverte ei evaluering i september 2006.
- Den nye meldinga om Den kulturelle skulesekken gjer greie for evalueringa og den påfølgjande høyringsrunden. Meldinga omhandlar den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken i åra som kjem, inkludert utvidinga til vidaregåande opplæring.

Kap. 2: Evaluering av Den kulturelle skulesekken

- Evalueringa hevdar at det eksisterer eit spenningsfylt forhold mellom kultur- og opplæringssektorane. Spenninga er knytt til mandat, mål, økonomi, organisering, struktur, og til innhalds- og kvalitetsomgrepet.
- Evalueringa hevdar at organiseringa er for kompleks, og at det er låg systemforståing i alle ledd av organiseringa.
- Evalueringa drøfter ulike formidlingsmåtar.
- Det vert peika på at det ikkje finst eit standardisert system for rapportering, noko som gjer det vanskeleg å analysere pengestraumane.
- Evalueringa og høyringsfråsegnene er i mindre grad samstemde når det gjeld å vurdere kor vellukka ordninga er.
- Eit fleirtal av høyringsfråsegnene uttrykkjer velnøye med at dagens struktur legg til rette for lokal forankring, eigarskapskjensle og påverknad. Eit stort fleirtal av høyringsfråseg-

nene er klare på at det ikkje er ynskjeleg med større endringar i dagens organisering.

- Høyringsfråsegnene understrekar at det er naudsynt med eit tydeleg mandat og ei klar arbeidsdeling mellom kultur- og opplæringssektorane.
- Mange av høyringsinstansane meiner det er naudsynt med eit enklare rapporteringssystem samt standardiserte løysingar knytte til kontraktsmalar, honorar, diettsatsar og transport.
- Mange høyringsinstansar understrekar at det er behov for kompetanseutvikling knytt til både produksjon av tilbod og implementering av Den kulturelle skulesekken.
- Departementet har i si vurdering valt å leggje større vekt på høyringsfråsegnene enn evalueringa. Det vert lagt vekt på at kunst- og kulturformidlinga til born i grunnskulen er sterkt betra. Formidlinga er blitt meir systematisk og planlagd. Den kulturelle skulesekken er i hovudsak ei vellukka og populær ordning.
- På bakgrunn av høyringsfråsegnene ynskjer departementet ikkje å gjere vesentlege endringar i korleis ordninga er organisert.
- Ordninga kan likevel bli betre. Mål, prinsipp og arbeidsdelinga mellom kultur- og opplæringssektoren må presiserast. Det trengst eit betre rapporteringssystem, meir kompetanseutvikling og meir forskning.
- Ein må syte for god forankring i skulen.

Kap. 3: Mål og prinsipp i Den kulturelle skulesekken

- Gjennom Den kulturelle skulesekken skal elevar få møte profesjonelle aktørar frå kultursektoren. Ordninga er etablert for å sikre at desse møta finn stad.
- Både kulturpolitiske og opplæringspolitiske mål må liggje til grunn for ordninga.
- Måla med og prinsippa til Den kulturelle skulesekken skal ta omsyn til og tilpasse seg læreplanverket for Kunnskapsløftet.
- Den kulturelle skulesekken skal ikkje vere ei erstatning for estetiske fag i skulen, men kome i tillegg til desse.
- Kunstnarar og kulturarbeidarar skal ikkje gå inn i skulen og erstatte lærarane, men vere kunst- og kulturarbeidarar fullt og heilt.
- Lokalt og regionalt handlingsrom er eit viktig prinsipp for ordninga. Dette sikrar lokal entusiasme, eigeninnsats og forankring.
- Det er viktig å sikre at også elevar med nedsett funksjonsevne får møte profesjonell kunst og kultur. Skulen har ansvar for å leggje til rette på

dette feltet. Kommunen eller fylkeskommunen som skuleeigarar har også eit ansvar.

- Det er viktig å sikre ein dialog på førehand slik at skulen er informert om innhaldet i tilbodet og kva det er naudsynt å leggje til rette for.

Kap. 4: Innhald og kvalitet i Den kulturelle skulesekken – status og vidare utvikling

- Den kulturelle skulesekken skal sikre elevane gode møte med profesjonell kunst og kultur.
- Kunstnarar og kulturarbeidarar frå det frie feltet og institusjonane skal gje tilbod om gode og profesjonelle kunst- og kulturproduksjonar til Den kulturelle skulesekken.
- Kunst- og kulturproduksjonar må kvalitets-sikrast innanfor faglege, profesjonelle rammer.
- Fylkeskommunane, og kommunane der dei har delegert ansvar, skal sikre at tilboda dei formidlar er sikra fagleg kvalitetsvurdering.
- Den kulturelle skulesekken skal omfatte tilbod innan alle kunst- og kulturuttrykka. Fylkeskommunane, og kommunane der dei har delegert ansvar, skal sikre dette.
- Det skal vere variasjon i formidlingsmåtane. Kultursektoren må kontinuerleg arbeide med å utvikle og fornye formidlingsmåtane
- Innanfor kvart kunst- og kulturuttrykk bør det vere ein nasjonal kunst- og kulturaktør som kan koordinere, ha ansvar for eit fagleg nettverk, leggje til rette for fagleg kompetanseutvikling og gje faglege råd til feltet. Dei nasjonale aktørane kan også medverke med tilbod og produksjonar i Den kulturelle skulesekken.
- Det er vanskeleg å gje ferdige kriterium for kvalitet. Difor er det viktig å ha ein vedvarande diskusjon om kvalitet både i opplæringssektoren og i kultursektoren.
- Opplæringssektoren, med alle skulane og deira overordna, må få informasjon om innhaldet i tilboda i Den kulturelle skulesekken på eit tidleg tidspunkt. Det er viktig med ein god dialog mellom kultursektoren og opplæringssektoren slik at planlegginga kan skje i god tid.
- Opplæringssektoren, med alle skulane og deira overordna, har ansvaret for å leggje til rette for kunst- og kulturopplevingar i skulen og setje Den kulturelle skulesekken i samband med den generelle læreplanen og dei ulike fagplanane. Skulen skal sikre at det vert gjennomført føre- og etterarbeid.
- Skulen og elevane skal ha høve til å gje systematisk tilbakemelding etter kvart tilbod eller prosjekt i Den kulturelle skulesekken. Fylkes-

kommunane har ansvaret for å rapportere til sekretariatet.

- Kulturelt mangfald skal vere ein fast og naturleg dimensjon i Den kulturelle skulesekken.
- Samiske uttrykk skal også vere ein fast og naturleg dimensjon i ordninga. Særleg bør ein bruke Den kulturelle skulesekken aktivt for å styrkje kunnskapen om det samiske i Sør-Noreg.
- Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar også har eit språkpolitisk perspektiv i tankane når ein legg planar for Den kulturelle skulesekken. Det er ynskjeleg med eit visst tilbod på nynorsk også for bokmåselevar.

Kap. 5: Organiseringa av Den kulturelle skulesekken – status og vidare utvikling

- Styringsgruppa med deltaking frå politisk leiding i Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet held fram.
- Sekretariatet vert flytta til Kultur- og kyrkjedepartementet. Dette skal knyte sekretariatsarbeidet nærare dei samla forvaltingsoppgåvene i departementet, løfte fram arbeidet med born og unge og styrkje samanhengen mellom Den kulturelle skulesekken og kulturfeltet elles.
- Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil arbeide vidare med å styrkje koordineringa mellom kultursektoren og opplæringssektoren nasjonalt og lokalt. Ein lekk i dette er å vurdere kva rolle Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa skal ha i samband med Den kulturelle skulesekken.
- Referansegruppa vert lagd ned. Departementet legg i staden opp til fleksible ordningar med ulike forum som er tilpassa dei problemstillingane som skal diskuterast. Dette kan vere dialogkonferansar, høyringsmøte, idédugnader eller ad hoc-grupper.
- Fylkeskommunane skal framleis ha eit særleg ansvar for å forvalte og fordele midlar til Den kulturelle skulesekken.
- Kommunar som ynskjer å få tildelt sin relative del av fylkeskommunen sine spelemidlar, skal kunne få det. Det vil bli stilt krav om gjennomføring, kvalitetssikring og rapportering.

Kap. 6: Særskilde satsingsområde i den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken

- Utviding til vidaregåande opplæring: Den kulturelle skulesekken vert utvida til den vidaregåande opplæringa – 180 000 nye elevar skal

- inkluderast. Fylkeskommunane har ansvaret for vidaregåande – det er praktisk at fylkeskommunen også har hovudansvaret for å sikre utvidinga. Dette skal skje i nær kontakt med skulane og deira ynske.
- Betre nettverksarbeid og møteplassar: I den vidare utviklinga skal ein formalisere nettverk for nasjonale kulturaktørar. Det er også eit mål å formalisere fylkesnettverket og medverke til betre nettverksarbeid innanfor dei ulike kunst- og kulturuttrykka. For å sikre kulturarven sin plass i Den kulturelle skulesekken, må også kulturminneforvaltinga trekkjast med i arbeidet.
 - Kompetanseutvikling: Mange miljø arbeider med kompetanseutvikling. Det skal arbeidast målretta med kompetanseutvikling i den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken innanfor både implementering av kunst- og kulturprosjekt og produksjon av kvalitative kunst- og kulturprosjekt. Spelemidlane skal framleis ikkje kunne brukast til kompetanseutvikling.
 - Strategi for forskning og evaluering: Det skal utarbeidast ein strategi for korleis forskning og evaluering kan implementerast som ein fast del av arbeidet med Den kulturelle skulesekken.
 - Betre system for logistikk og rapportering: Det skal lagast betre, obligatoriske rapporteringsrutinar, slik at ein får betre informasjon om kvalitet på, innhald i og omfang av ulike sjangertilbod i ordninga. ABM-utvikling vil koordinere og samordne systema for både logistikk og rapportering i Den kulturelle skulesekken.
 - Arbeidsavtalar og transport: Staten kan ikkje detaljstyre arbeidsavtalar eller transportordningar. Men det er behov for harmonisering.

Fylkeskommunar og kommunar må arbeide vidare med spørsmålet.

- Gullsekken: Den kulturelle skulesekken sin eigen pris vart utdelt for første gong i 2007. Gullsekken skal verte ei årleg hending.

Kap. 7: Økonomiske og administrative konsekvensar

- Den kulturelle skulesekken skal utvidast til vidaregåande opplæring. Dette vil krevje auka ressursar til føremålet. I meldinga vert det gjort framlegg om å endre fordelingsmodellen for spelemidlane til Den kulturelle skulesekken.
- I løpet av ein opptappingsperiode vil midlane som i dag er avsett til sentrale tiltak, vitensentera og ei prøveordning i vidaregåande opplæring (45 mill. kroner), bli nytta til ei utviding av ordninga til vidaregåande opplæring.
- I same periode vert det innarbeidd eit beløp tilsvarende midlane til sentrale tiltak og vitensentera (39 mill. kroner) i Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett.
- Institusjonar som i dag mottar sentrale midlar, skal halde fram med å produsere tilbod i Den kulturelle skulesekken, sjølv om dei i framtida ikkje vil få spelemidlar. Dette vil kome tydeleg fram i tildelingsbrev.
- I 2009 skal det innførast ein ny tippenøkkel. Regjeringa legg til grunn at spelemidlane til Den kulturelle skulesekken vil liggje på linje med årets beløp på 167 mill. kroner. Dersom beløpet skulle vise seg å verte mindre, må utvidinga til vidaregåande opplæring avpassast mot tilgjengelege midlar.

2 Evaluering av Den kulturelle skulesekken

2.1 Innleiing

Dette kapitlet handlar først og fremst om evalueringa av Den kulturelle skulesekken som vart initiert hausten 2005 og levert departementet i 2006. Evalueringa var eit svar på Stortingets vedtak i samband med handsaminga av St.meld. nr. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skulesekken*. I kapitlet vert evalueringa og høyringsfråsegnene presenterte, før ein gjer greie for departementets vurdering av evalueringa og høyringsfråsegnene.

Bortsett frå denne evalueringa har det ikkje vore initiert større undersøkingar om Den kulturelle skulesekken frå sentralt hald. Sekretariatet har iverksett eit par mindre studiar av modellar for organisering av Den kulturelle skulesekken i Sandefjord kommune og i Møre og Romsdal (Hilde Lidén, 2001 og 2004). Sekretariatet har også gjennomført ei mindre undersøking av forsøket med direkte tildeling av midlar til kommunar med meir enn 30 000 innbyggjarar. Sjå punkt 2.3.

I 2007 er det sett av 0,5 mill kroner for å evaluere innføringa av Den kulturelle skulesekken i vidaregåande opplæring.

Frå regionalt hald har det vore stor interesse for å få meir kunnskap om rønslene med Den kulturelle skulesekken. Fleire fylkeskommunar har difor fått utført eksterne evalueringar av eiga verksemd i samband med utviklinga av ordninga. Sjå punkt 2.4. Det er også skrive hovudoppgåver og doktorgradsoppgåver med emne i tilknytning til Den kulturelle skulesekken.

2.2 Evaluering av Den kulturelle skulesekken

Oppdraget om å evaluere Den kulturelle skulesekken vart utlyst som ein offentleg anbuds konkurransen hausten 2005. Mandatet for evalueringa var følgjande:

«Evalueringen skal gi et bilde av hvorvidt ordningen fungerer ut fra målsettingene, og kunne gi grunnlag for å fatte beslutninger om hvordan Den kulturelle skulesekken skal videreføres. Evalueringen skal bidra til at gjennom-

føringen av Den kulturelle skulesekken videreutvikles og styrkes, med hensyn både til kvalitet og effektivitet. Evalueringen bør avdekke eventuelle svakheter av innholdsmessig, organisatorisk, strukturell og annen art og synliggjøre potensial for forbedringer.»

Kultur- og kyrkjedepartementet tildelte oppdraget til NIFU STEP Studier av innovasjon, forskning og utdanning i desember 2005.

Ifølgje prosjektskildringa ville NIFU STEP sjå nærare på desse problemstillingane:

- «– Hvordan er de Den kulturelle skulesekken organisasjonsmessig implementert av forskjellige aktører?
- Hvordan vurderes nytten av løsningene som er valgt av forskjellige aktører?
- Hvordan bidrar måten kulturtilbudene har blitt framskaffet på til den innholdsmessige kvaliteten i tiltaket, sett fra henholdsvis et kunst- og kulturperspektiv og et skoleperspektiv?
- Hva er styrker og svakheter ved løsningene som er valgt, og hva er potensialet for forbedringer?»

Val av metodar i evalueringsoppdraget var nettbasert spørjeskjema, dokumentstudium, gruppeintervju av lærarar og elevar samt intervju med kunstnarar, kulturformidlarar og andre aktørar.

Kultur- og kyrkjedepartementet og NIFU STEP drøfta korleis evalueringsoppdraget skulle konkretiserast. Kultur- og kyrkjedepartementet kom med nokre presiseringar i mandatet. Det vart også gjeve eit tilleggsoppdrag om korleis Den kulturelle skulesekken er tilpassa elevar med særskilte behov.

Rapporten *Ekstraordinært eller selvfølgelig – Evaluering av Den kulturelle skulesekken i grunnskolen* vart levert departementet i september 2006. Departementet sende evalueringa på høyring til 123 høyringsinstansar innan kunst- og kulturfeltet og utdanningsfeltet. I tillegg vart evalueringa sendt til alle kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn. Til saman vart evalueringa sendt til nærare 600 høyringsinstansar. Høyringsfristen vart sett til 1. februar 2007.

Departementet mottok om lag 160 høyringsfråsegnar. Fråsegnene kom frå 41 kommunar, 16 fylkeskommunar, 5 fylkesmenn, 29 museum samt Noregs museumsforbund, 39 kunst- og kulturinstitusjonar og -organisasjonar, 7 universitet og høgskular, 4 organisasjonar som representerer kyrkja og 2 departement. Dei andre fråsegnene er frå enkeltpersonar, organisasjonar og foreiningar som på ulike vis er involverte i arbeidet med Den kulturelle skulesekken.

2.2.1 Samandrag av evalueringsrapporten

Hovudkonklusjonane og tilrådingane i evalueringsrapporten syner eit mangslunge, men spenningsfylt tilhøve mellom kultur- og opplæringssektoren. Ifølgje evalueringa pregar dette realiseringa av og arbeidet med Den kulturelle skulesekken. Evalueringa knyter denne spenninga til mandat og mål, økonomi, organisering og struktur samt til innhalds- og kvalitetsomgrepet. Evalueringa peikar på at spenningane er størst på sentralt hald og minkar dess lengre ned i systemet ein kjem.

Rapporten omtalar det delte ansvaret mellom de to sektorane som «akilleshælen» i ordninga. Spenninga varer ved av di Kultur- og kyrkjedepartementet har ansvaret for spelemidlane og utviklinga av innhaldet og tilboda i Den kulturelle skulesekken, medan Kunnskapsdepartementet har sektoransvar for arenaen der Den kulturelle skulesekken skal implementerast.

Evalueringa meiner det er naudsynt at ein frå sentralt hald gjev tydelege signal om kva Den kulturelle skulesekken skal vere, kva roller dei ulike aktørane skal spele og kva oppgåver dei skal ha. Konkret bør ein bestemme seg for om Den kulturelle skulesekken skal vere eit kulturpolitisk tiltak som vert tilbode skulen, eller om skulen skal ta del i utviklinga av ordninga, med ansvar og mynde som følgjer med. Evalueringa meiner det trengst verkemiddel som fremjar eit reelt samarbeid mellom dei to sektorane, og at opplæringssektoren sine perspektiv og ynske bør få ein større plass enn i dag. Rapporten hevdar at Den kulturelle skulesekken er for komplekst organisert, og at systemforståinga er låg i alle ledd av organiseringa.

Evalueringsrapporten gjev brei plass for ein diskusjon om monologisk kontra dialogisk kommunikasjon i kunst- og kulturformidling. Dei ulike kommunikasjonsmåtane knyter seg i stor grad til ulike oppfatningar av kva som er godt innhald i Den kulturelle skulesekken. Rapporten site-

rer St.meld. nr. 38 (2002–2003), som seier at kvalitet i ordninga dreier seg om kva som skjer i møtet mellom elevane og kunst- og kulturformidlarane. Evaluator hevdar at det er usemje om kva dette inneber i praksis.

Også dei økonomiske tilhøva i Den kulturelle skulesekken er vurderte i evalueringsrapporten. Det vert peika på at det ikkje finst eit standardisert system for rapportering, noko som gjer det vanskeleg å analysere pengestraumen. Det vert tilrådd å opprette eit enklare og meir tydeleg system for rapportering, utan at det må føre til meir byråkrati.

2.2.2 Samandrag av høyringsfråsegnene

Høyringsinstansane har i stor grad vurdert eigne og lokale røymsler med Den kulturelle skulesekken. Tilbakemeldingane kan knytast til kategoriane organisering og struktur, samarbeid, innhald, økonomi og kompetanseutvikling.

Organisering og struktur

Det er brei semje om at dagens organisering av Den kulturelle skulesekken legg godt til rette for eit fruktbart samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren. Det vert uttrykt velnøye med at dagens struktur legg til rette for lokal forankring, eigarskapskjensle og påverknad, samstundes som han sikrar eit variert tilbod kjenneteikna av høg kvalitet. Eit stort fleirtal av høyringsfråsegnene er klare på at det ikkje er ynskjeleg med større endringar i dagens organisering.

I samsvar med tilrådingane i evalueringsrapporten vert det likevel uttrykt at det bør setjast inn tiltak for å styrkje systemforståinga hjå aktørane. Det er viktig å sikre at alle er innforståtte med målsetjingane med ordninga og rollefordelinga mellom dei involverte aktørane. Det er naudsynt å tydeleggjere målsetjingane som er nedfelte i styringsdokumenta, først og fremst St.meld. nr. 38 (2002–2003) og St.meld. nr. 39 (2002–2003).

Rikskonsertane skriv i si høyringsfråsegn:

«Det må gis tydeligere signaler fra sentralt hold, slik at det etableres en fellesforståelse av hva Den kulturelle skulesekken skal være. Følgende nivå, hva DKS kunne være for barnet i skolen, må i tillegg drøftes kontinuerlig, og de svarene man får må legges til grunn for de fremtidige overgripende føringer som gis fra sentralt hold. Slik garanterer man at ordningen ikke sementeres, men utvikles i takt med tiden,

og i takt med at den generelle kompetansen både innanfor skole- og kunstsektoren øker.»

Samarbeid

Dei fleste høyringsinstansane, med nokre få unntak, er samde i at ordninga må vere tufta på eit samarbeid mellom alle nivå i forvaltinga, og mellom kultursektoren og opplæringssektoren. Dette vert understreka som ein føresetnad for at satinga skal lukkast.

Mange fylkeskommunar og kommunar har formalisert samarbeidet, og det vert hevda at arbeidet fungerer godt i dei fleste tilfella. Det er likevel naudsynt med tydelege mandat og ei klar arbeidsdeling. Dette kan medverke til at det vert skapt ei felles forståing av kva Den kulturelle skulesekken er. Dette vil tryggje kontinuitet, høg kvalitet og eit forsvarleg mangfald. Dei fleste aktørane er samde i at Den kulturelle skulesekken ikkje skal vere eit ordinært kultur- eller skuleprosjekt. Ordninga er nyskapande og eineståande av di perspektiv, røynsler og kompetanse frå begge partane vert bygde inn.

Sogn og Fjordane fylkeskommune skriv i si høyringsfråsegn:

«Gjennom etableringa av Den kulturelle skulesekken har vi fått ei av dei beste kultursatsingane på born og unge gjennom tidene. Samarbeidet mellom skulesektor og kultursektor må føregå i gjensidig respekt og med utgangspunkt i ei tydeleg rolledeling. Partane har felles interesser for å skape gode modellar og utvikle DKS-innhaldet saman. Begge partar er like viktige, på sine ulike måtar. Det er i skulekvardagen kunst- og kultursatsinga skal bløme.»

Innhald

Det er også stor semje om mange aspekt som knyter seg til innhald og kvalitet i ordninga, sjølv om mange særinteresser vert trekte fram. Dei aller fleste høyringsinstansane peikar på at eit reelt samarbeid mellom ulike aktørar er heilt elementært for å tryggje eit godt innhald i Den kulturelle skulesekken. Konfliktperspektivet må ikkje verte lagt til grunn for samhandling, og det er viktig at både dei kunst- og kulturfaglege og dei pedagogiske ambisjonane vert oppretthaldne. Berre slik vil innhaldet vere av verdi for born og unge.

Høyringsinstansane vurderer det som verdfullt at aktørar med ulike røynsler, kompetanse og

interesser arbeider i lag. Det er likevel ei utfordring å sjå til at ordninga vert forankra hjå dei ulike aktørane slik at alle kan kjenne ein eigarskap og dermed verte ytterlegare motiverte for deltaking. Forankring må skjje på alle nivå og i baa sektorane.

Fleire peikar på at Den kulturelle skulesekken skal vere tufta på profesjonalitet og vere eit supplement til anna kunst- og kulturformidling i skulen. Likevel bør kvalitetsomgrepet vere tema for ein kontinuerleg diskusjon. Dette er i samsvar med evalueringsrapporten, som hevdar at kvalitetskriteria for kunst- og kulturformidling i Den kulturelle skulesekken ikkje kan vere korkje standardiserte eller objektive.

Nordnorsk kunstnersenter skriv i si høyringsfråsegn:

«Vi opplever et EKTE engasjement i møtet mellom barna og kunstneren og det de skaper sammen. Målet er ikke først og fremst å bli flinke til noe, men å vokse som menneske og medmenneske.»

Økonomi

Høyringsfråsegnene indikerer at dei fleste er nøgde med fordelingsmodellen for spelemidlane. Fleire høyringsinstansar har trekt fram at det er naudsynt med eit enklare rapporteringssystem og ei standardisert løysning knytt til honorar- og diettsatsar, kontraktmalar og transport. Ein del meiner at spelemidlar bør kunne brukast til administrasjon og kompetanseutvikling. Enkelte meiner at tildelinga av spelemidlar gjer det vanskeleg å leggje langsiktige planar utover eitt år.

Tromsø kommune skriv mellom anna i si høyringsfråsegn:

«Statlig styring av DKS-midler må fortsatt være lav for å opprettholde den lokale forankringen.»

Kompetanseutvikling

Eit breitt fleirtal av høyringsfråsegnene peikar på trongen for auka kompetanse hjå aktørane som er involverte i Den kulturelle skulesekken. Fleire hevdar at skulane treng kulturell kompetanse og kunstnarane treng auka pedagogisk kompetanse om formidling i ein skulesamanheng. Mange ynskjer at spelemidlar bør nyttast til tiltak for kompetanseutvikling, då mangel på kunnskap kan truge kvaliteten på tilboda i Den kulturelle skulesekken. Fleire hevdar at det er naudsynt med auka kunnskap om ulike samarbeidsmåtar mel-

lom kunst- og skulesektorane og dei ulike fylkesmodellane. Det vert peika på at kompetansen ligg spreidd, og at ingen institusjon eller sektor sit med nøkkelen til eit vellukka prosjekt. Trongen for organisert samhandling og kontinuerleg dialog vert framheva.

Høgskulen i Volda skriv dette i si høyringsfråsegn:

«Når målet er at alle skuleelevar skal ta imot og ta del i kunst og kultur, ut frå sine føresetnader, er det viktig å leggje til rette for kompetanseheving, rettleiing og samhandling knytt til arbeidet med kunstproduksjonar og val av formidlingsstrategiar. Utveksling av kunnskap og erfaringar og høve til dialog og samhandling mellom sentrale partar i DKS, er i seg sjølv kompetansehevande og viktig for å fremje kvalitet knytt til ordninga. Dette arbeidet må heilt klart styrkast i åra framover.»

2.3 Undersøking av ordning med direkte tildeling av midlar til kommunane

I 2004 vart enkeltkommunar og samarbeidande kommunar med meir enn 30 000 innbyggjarar inviterte til å delta i ei ordning med direkte tildeling av spelemidlane. Dette inneber at kommunane ville få sin relative del av fylket sine midlar og sjølv ha ansvaret for å gje sine grunnskular tilbod i Den kulturelle skulesekken.

Bergen, Bodø, Karmøy og Lørenskog ynskte og fekk ei slik ordning for skuleåra 2005–2006, 2006–2007 og 2007–2008. I søknadene måtte kommunane gjennom planar gje ei framstilling av korleis dei ulike uttrykka er tenkt ivaretekne. Kommunane måtte vise til politisk forankring, eigen ressursbruk, deltaking i nettverk og etablert samarbeid mellom skule- og kultursektor. Ein føresetnad var at kommunane, til liks med fylkeskommunane, var i stand til å formidle kunst og profesjonell kunst og kultur av høg kvalitet til sine skuleelevar.

I april 2007 vart det sendt ut eit spørjeskjema til dei fire kommunane samt til dei fylkeskommunane som kommunane høyrer til. Spørjeskjemaet inneheldt spørsmål om mål, innhald, omfang, organisering, økonomi og samarbeid med andre kommunar og med fylkeskommunen. Undersøkinga viste at det er fire ganske ulike kommunar både når det gjeld storleik og måten dei har organisert Den kulturelle skulesekken på.

Bergen er den største av dei fire kommunane. Denne kommunen har laga ein tilbodskatalog til skulane som dei formidlar gjennom ein eigen nettstad. Skulane må sjølv melde seg på tilboda, og det er ikkje sett noko minstekrav frå kommunen si side om kor mange og kva tilbod kvar elev deltek på. Kommunen har rapportert om at i skuleåret 2006–2007 hadde alle skulane meldt seg på eitt eller fleire tilbod. Enkeltskular vert følgt opp, men det er ingen oppfølging av om alle elevane på skulen får eit tilbod.

Dei andre tre kommunane har ei ordning der tilboda er obligatoriske for alle elevane i kommunen. I Bodø får alle elevane på same trinn same tilbod, medan Karmøy og Lørenskog har bestillings-tilbod i tillegg til den obligatoriske ordninga.

Alle kommunane er nøgde med den ordninga dei har valt, og ser ingen eller få veikskapar ved denne. Ein skal likevel vere merksam på nokre tilhøve med direkte tildeling av spelemidlane.

Bergen har god tilgang på ressursar frå kunst- og kulturinstitusjonane i byen, og har gode system for å sikre kvaliteten i tilboda. Det vert lagt stor vekt på samtidskunst og kulturelt mangfald. På den andre sida nyttar institusjonane i Bergen mange av sine eigne ressursar på elevar i byen, sjølv om mange av institusjonane har eit regionalt ansvar. Denne problemstillinga vert understreka av fylkeskommunen.

Gjennom samtaler og tilbakemeldingar frå aktørar har departementet fått inntrykk av at den daglege styringa av Den kulturelle skulesekken i mindre kommunar lett kan verte avhengig av at eldsjeler tek ansvar for ordninga. Eldsjeler og entusiastar er ein styrke for kommunane, men dette kan òg gjere Den kulturelle skulesekken som ordning sårbar. Det kan dessutan vere vanskeleg å kvalitetssikre innhaldet i ordninga i desse kommunane. Eit alternativ kan vere interkommunalt samarbeid om Den kulturelle skulesekken.

2.4 Evalueringar av Den kulturelle skulesekken i fylka

I fleire fylke er det gjennomført forskingsbaserte evalueringar av arbeidet med Den kulturelle skulesekken.

Telemarksforskning gjennomførte i 2002 ei evaluering av utvidinga og oppbygginga av Den kulturelle skulesekken i Buskerud fylke (Åsne Widskjold Haugsevje, 2002). Evalueringa viser at etableringa av Den kulturelle skulesekken gav

elevane fleire og betre kunst- og kulturopplevingar, og at dei profesjonelle produksjonane har medverka til å styrkje skulen sitt arbeid med eigenaktivitet på kunst- og kulturfeltet. I evalueringa vert det understreka at fylkeskommunen ynskjer å integrere kunst- og kulturopplevingane i undervisninga. Pedagogisk materiell og føre- og etterarbeid vert trekte fram som viktige faktorar for at ein skal kunne oppnå dette. Evalueringa syner til gode røynsler med kulturkontaktar, og peiker på at det er viktig å sette av tid og ressursar til dette arbeidet.

Telemarksforsking gjennomførte i 2002–2003 også ei evaluering av Turnéorganisasjonen i Hedmark (Sigrid Røyseng og Ellen Aslaksen, 2003). I denne evalueringa vert det konkludert med at det i arbeidet med Den kulturelle skulesekken er viktig å styrkje kontakten mellom skulen og turnéorganisasjonen. Rapporten tilrår at det vert etablert fleire arenaer og kommunikasjonskanalar for dialog mellom skulen og turnéorganisasjonen. Det bør i særleg grad fokuserast på i kva grad korleis Den kulturelle skulesekken kan verte ein integrert del av skulekvardagen. Dette vil krevje at skulane set av ressursar til arbeidet, til dømes gjennom kulturkontaktar, og at turnéorganisasjonen tek fleire initiativ overfor skulen og brukar meir tid på dialog. Vidare vert det peika på at det er trong for å avklare roller og forventingar mellom aktørar på kulturfeltet.

Stiftinga Østfoldforsking gjennomførte i 2003 ei evaluering av Turnéorganisasjonen i Østfold som har ansvar for Den kulturelle skulesekken i Østfold fylke (Anne Rønning, 2003). I denne evalueringa vert det konkludert med at dei overordna måla med satsinga er nådd, men at det kan arbeidast målretta med nokre felt. Informasjonen til skulen bør bli betre, og ein bør arbeide med å forankre ordninga i opplæringssektoren. Det er viktig at roller, ansvar og ressursar er avklarte.

Hausten 2006 gjennomførte avdeling for estetiske fag ved Høgskolen i Oslo ei brukarundersøking om Den kulturelle skulesekken i Akershus (Line Prøis Kristiansen, 2007). Konklusjonane i denne evalueringa er at kultur.akershus, som organiserer den regionale skulesekksatsinga i Akershus, i stor grad oppfyller målsetjingane med Den kulturelle skulesekken. Satsinga vert likevel påverka av om det er sett av ressursar til koordinatorar i kommunane og kulturkontaktar i skulen. Vidare syner evalueringa at elevane sine opplevingar av den profesjonelle kunst- og kulturformidlinga er avhengige av skulen og læraren sine haldningar og interesser. Det vert peika på at ein bør

gjere skulen og læraren medvitne om kva roller dei kan spele i Den kulturelle skulesekken.

2.5 Departementets vurdering av evalueringane og høyringsfråsegnene

Evalueringa utarbeidd av NIFU STEP har først og fremst hatt som mål å gje departementet eit grunnlag for å vidareutvikle ordninga. Høyringsfråsegnene er langt frå samstemde om kor treffande ein del av skildringane i rapporten er. Røynslene til dei involverte aktørane synest å vere avhengige av kvar i systemet og kvar i landet dei er plasserte. Dette understrekar at Den kulturelle skulesekken er ei mangslungen og kompleks ordning, og er ei utfordring når departementet skal trekkje konklusjonar.

Fleire høyringssvar legg vekt på at Den kulturelle skulesekken er viktig. Rikskonsertane skriv til dømes:

«Den kulturelle skulesekken er en helt unik satsning på verdensbasis, og noe som vi alle kan være stolte over, ikke minst politikerne på Stortinget!»

Nokre av musea uttaler at Den kulturelle skulesekken har stimulert institusjonen i høg grad til å tenkje nytt (Norsk Teknisk Museum, Eidsvoll 1814 og Aust-Agder kulturhistoriske senter) og til auka samarbeid om formidling (musea i Vestfold). Mange kommunar er svært nøgde med det tilbodet dei får frå fylkeskommunen.

Den kulturelle skulesekken er eit ambisiøst kultur- og skulepolitisk prosjekt. Realiseringa av ordninga krev at ei rekkje ulike aktørar innanfor kultur- og opplæringssektoren samarbeider på nasjonalt, regionalt og lokalt plan. Det er ein kontinuerleg prosess å finne fram til gode samarbeidsrelasjonar og møteplassar mellom dei ulike faggransene og mellom dei ulike forvaltingsnivåa.

Eit sentralt prinsipp i ordninga er lokal og regional fridom til å utvikle eigne skulesekkar slik tilhøva best ligg til rette for det i den einskilde regionen. Ordninga skulle ikkje bere preg av sterk statleg styring. Slik evalueringa og høyringsfråsegnene også syner, har dette prinsippet resultert i at ein i dag ikkje har *ein* kulturell skulesekk, men mange. På den eine sida er dette positivt fordi ordninga gjev handlingsrom og er open for lokal kreativitet og engasjement. På den andre sida vert det meir krevjande å etablere dei verktya som er naudsynte på nasjonalt nivå for å halde tilstrekke-

Boks 2.1 Seljord kommune

«Skulesektoren i Seljord er gjennomgåande svært godt nøgd med det tilbodet som blir gitt gjennom Den kulturelle skulesekken. Dette gjeld både innhaldet i tilbodet til elevane og den organisatoriske gjennomføringa. Det er ei stor heving av det tilbodet elevane får, med både teater, litteraturopplevingar og utstillingar, i høve til at vi tidlegare berre hadde konsertar.»

leg oversyn med korleis satsinga fungerer i alle delar av landet.

Alt i alt meiner departementet at evalueringsrapporten frå NIFU STEP legg større vekt på spenningar og motsetningar enn å få fram faktakunnskap om korleis ordninga fungerer i praksis. Departementet vurderer det empiriske datamaterialet i rapporten som svakt, og er difor skeptisk til å la konklusjonane leggje heile grunnlaget for korleis ordninga skal vidareutviklast. Konklusjonane i rapporten er i nokre tilfelle ulike dei tilbakemeldingane departementet mottok frå høyringsinstansane.

Høyringsfråsegnene og dei regionale evalueringane gjev departementet eit meir positivt inntrykk av korleis Den kulturelle skulesekken fungerer. Gjennom Den kulturelle skulesekken er kunst- og kulturformidling til born i skulen blitt meir systematisk og planlagd. Tilboda er blitt fleire og betre, og det er gjennomgåande merksemd om kvalitet og formidlingsmetodar. Skulane har fått ein ressurs som kan vere med på å gje kulturelle opplevingar og byggje opp den kulturelle kompetansen til kvar einskild elev. Ordninga har også eit demokratisk og sosialt utjamnande perspektiv som høver godt med både kultur- og opplæringspolitiske målsetjingar.

Den kulturelle skulesekken har vore i ein opptrappings- og utviklingsfase i perioden fram til 2006. Departementet meiner at ein etter denne fasen kan slå fast at satsinga på Den kulturelle

Boks 2.2 Fredrikstad kommune:

«Den kulturelle skulesekken har betydd en markant forbedring av kulturtilbudet for elevene, både når det gjelder kvantitet og ikke minst kvalitet. Ordningen bør videreføres og videreutvikles.»

Boks 2.3 Saltdal kommune

«Saltdal vil uttrykke meget stor tilfredshet over den måten DKS Nordland drives. Fra skolene meldes det om gode erfaringer, ekstra inspirasjon og at leder av fylkesleddet gjør en meget god jobb. Erfaringene er altså så langt bare gode.»

skulesekken dei fleste stadane har vore vellukka, og at arbeidet med Den kulturelle skulesekken vert opplevd som meningsfullt og lærerikt for dei involverte aktørane. Den kulturelle skulesekken er i dag viktig både for elevane, skulen og for kulturlivet. Ordninga har mange stader ført til ei oppbløming av profesjonell kunst- og kulturformidling, og ei vitalisering av kultur som regional utviklingsfaktor. Dette vurderer departementet som svært positivt.

På bakgrunn av høyringsfråsegnene meiner departementet at evalueringa frå NIFU STEP ikkje gjev grunnlag for store og omfattande endringar i måten Den kulturelle skulesekken er organisert på. Ei større endring i organiseringa på noverande tidspunkt vil truleg gjere meir skade enn gagn.

Departementet ser at samarbeidet mellom dei to sektorane kan vere utfordrande, men at det er i dette spenningsfeltet Den kulturelle skulesekken har sin styrke. Gjennom ei klar rolledeling, god dialog og samarbeid skal ordninga opplevast som ein ressurs for dei ulike aktørane. Slik vil Den kulturelle skulesekken både vere ekstraordinær og sjølvsgatt i samspel med annan aktivitet i skulen. Kultursektoren skal leggje til rette for eit godt og profesjonelt innhald i Den kulturelle skulesekken. Opplæringssektoren skal leggje til rette for kunstopplevingar i skulen, setje av tid til føre- og etterarbeid og tilpasse tema og fag. Det skal vere høve til å gje systematisk tilbakemelding frå skulen og elevane etter kvart tilbod eller prosjekt.

Boks 2.4 Lyngen kommune

«Alle skolene i kommunen uttrykker at tilbudene er med på å styrke det kulturelle tilbudet til elevene, da dette ofte er en mangelvare i utkantstrøk. Tilbudene er med på å gi inspirasjon til elevene og de får mulighet til å møte varierte kunst- og kulturuttrykk.»

Det er klart at det vil vere naudsynt å rette merksemda mot mange av dei problemstillingane som både evalueringa og høyringsfråsegnene tek opp. Departementet ser at måla, prinsippa og rolledelinga i ordninga må tydeleggjerast. Det er viktig å få på plass eit meir heilskapleg system for

rapportering. I den vidare utviklinga av ordninga må ein òg få til meir systematisk kompetanseutvikling og kontinuerleg forskning. Ei viktig oppgåve vil vere å syte for å involvere opplæringssektoren sterkare i å planleggje, utvikle og gjennomføre ordninga på lokalt og regionalt nivå.

3 Mål og prinsipp i Den kulturelle skulesekken

3.1 Presisering av mål og prinsipp

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing der kultur- og opplæringssektoren samarbeider om å medverke til at elevar i skulen får oppleve, kan gjere seg kjende med og utvikle forståing for profesjonelle kunst- og kulturuttrykk av alle slag.

I dag nyttar vi omgrepet Den kulturelle skulesekken om den profesjonelle kunst- og kulturformidlinga i skulen som følgjer målsetjingane i Den kulturelle skulesekken, jamvel om ikkje alt vert finansiert av spelemidlane. Eit døme er skulekonsertane til Rikskonsertane, som har eksistert sidan slutten av 1960-talet. Mesteparten av midlane til skulekonsertane kjem gjennom ordinære løyvingar.

Måla for Den kulturelle skulesekken skal vere:

- å medverke til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod
- å leggje til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjere seg kjende med og utvikle forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag
- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål.

Når det gjeld målformuleringane i St.meld. nr. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skulesekken*, er det gjort nokre få endringar. Ei målsetjing la vekt på at elevane skulle «få eit *positivt* forhold til kunst- og kulturuttrykk». Det er ikkje alltid at møte med kunst og kultur gjer at ein vert positivt innstilt. Kunsten skal òg forarge og provosere, og den nye formuleringa vil ivareta dette aspektet på ein betre måte. Etter at det er opna for å utvide ordninga til òg å femne om elevar i vidaregåande skule, er 'grunnskulen' bytt ut med 'skulen'.

Den kulturelle skulesekken skal utformast og uavlateleg vurderast ut frå eit sett med prinsipp for ordninga:

Varig ordning: Den kulturelle skulesekken skal vere ei varig ordning for elevar i skulen.

For alle elevar: Den kulturelle skulesekken skal femne om alle elevar i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, uavhengig av kva skule

dei går på og kva økonomisk, sosial, etnisk og religiøs bakgrunn dei har.

Realisere mål i læreplanverket: Innhaldet i kunst- og kulturtilboda i Den kulturelle skulesekken skal medverke til å realisere skulen sine mål slik dei kjem til uttrykk i den generelle delen i læreplanverket og i dei ulike læreplanane.

Høg kvalitet: Elevane skal møte profesjonelle kunst- og kulturtilbod med høg kunstnarleg kvalitet.

Kulturelt mangfald: Den kulturelle skulesekken skal omfatte ulike kunst- og kulturuttrykk med røter i eit mangfald av kulturar og frå ulike tidsperiodar.

Breidde: Både musikk, scenekunst, visuell kunst, film, litteratur og kulturarv skal vere representerte i Den kulturelle skulesekken. Det skal vere variasjon i formidlingsmåtane.

Regularitet: Elevane skal sikrast eit regelmessig tilbod på alle klassetrinn.


Samarbeid kultur-skule: Arbeidet med Den kulturelle skulesekken skal skje i eit godt samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren på alle nivå. Det skal sikrast god forankring og tid til planlegging i skulen.

Rollefordeling kultur-skule: Opplæringssektoren har ansvaret for å leggje føre- og etterarbeid pedagogisk til rette for elevane, medan kultursektoren har ansvaret for kulturinnhaldet i Den kulturelle skulesekken og for å informere om innhaldet i god tid.

Lokal forankring og eigarskap: Den kulturelle skulesekken må forankrast lokalt, i den enkelte skulen, kommunen og fylket. Dette sikrar lokal entusiasme og gjev rom for mange lokale variantar, slik at alle skal kunne kjenne eigarskap til Den kulturelle skulesekken.

3.2 Samarbeidet og arbeidsdelinga mellom kultur- og opplæringssektoren

Evalueringa av Den kulturelle skulesekken spør om det er mogeleg å sameine opplæringssektoren og kultursektoren i ei felles forståing av kva som



Figur 3.1 «Frie Fraspark»

«Frie fraspark» er eit flott og kreativt skuleprosjekt. Elevane har danseøktar saman med profesjonelle dansarar i Panta Rei danseteater og førebur ein presentasjon for dei andre elevane ved skulen.

Foto: Jeanette Landfald

er målsetjingane med Den kulturelle skulesekken. Evaluator hevdar at dei gjeldande måla og prinsippa for ordninga opnar for eit mangfald av tolkingar, og at dette har medverka til låg systemforståing om Den kulturelle skulesekken. I evalueringa vert det konkludert med at ein bør ta stilling til om Den kulturelle skulesekken skal vere eit kulturpolitisk tiltak som vert tilbode skulen, eller om skulen skal vere delaktig, med ansvar og mynde som følgjer med.

Departementet meiner det er fullt mogeleg å skape ei felles forståing av målsetjingane med Den kulturelle skulesekken på tvers av opplæringssektoren og kultursektoren. Det er også mogeleg å etablere ei praktisk arbeidsdeling.

Den kulturelle skulesekken er ei stor kultur- og skulepolitisk satsing. Ordninga er tufta på eit

nært samarbeid mellom to samfunnssektorar med til dels ulike mål, tradisjonar og språk. Opplæringssektoren har definerte styringslinjer og politisk vedtekne læreplanar som gjeld for alle, medan ein i kunst- og kultursektoren ofte har meir uformelle strukturar og står friare til å velje mål for verksemda.

Departementet meiner at dei to sektorane både kan utfylle kvarandre og inspirere kvarandre. Både kulturpolitiske og skulepolitiske mål skal liggje til grunn for ordninga. Måla og prinsippa for Den kulturelle skulesekken skal ta omsyn til og tilpasse seg læreplanverket for Kunningsløftet.

Likevel er det trong for å tydeleggjere kva Den kulturelle skulesekken står for i høve til annan aktivitet innanfor kunst- og kulturområdet i skulen.

Gjennom Den kulturelle skulesekken skal elevar i grunnskulen, og etter kvart den vidaregåande skulen, få møte profesjonell kunst og kultur i alle sjangrar. Den kulturelle skulesekken er oppretta for å sikre at desse møta finn stad, og at dei er tufta på kvalitet og profesjonalitet. Det er kultursektoren som har ansvaret for å produsere tilbod i Den kulturelle skulesekken.

Den kulturelle skulesekken skal vere ein del av skulens arbeid med kunst og kultur, men skal ikkje femne om alt av kulturaktivitetar i skulekvardagen. Den kulturelle skulesekken skal ikkje vere ei erstatning for estetiske fag eller andre fag i skulen, men kome i tillegg. Kunstnarane og kulturarbeidarane skal ikkje gå inn i skulen og erstatte lærarane, men vere kunstnarar og kulturarbeidarar fullt og heilt. Ved at kunstnarar og kulturarbeidarar kjem inn i skulen eller at skulen vitjar kulturinstitusjonar, vert kulturkompetansen i skulen styrka. Det vert også opna for å nytte kunstnarlege og kulturelle uttrykk på ein ny måte i skulen. Eit godt samarbeid mellom kultursektoren og opplæringssektoren er ein føresetnad dersom dette skal medverke til å auke kulturkompetansen i skulen.

Sjølv om den kulturelle skulesekken skal ta omsyn til skulen sine planar, skal Den kulturelle skulesekken vere noko særskilt eller ekstraordinært. Den kulturelle skulesekken skal syte for dei ekstraordinære kunst- og kulturopplevingane i skulekvardagen. Samstundes er det viktig at born og unge kjenner at Den kulturelle skulesekken er ein naturleg del av skulen, og at elevane er fortrulege med at innhaldet også heng saman med den generelle læreplanen og faga dei har undervisning i. Det kviler eit ansvar på skulen og lærarane,

Boks 3.1 «Transparent realisme»

«Transparent realisme» er eit kunstprosjekt frå Nordnorsk kunstnarsenter. Elevar i femte klasse får ei omvising av glaskunstnaren Kari Malmberg. Omvisinga omfattar samtale om glas og kva det er lagd av, vurdering av dei utstilte kunstverka av glas, og til slutt teikning og gravering på glas med rettleiing frå kunstnaren. Skulen har vore budd på dette møtet, og alt er avtala på førehand. Kunstnaren synest det er inspirerande å møte elevane. Læraren som følgjer elevane meiner det er viktig for elevane å møte kunstnarar og sjå korleis dei arbeider. Elevane får kunnskap, røynsler og ei god oppleving.

slik at Den kulturelle skulesekken inngår i og vert tilpassa planane til skulen.

Ofte er kunst- og kulturuttrykka mangetydige, og det er ikkje alltid mogeleg å vite på førehand kva for reaksjonar, opplevingar eller læring dei gjev. Møte med profesjonell kunst og kultur skal medverke til den kontinuerlege utviklingsprosessen hjå born og unge. I vidareutviklinga av ordninga må det dannast ei felles forståing i baa sektorane om at kunst- og kulturopplevingar kan vere eit viktig supplement til den ordinære undervisninga, i heile grunnopplæringa og i vidaregåande opplæring.

I dette arbeidet må kultursektoren vere lydhør for eigenarten i skulen. Kultursektoren må ta ansvar for at innhaldet i kulturtilboda er kjent for skulen. I utdanningssektoren er det viktig at satsinga vert prioritert, slik at det vert planlagt i god tid før gjennomføring. Det er viktig at skulen legg til rette for og planlegg eventuelt pedagogisk arbeid i føre- og etterkant. Samarbeidet med skuleleiinga og læraren er svært viktig for at Den kulturelle skulesekken skal fungere i samsvar med målsetjingane. Det er avgjerande at skulen er positiv til å implementere Den kulturelle skulesekken på ein aktiv og inkluderande måte.

3.3 Lokalt og regionalt handlingsrom

Heilt sidan Den kulturelle skulesekken vart etablert, har det vore eit sentralt prinsipp at dei enkelte fylka og kommunane skulle få høve til å utarbeide sine egne kulturelle skulesekkar i samsvar med lokale og regionale tilhøve, og utan for



Figur 3.2 Skulpturprosjekt ved Slidre skule

Elevar ved Slidre skule har laga ein stor skulptur i samarbeid med kunstnaren Rolf Starup. Skulpturen står no i skulegarden.

Foto: Marit Brænd/Oppland fylkeskommune

sterk statleg styring. I røynda kan det difor verke ugreitt å snakke om ein kulturell skulesekk. I landet finst det 19 fylkessekkar, 431 mindre kommunesekkar, ein Svalbardsekk, og dessutan mange tusen skulesekkar i dei enkelte skulane. Alle har ulike rutinar og praksis, og ulike røynsler og oppfatningar om Den kulturelle skulesekken. Departementet meiner at lokalt spelerom og engasjement er eit svært viktig prinsipp i Den kulturelle skulesekken.

Det skal vere mogeleg for alle aktørane å påverke Den kulturelle skulesekken, og slik kjenne at ein er med på å forme han. Samhandling på tvers av kultur- og opplæringssektoren sikrar kvalitet i innhald og formidling, overføring av kunnskap og kompetanseutvikling. Forvaltingsordninga føreset at både det kommunale og det regionale nivået, saman og kvar for seg, kan og vil tenkje heilskapleg i å bruke ressursane som finst i kulturinstitusjonane i regionen. Det er viktig å leggje til rette for og stimulere det frie feltet til å utvikle tilbod som kan inngå i Den kulturelle sku-

lesekken. Dette er naudsynt for å kunne gje kvar einskild elev i grunnskulen eit kvalitativt godt kunst- og kulturtilbod.

3.4 Tilgjenge til Den kulturelle skulesekken

Alle elevar skal få opplæring tilpassa sine evner og dugleik. I evalueringsoppdraget vart NIFU STEP bede om å sjå nærare på korleis det vert lagt til rette for elevar med nedsett funksjonsevne og/ eller funksjonshemming i Den kulturelle skulesekken.

Ut over den praktiske tilrettelegginga, syner evalueringa at det vert reflektert lite rundt elevar med funksjonsnedsetting eller funksjonshemming. Somme fylkeskommunar meiner at tilrettelegginga må skje på lokalt plan, altså at den enkelte kommunen og skulen har ansvaret. Andre fylkeskommunar hevdar at utdanningsavdelinga hjå Fylkesmannen lyt ta ansvar.

Kulturpolitikken skal leggje til rette for at alle kan oppleve eit mangfald av ulike kulturtilbod og kunstnarlege uttrykk. Det er eit overordna mål å sikre at personar med nedsett funksjonsevne skal ha same tilgjenge og høve til deltaking i kulturlivet som folk elles, både som publikum og som

aktive deltakarar. For å nå denne målsetjinga er det viktig at alle nivå – både fylkeskommunar, kommunar og kvar einskild skule – er medvitne om at menneske har ulike føresetnader og ulike behov. Dette må kome fram i både planlegging, utforming, avgjerd og gjennomføring av Den kulturelle skulesekken.

Departementet vil også vise til opplæringslova § 1–2, der det står at opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lærekandidaten. Tilpassa opplæring skal prege alt som skjer i skulen. I opplæringslova § 9a-1 vert det også slått fast at alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Ansvaret for å oppfylle dette ligg hjå den enkelte skulen og kommunen eller fylkeskommunen som skuleeigar. Kommunen skal oppfylle retten til grunnskuleopplæring og spesialpedagogisk hjelp. Generelt vil det likevel vere naudsynt at alle som er med å forme Den kulturelle skulesekken, vurderer korleis ordninga kan tilpassast elevgruppa. Elevar med nedsett funksjonsevne er ikkje ei einskapleg gruppe. Kunst og kultur kan gje innsikt i andre og nye uttrykksformer, og såleis gje nye rom for meistring.

4 Innhald og kvalitet i Den kulturelle skulesekken – status og vidare utvikling

4.1 Innleiing

Den kulturelle skulesekken skal medverke til at elevane i skulen får oppleve, kan gjere seg kjende med og utvikle forståing for profesjonelle kunst- og kulturuttrykk av alle slag – musikk, scenekunst, visuell kunst, litteratur, film, kulturarv og sjangeroverskridande uttrykk. Innan alle uttrykka skal elevane få møte fortida og samtida, innan eit kulturelt mangfald, men òg forankra i det lokale.

Tilboda frå Den kulturelle skulesekken skal både vere nyskapande og tradisjonelle, gjenkjennelge og overraskande, tanketunge og underholdande, komplekse og utfordrande. Kunsten og kulturen kan slik appellere til elevane sine kjensler, gje dei opplevingar, men også noko å tenkje over og drøfte med andre.

Kulturmøta i Den kulturelle skulesekken skal vere tufta på kvalitet og profesjonalitet, både kunstnarleg og formidlingsmessig. Kunstnarar og kulturarbeidarar frå det frie feltet og institusjonane skal gje tilbod om gode og profesjonelle kunst- og kulturproduksjonar i Den kulturelle skulesekken. Tilboda skal vere varierte, og det skal nyttast ulike formidlingsmetodar. Det skal

finnast god informasjon og materiell for føre- og etterarbeid om dei ulike tilboda.

Det er kultursektoren som skal leggje til rette for eit godt og profesjonelt innhald i Den kulturelle skulesekken. Produksjonar må kvalitetssikrast innanfor profesjonelle rammer. Fylkeskommunane og kommunane har eit særleg ansvar for å sikre at produksjonane dei formidlar, har høg kvalitet.

Planlegging må gjennomførast i god tid og i dialog med opplæringssektoren. Ved at opplæringssektoren er med i tilrettelegginga når det gjeld føre- og etterarbeid, kan møta gjerast relevante for skulen si ordinære verksemd og implementerast på ein god måte som del av skulen sin årsplan. At skulen nyttar tid til føre- og etterarbeid, er skulen sitt eige ansvar. Det er opp til skulen og læraren i kva grad dette skjer. Det er avgjerande at skulen har eit medvite og gjennomtenkt forhold til kva kunst- og kulturopplevingar kan bety for elevane i skulen sin kvardag.

Innhaldet i kunst- og kulturtilboda i Den kulturelle skulesekken medverkar til å realisere skulen sine mål slik dei kjem til uttrykk i den generelle delen i læreplanverket og i dei ulike læreplanane.

Tabell 4.1 Innhald i fylkeskommunane sine tilbod i skuleåret 2006–2007 fordelt på uttrykk, produksjonar og enkeltarrangement (førebelse tal)

Uttrykk	Produksjonar	Enkeltarrangement
Film	131	1433
Litteratur	155	3229
Kulturarv	132	4017
Visuell kunst	173	7847
Scenekunst	168	3583
Musikk	278	7079
Kunststartar i samspel	41	760
Ikkje fordelt på uttrykk	32	406
Sum	1110	28 354

Kjelde: Sekretariatet for Den kulturelle skulesekken

Tabell 4.2 Deltakarar i fylkeskommunane sitt tilbod i skuleåret 2006–2007 fordelt på uttrykk (førebelse tal)

Uttrykk	Talet elevar
Film	74 560
Litteratur	312 450
Kulturarv	310 659
Visuell kunst	251 543
Scenekunst	344 624
Musikk	1 026 168
Kunstartar i samspel	51 547
Ikkje fordelt på uttrykk	212 838
Sum	2 584 389

Kjelde: Sekretariatet for Den kulturelle skulesekken

4.2 Omfanget av fylka sine tilbod i Den kulturelle skulesekken

I 2007 har sekretariatet for Den kulturelle skulesekken og fylkeskommunane utarbeidd eit nytt rapporteringsskjema for Den kulturelle skulesekken. Resultata frå rapporteringa for skuleåret 2006/2007 gjev eit oversyn over innhaldet og omfanget i fylkeskommunane sine tilbod i Den kulturelle skulesekken, medan ein førebels ikkje har tilstrekkelege tal for å gje eit fullstendig bilete av kva kommunane tilbyr elevane. Det vil bli arbeidd med å betre rapporteringsskjemaet og rapporteringsrutinane i tida framover. Sjå nærare omtale i punkt 6.5.

Førebelse tal frå rapporteringa viser at fylkeskommunane i skuleåret 2006–2007 formidla 1110 ulike produksjonar fordelte på kunst- og kulturuttrykka film, litteratur, kulturarv, visuell kunst, scenekunst og musikk eller kombinasjonar av desse. Fylkeskommunane stod for 28 354 enkeltarrangement, inkludert Rikskonsertane. Visuell kunst hadde 7847 enkeltarrangement og musikk hadde 7079 enkeltarrangement. Film hadde færrest enkeltarrangement med 1433, dersom ein ser vekk frå kunstartar i samspel og tilbod som ikkje er fordelte på uttrykk. Talet på produksjonar innanfor filmfeltet er derimot relativt høgt.

Tala viser at dekningsgraden av Den kulturelle skulesekken er nær 100 prosent, det vil seie at bortimot alle elevane i grunnopplæringa har motteke tilbod frå fylkeskommunane. Om lag 2,6 mill. elevar har delteke i fylkeskommunane sine tilbod i 2006. Med 640 000 elevar i grunnskulen inneber dette at kvar elev i gjennomsnitt har fått om lag 4

tilbod frå fylkeskommunen. I tillegg til dette kjem tilboda som kommunane sjølve har stått for.

4.3 Nærare om dei ulike kunst- og kulturuttrykka

Mange nasjonale miljø, regionale og lokale institusjonar og enkeltaktørar innanfor kultursektoren medverkar i dag med tilbod i Den kulturelle skulesekken.

Innanfor dei fleste uttrykka finst det nasjonale kompetansmiljø som mellom anna arbeider med å utvikle dei ulike uttrykka og skipe nettverk for aktørane i feltet. Dette omfattar Rikskonsertane, Norsk scenekunstbruk, Norsk Form, Nasjonal-museet for kunst, arkitektur og design, Norsk filminstitutt, Norsk kulturråd, ABM-utvikling og Riksantikvaren.

Lokale og regionale kunst- og kulturmiljø er også viktige ressursar i Den kulturelle skulesekken. Dette gjeld til dømes regionale kunst- og kulturinstitusjonar, folkebiblioteka, musea, lokalar-kiva, kunstnarsentera, frie grupper og kunstnarar, det frivillige kunst- og kulturmiljøet, kyrkjene og andre trussamfunn. Mange av desse samarbeider med fylkeskommunar og kommunar om kunst- og kulturformidling, fagleg utvikling, nettverksarbeid og kvalitetssikring. I samarbeid og på tvers av kunst- og kulturuttrykka kan mange aktørar utvikle fleire interessante tilbod som kan nyttast på fleire skular og nå fleire elevar.

Den kulturelle skulesekken representerer eit viktig arbeidsfelt for institusjonane og kunstnarar, og har medverka til at kunstproduksjonar for born og unge har fått ein høgare status. Likevel er det langt fram før alle kulturinstitusjonar som får statlege midlar, og som dermed har eit særleg ansvar for å leggje til rette for å nå born og unge, bidreg i naudsynt grad med å utvikle produksjonar som kan nyttast i Den kulturelle skulesekken. Dei institusjonane som har eit nasjonalt ansvar, kan også bruke fleire ressursar til å utvikle tilbod i ordninga.

Spelemidlar til sentrale tiltak

20 prosent av dei statlige spelemidlane til skulesekken går i dag til sentrale tiltak for å styrkje kunst- og kulturområde med særlege utfordringar. I 2007 utgjer dette 33 mill. kroner, som er fordelte til satsingsområda musikk, film, scenekunst og visuell kunst. Ingen sentrale prosjektmidlar blir brukte til områda litteratur og kulturarv, men

Tabell 4.3 Fordeling av spelemidlar til sentrale tiltak i 2007 (mill. kroner)

Musikk	Rikskonsertane	19
Scenekunst	Norsk kulturråd	3
	Norsk scenekunstbruk	3
Visuell kunst	Nasjonalmuseet	2
	Nordnorsk kunstnersenter	0,5
	Norsk Form	0,5
	Trondheim kunstmuseum	0,5
	Lillehammer kunstmuseum	0,5
	Sørlandets kunstmuseum	0,5
	Rogaland kunstmuseum	0,5
Film	Norsk filminstitutt	3
Totalt		33

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet

seks regionale vitensenter får til saman 6 mill. kroner av dei regionale midlane.


Nasjonalmuseet, Rikskonsertane og Norsk scenekunstbruk nyttar spelemidlane til tiltak som er del av den ordinære aktiviteten i institusjonane. Norsk filminstitutt og Norsk kulturråd lyser ut midlane til utviklingsprosjekt.

Norsk scenekunstbruk, Rikskonsertane, Nasjonalmuseet og Norsk filminstitutt har ein landsdekkjande funksjon innanfor sine kunstuttrykk, og samarbeider med regionale og lokale aktørar. Desse fire institusjonane legg inn monaleg eigeninnsats i arbeidet, og spelemidlane fungerer som ei tilskunding til å ta eit større ansvar i Den kulturelle skulesekken.

Kunstmusea og Norsk Form har nytta midlane til formidlingsprosjekt. Nordnorsk kunstnersenter har nytta midlane til omfattande turnéverksemd med kunstprosjekt til elevar i dei tre nordlegaste fylka.

Dei seks vitensentera Bergen vitensenter, Nordnorsk vitensenter i Tromsø, Innlandets vitensenter på Gjøvik, Jærmuseet, Midtnordisk vitensenter i Trondheim og Norsk Teknisk museum i Oslo skal til saman gje tilbod til elevar over heile landet. Vitensentera har driftsmidlar dels frå Kunnskapsdepartementet og dels frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Spelemidlane går til utviklingstiltak og tilbod i Den kulturelle skulesekken.

Som omtala i kap. 7 vil dei sentrale midlane og den delen av dei regionale midlane som hittil har gått til vitensentera, over ein periode verte nytta til å utvide Den kulturelle skulesekken til vidaregåande opplæring. I framtida vil sentrale kulturtiltak ikkje lenger få spelemidlar. I staden vil ein øyremerkje midlar over statsbudsjettet til Den kultu-



Figur 4.1 Teater med truck!

I 2003 skreiv Erlend Loe ei ny underfundig historie om truckføraren Kurt for Trøndelag Teater. Historia vart sett i scene i samarbeid med Cirka Teater i teaterframsyninga «Kurt koker hodet». Framsyninga vart ein kjempesuksess – og 2000 elevar i Trondheim fekk oppleve Kurt med trucken på Trøndelag Teater si hovudscene gjennom Den kulturelle skulesekken i Sør-Trøndelag. Foto: Trøndelag Teater

Tabell 4.4 Skulekonsertar fordelt etter fylke, kalenderåret 2006

Østfold	355
Akershus	808
Oslo	554
Hedmark	208
Oppland	350
Buskerud	468
Vestfold	384
Telemark	330
Aust-Agder	253
Vest-Agder	345
Rogaland	484
Hordaland	1083
Sogn og Fjordane	268
Møre og Romsdal	605
Sør-Trøndelag	464
Nord-Trøndelag	316
Nordland	659
Troms	463
Finnmark	212
Svalbard	5
Totalt 2006	8614

Kjelde: Rikskonsertane sin årsrapport for 2006

relle skulesekken. Samstundes skal kultursektoren medverke med tilbod i Den kulturelle skulesekken som ein del av deira ordinære verksemd.

4.3.1 Musikk

Nasjonal aktør for musikk i Den kulturelle skulesekken er Rikskonsertane. Rikskonsertane har bygd opp ei landsomfattande ordning med skulekonsertar gjennom snart førti år. Skulekonsertane byggjer på eit samarbeid mellom alle fylkeskommunane i landet og Rikskonsertane. Produksjonsansvaret er delt og nedfelt i avtaler mellom Rikskonsertane og fylkeskommunane. Turnékon-sulentane hjå Rikskonsertane og turnéleggjarane i fylka samarbeider om å planleggje turnélegginga. Skulekonsertane er den viktigaste enkeltkomponenten i Rikskonsertane si verksemd. Rikskonsertane gjev eit breitt fleirkulturelt konserttilbod til born og unge over heile landet.

Løyvinga til Rikskonsertane over statsbudsjettet er i 2007 om lag 135 mill. kroner. Om lag 74 mill. kroner finansierer skulekonsertane. I tillegg



Figur 4.2 Frå Rikskonsertane sin produksjon «Sokora»

Kossa Diomande formidlar vest-afrikansk tradisjonsmusikk.

Foto: Mimsy Møller/Rikskonsertane

har Rikskonsertane sidan 2004 motteke 19 mill. kroner per år av dei sentrale midlane til Den kulturelle skulesekken. Dette gjer at Rikskonsertane i dag femnar om alle kommunane i landet så nær som ein. Elevane får normalt tilbod om to konsertar årleg, innan alle sjangrar. I kalenderåret 2006 vart det gjeve 8614 skulekonsertar for til saman 1 238 303 elevlar i grunnskulane. Om lag 700 musikkarar vert kvar år engasjerte til turnear i kommunane.

Rikskonsertane har eit nasjonalt samansett programråd som kvalitetssikrar produksjonane, og i 2006 oppretta Rikskonsertane eit ressurs- og utviklingssenter i avdelinga for born og unge. Senteret arbeider med å styrkje samarbeidsrelasjonane til fylke, kommunar, skular, nasjonale institusjonar og organisasjonar, Den kulturelle skulesekken med fleire. Evaluering og initiativ til forskning på området musikkformidling til born og unge er andre viktige oppgåver, i tillegg til internasjonal samhandling. Rikskonsertane har dei siste åra lagt vekt på å sikre forankringa av skulekonsertane i skulen gjennom tiltak som til dømes elevlar som kulturvertar, sjå boks 4.1.

I tillegg til Rikskonsertane sitt tilbod nyttar somme kommunar ressursane i den lokale kulturskulen til å formidle konsertar med lokal tilknytning. Nokre festivalar har tilbod om konsertar for skuleelevar på staden for festivalen, og orkestra har i nokon mon også produsert tilbod i Den kulturelle skulesekken, anten i samarbeid med Rikskonsertane eller med kommunen eller fylkeskommunen.

Vidare utvikling

Rikskonsertane si rolle som nasjonal aktør på musikkfeltet skal vidareutviklast. Ved å samarbeide med institusjonar og kunstnarar ynskjer Rikskonsertane å differensiere konserttilbodet. Rikskonsertane vil vidareføre prosjekt og turnéopplegg som tilbyr skulane workshops, heildagsbesøk og prosessarbeid som del av eit undervisningsopplegg i Den kulturelle skulesekken.

Rikskonsertane ser det som svært viktig å legge vekt på kunstnarisk, formidlingsmessig og produsentfagleg kvalitet i alle delar av verdikjeda. Det er viktig å vidareføre samarbeidet med lokale kunstnarar. Det er sett i gang ei evaluering av det nasjonale programrådet for å styrke programrådet si rolle, mandat og arbeidsmetodar.

Rikskonsertane sitt ressurs- og utviklingssenter vil søkje å koordinere arbeidet sitt med Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa og supplere oppgåvene deira der det er naturleg.

Det er viktig at skuleelevar møter det profesjonelle musikkuttrykket både på eigen skule, men òg på andre arenaer der også større grupper, som til dømes orkestra, kan opptre. Dei nasjonale musikk institusjonane og knutepunkta bør i større grad gje tilbod til skuleelevar utanfor eigen region.

4.3.2 Visuell kunst

Det visuelle kunstfeltet omfattar biletkunst, kunsthandverk, arkitektur og design, eller kombinasjonar og variantar av desse. Feltet omfattar både den visuelle kunstarven som finst i kunstmusea, og møte med samtidskunstnarar og samtidskunst.

Boks 4.1 Kulturvertar – elevar som arrangørar

Dei siste åra har fleire fått auga opp for kva ressursar elevane kan vere når kunstnarane kjem til skulen. Rikskonsertane og Musikk i Skolen har utvikla eit nettbasert opplegg for å oppmode elevar til å ta ansvar for å førebu og leggje til rette for skulekonsertane. Elevane får kunnskap om kva det inneber å arrangere ein konsert, og musikarane kjem til ein skule som er godt budd og har høge forventningar.

<http://www.rikskonsertene.no/elevsomarrangorer/>

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design er ein viktig nasjonal aktør for visuell kunst i Den kulturelle skulesekken. Museet forvaltar ein stor del av landets visuelle kunstarv. I tillegg produserer institusjonen vandrestillingar og formidlingstilbod særleg innan nyskapande samtidskunst. Frå 1.7.2005 vart verksemda til Riksstillingar innlemma i Nasjonalmuseet, og som følgje av dette overtok museet ansvaret for landsdekkjande formidling av kunst. Det landsdekkjande formidlingsarbeidet er organisert gjennom dei tre nettverka skulenettverket, gallerinettverket og museumsnettverket. Innanfor desse områda driv museet nettverkssamarbeid, produksjon av utstillingar, turnélegging, formidling og kompetanseoverføring.

Nasjonalmuseet mottek 198,8 mill. kroner over statsbudsjettet i 2007. Av dette vert om lag 5,1 mill. kroner nytta til skulenettverket. Sidan 2004 har Nasjonalmuseet også fått 2 mill. kroner årleg av spelemidlane i Den kulturelle skulesekken. Midlane går til produksjon og formidling av tilbod i Den kulturelle skulesekken.

I tillegg til skulenettverket har Nasjonalmuseet ei stor verksemd på andre utstillingsarenaer retta mot skuleelevar. I museets fire bygningar i Oslo og i gallerinettverket, som består av ulike framsyningsstader i heile landet, er det eit variert tilbod til skuleelevar. I 2007 utgjorde denne verksemda om lag 5 mill. kroner.

Innanfor skulenettverket har Nasjonalmuseet avtalar med tolv fylkeskommunar og ein kommune. Samarbeidet er regulert i fireårige intensjonsavtalar og omfattar produksjonar og kompetanseutvikling til Den kulturelle skulesekken. Noverande funksjonsperiode er 2005–2008. I 2006 hadde Nasjonalmuseet 16 ulike skuleutstillingar på turné for nærare 43 000 elevar. I tillegg vart det halde 28 lærarseminar for til saman 241 deltakarar, for at lærarane skal kunne formidle utstillinga vidare til elevane.

Til liks med Rikskonsertane har Nasjonalmuseet eit programråd med både interne og eksterne fagpersonar som kvalitetssikrar produksjonane som skal på turné. Nasjonalmuseet samarbeider mellom anna med fylkeskommunane, frilansarar og regionale kunstmusea om produksjon og formidling av visuell kunst.

I tillegg til Nasjonalmuseet er det mange aktørar som arbeider med visuell kunst i Den kulturelle skulesekken. Norsk Form, dei regionale kunstmusea og andre formidlingsarenaer på kunstfeltet gjev, ofte i samarbeid med fylkeskommunane, mange gode tilbod til elevar innan visuell

kunst. Det vil vere viktig å sjå nærare på korleis dei regionale kunstmusea i endå større grad kan medverke til formidling av visuell kunst i Den kulturelle skulesekken.

Andre aktørar er fylkesgalleria, kunstnarsentera og kunstforeiningane samt enkeltkunstnarar som vert engasjerte av kommunar og fylkeskommunar. Fire regionale kunstmuseum, Norsk Form og Nordnorsk kunstnarsenter har til no hatt spelemidlar i Den kulturelle skulesekken. I 2006–2007 har dei regionale kunstmusea nådd elevar i sin eigen region og Nordnorsk kunstnarsenter har nådd 4500 elevar i alle dei tre nordligaste fylka. Norsk Form har hatt eit samarbeid med ein skule i nokre fylke.

I 2005 fekk Nasjonalmuseet i oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet å utarbeide ein handlingsplan for landsdekkjande formidling av biletkunst, kunsthandverk, arkitektur og design. Planen skisserer ei utvikling der Nasjonalmuseet vil fungere som eit nasjonalt ressurs- og kompetansesenter. I planen vert det gjort framlegg til tiltak som skal sikre at heile landet får oppleve biletkunst, kunsthandverk, arkitektur og design av høg kvalitet, på tvers av periode- og sjangergrenser.

Vidare utvikling

Det er eit mål at alle skuleelevane i landet får møte profesjonell visuell kunst av høg kvalitet i løpet av skuletida. Det er viktig at elevar møter profesjonell visuell kunst i gode utstillingslokale også utanfor skulen.

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design bør som nasjonal aktør på feltet medverke til å produsere tilbod, vidareutvikle, koordinere og styrkje arbeidet med formidling av visuell kunst i Den kulturelle skulesekken, både når det gjeld den visuelle kunstarven og møte med samtidskunstnarar og samtidskunst.

Ny teknologi opnar for nye og spanande formidlingsmåtar som kan gjere visuell kunst meir tilgjengeleg for elevar i heile landet. Ein nasjonal aktør bør vere ei drivkraft bak utviklinga av slike formidlingsmåtar. Nasjonalmuseet må dessutan syte for eit fungerande nettverk for visuell kunst i Den kulturelle skulesekken og medverke til ei kvalitetsutvikling av feltet. Det er naturleg å sjå nettverksarbeidet i Den kulturelle skulesekken i samheng med den rolla som Nasjonalmuseet har som ansvarleg for det nasjonale museumsnettverket for kunst.



Figur 4.3 «Illusjon»

Bilete frå utstillinga «Illusjon». Elevar frå Øksnes kommune i samtale med tekstilkunstnaren Kari Vevle.
Foto: Øksnes Kunstforening

Den visuelle kunstformidlinga i Den kulturelle skulesekken kan best utviklast vidare gjennom å styrkje dei regionale kunst- og kunstindustrimusea som produsentar og formidlarar av profesjonell kunst, i samarbeid og dialog med eit sterkt nasjonalt kompetansmiljø. I det vidare arbeidet vil Nasjonalmuseet sin handlingsplan for landsdekkjande formidling av biletkunst, kunsthandverk, arkitektur og design frå 2005 bli konkretisert og revidert slik at oppgåve- og rolledelinga overfor dei regionale kunst- og kunstindustrimusea og dei andre aktørane i feltet vert klare.

4.3.3 Scenekunst

Produksjon av scenekunst til Den kulturelle skulesekken skjer både ved teater-, opera- og danseinstitusjonane og i dei frie sceniske gruppene.

Norsk scenekunstbruk er ei formidlingsordning for ferdige framsyningar av frie sceniske grupper frå heile landet. Scenekunstbruket er drive av Danse- og teatersentrum. I løpet av få år har Norsk scenekunstbruk vorte den viktigaste aktøren for scenekunst i Den kulturelle skulesekken. I kalenderåret 2006 formidla Norsk scenekunstbruk totalt 2350 framsyningar, fordelte på 57 produksjonar til nesten 230 000 publikummarar. Så å seie alle framsyningane var i samband med Den kulturelle skulesekken.

Norsk scenekunstbruk/Danse- og teatersentrum får 2,974 mill. kroner i løyvingar over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett for 2007. Sidan 2004 har Scenekunstbruket i tillegg disponert 3 mill. kroner av spelemidlane til formidling av scenekunstproduksjonar.

Scenekunstbruket har eit medlemsnettverk av fylkeskommunar og deira lokale arrangørar. Nettverket omfattar i dag 16 fylke, med til saman 369 kommunar. Oslo og Nord-Trøndelag er ikkje med i Scenekunstbruket. Finnmark har stått på venteliste for å kome med i Scenekunstbruket sidan 2005.

Scenekunstbruket har oversyn over kva som vert produsert og vist av profesjonell scenekunst utanfor institusjonane. Scenekunstbruket ser og vurderer kvaliteten på framsyningar i samarbeid med ei fagleg referansegruppe, og i dialog med fylkesnettverket. Kunstnarleg kvalitet vert vektlagt, men òg at det samla repertoaret i Scenekunstbruket skal syne eit mangfald av uttrykksformer og format.

Arrangørane i nettverket kan fritt nytte Scenekunstbruket sitt repertoaroversyn til å velje framsyningar. Arrangørane tek sjølve kontakt med

gruppa/utøvaren og avtalar eventuelle spelejobbar eller turnear. I skulesekksamanhang er det i hovudsak fylkeskommunane som er arrangørar og som i samarbeid med kommunane tingar turnear til sine fylkesordningar.

Scenekunstbruket har ei ordning med arrangørstønad, som inneber at ein arrangør får refundert delar av dei totale utgiftene til framsyningar valt frå repertoaret til Scenekunstbruket. Arrangørstøtta vert utrekna frå tala i fylka sine årsrapportar. Storleiken på arrangørstøtta er kvart år avhengig av kva midlar Scenekunstbruket har til rådvelde og aktiviteten i heile landet. Dei fylka som nyttar Scenekunstbruket sine framsyningar mest, får også refundert mest.

Scenekunstbruket arrangerer også kompetansehevande tiltak for både scenekunstnarar og arrangørar. Det er særleg lagt vekt på å auke kompetansen på scenekunst i Den kulturelle skulesekken. Showbox er ein visningsarena og møtestad for scenekunstnarar og arrangørar.

Dei store scenekunstinstitusjonane og regionteatra har i varierende grad vore aktive i Den kulturelle skulesekken. Dei store institusjonane har ein lengre planleggingshorisont enn dei frie gruppene og dei små institusjonane. Det bør vere mogeleg å inkludere produksjonar frå desse i større grad enn i dag. Somme av dei mindre institusjonsteatra har produsert mykje scenekunst for Den kulturelle skulesekken. Det viktigaste må likevel vere at tilboda i Den kulturelle skulesekken held høg kvalitet uavhengig av kven som har produsert tilboda. Scenekunsttilbodet i Den kulturelle skulesekken skal vere prega av mangfald, både når det gjeld innhald og aktørar. Det er viktig at tilboda er kvalitetssikra og at ingen aktørar har monopol på å levere tilbod til Den kulturelle skulesekken.

Støtte til nyproduksjonar av scenekunst

Nokre av fylkeskommunane gjev produksjonstilskot frå Den kulturelle skulesekken til scenekunst, men langt frå alle. Norsk kulturråd har sidan 2004 disponert 3 mill. kroner årleg av spelemidlane til nyproduksjon av scenekunst i Den kulturelle skulesekken. Målgruppa for søknadsordninga er dei frie sceniske gruppene. I 2007 mottok kulturrådet 82 søknader. Av desse fekk 16 prosjekt løyving. Majoriteten av søknadene i 2007 kom frå Oslo (41), men også Akershus (7), Sør-Trøndelag (5) og Troms (4) var godt representerte. Det var ingen søknader frå Østfold, Opp-



Figur 4.4 «Så tag nu mine händer»

«Så tag nu mine händer» er ein danseproduksjon av Hege Haagenrud med dansarane Vilde Viktoria Madsen og Marianne Haugli.

Foto: Siren Lauvdal

land, Nord-Trøndelag, Finnmark, Aust-Agder og Vest-Agder.

Kultur- og kyrkjedepartementet stiller som krav at Norsk kulturråd og Scenekunstbruket samarbeider om bruken av midlane. Samarbeidet fungerer slik at Scenekunstbruket får informasjon om kva prosjekt som får produksjonsstøtte av Norsk kulturråd. Det er likevel ingen automatikk i at prosjekt som får produksjonsmidlar, vert formidla gjennom Scenekunstbrukets fylkesnettverk.

Etter tre år med denne ordninga ser ein at samanhengen mellom fordeling av produksjonsmidlar og bruken av formidlingsmidlar ikkje fungerer godt nok. Departementet vil difor vurdere korleis ein best mogeleg kan kople bruken av midlar til nyproduksjonar og formidling av scenekunst i Den kulturelle skulesekken.

Vidare utvikling

Også i scenekunstheltet er det trong for ein nasjonal aktør som kan medverke til å stimulere til produksjon av ny scenekunst, skipe nettverk, leggje

til rette for kompetanseutvikling og gje faglege råd på feltet. Norsk scenekunstbruk peiker seg ut som ein slik aktør. Vilkårret må vere at alle fylka som ynskjer det, kan få ein avtale med Norsk scenekunstbruk.

Det er stor trong for nye scenekunstproduksjonar som held eit høgt kvalitetsnivå og som er nyskapande, ikkje minst ved at dei utfordrar elevane sine førestillingar om kunst. Det er trong for fleire scenekunstproduksjonar både frå frie grupper og frå scenekunstinstitusjonane.

For å sikre ein betre samanheng mellom produksjon og formidling av fri scenekunst vil departementet vurdere om Scenekunstbruket bør disponere produksjonsmidlar til ny scenekunst i staden for Norsk kulturråd. Dette må sjåast i samanheng med den omlegginga av fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken som er nærare omtala i kap. 7.

Det er viktig at også dei institusjonane som har monalege midlar til produksjon, vert aktive aktørar i Den kulturelle skulesekken. Skuleelevar bør møte profesjonell scenekunst også på profesjonelle arenaer utanfor eigen skule. For i større grad å inkludere scenekunstproduksjonar frå dei store institusjonsteatra i Den kulturelle skulesekken kan eit samarbeid mellom Norsk scenekunstbruk og Riksteatret vere tenleg.

Kultur- og kyrkjedepartementet arbeider for tida med ei stortingsmelding om scenekunst der ein tek sikte på å gje oppdatert informasjon om det offentleg støtta scenekunsttilbodet i Noreg, inkludert midlar til profesjonell scenekunst gjennom Den kulturelle skulesekken. Meldinga tek vidare sikte på å skildre den geografiske fordelinga av scenekunsttilbodet på faste scener og på turné, og vil dessutan fokusere på særskilde problemstillingar som til dømes scenekunsttilbodet for born og unge. Eit eventuelt samarbeid mellom Norsk scenekunstbruk og Riksteatret vil verte nærare vurdert i stortingsmeldinga.

4.3.4 Film

I St.meld. nr. 22 (2006–2007) *Veiviseren*. For det norske filmloftet, står det at innsatsen andsynes born og unge skal vere ein prioritert og integrert del av den samla filmpolitikken. I meldinga står det også at ansvaret for statlege, filmkulturelle tiltak retta mot born og unge i heile landet bør styrkjast og samordnast betre. Vidare føreslår meldinga å endre organiseringa av den statlege verksemda på filmområdet, blant anna at dei tre eksisterande verksemdene Norsk filmfond, Norsk

filminstitutt og Norsk filmutvikling bør samlast i ein organisasjon.

Stortinget har i hovudsak slutta seg til forslaga i meldinga, jf. Innst.S. nr. 277 (2006–2007). Den nye institusjonen på filmområdet skal etter planen vere i drift frå april 2008. Opprettinga av den nye institusjonen vil også føre til endringar i den eksisterande organiseringa av arbeidet med oppgaver som er knytte til born og unge.

Nasjonale filmkulturelle tiltak for born og unge vert i dag hovudsakleg forvalta av Norsk filminstitutt og FILM&KINO. FILM&KINO er ein medlemsorganisasjon for norske kommunar og samstundes ein bransjeorganisasjon for kino- og videobransjen. FILM&KINO forvaltar Norsk kino- og filmfond. FILM&KINO har mellom anna ansvar for prosjekt knytte til skulekino, og nyttar kvart år ein større sum til å initiere og støtte ulike skulekinoprojekt, mellom anna gjennom Den kulturelle skulesekken. Institusjonen utviklar òg studieopplegg til skulefilmene. FILM&KINO samarbeider med fylkeskommunane, og arrangerer mellom anna regionale skulekinoturnear i Den kulturelle skulesekken.

Norsk filminstitutt har pr. i dag ansvaret for anna filmkulturelt arbeid retta mot born og unge, som å kjøpe inn, gje ut og distribuere kortfilm og dokumentarfilm. Filminstituttet har òg ansvar for formidling av filmkunnskap til unge, norske film-skaparar, til dømes gjennom prosjekt som den nordiske nettstaden www.dvoted.se.

Dei sentrale midlane på 3 mill. kroner til filmprosjekt i Den kulturelle skulesekken vert i dag forvalta av Norsk filminstitutt. I 2006 mottok filminstituttet 41 søknader. 24 filmprosjekt fekk midlar. I tillegg fekk seks sjangeroverskridande prosjekt midlar gjennom eit samarbeid mellom Norsk filminstitutt og Norsk kulturråd. Filminstituttet har òg gjort eit omfattande arbeid for å styrkje det regionale og lokale arbeidet med film i Den kulturelle skulesekken.

Andre aktørar på filmfeltet som arbeider med tiltak retta mot born og unge, er dei regionale filmsentera, dei kommunale kinoane, ulike medieverkstader og frilansarar som ofte samarbeider med fylkeskommunar og kommunar.

Vidare utvikling

I filmmeldinga vert det slått fast at det er FILM&KINO som får hovudansvaret for tiltak retta mot born og unge på filmområdet. FILM&KINO har nærleik til kommunar og lokale kinoar og røynsle med å legge til rette for skulekino.

Boks 4.2 «JAMSÍIS»

«JAMSÍIS» er eit nyskapande og leikande scenekunstprosjekt med bruk av animasjon og ny videoteknologi. Dansaren og felespelaren Hallgrim Hansegård frå Dansekompaniet FRIKAR lét publikum delta i hans eiga historie som skuggeteatersjef der skuggane streikar fordi Hallgrim dansar for akrobatisk.

Publikum (10–15-åringar) vert gjennom workshop førebudde på å skape Hallgrim sine skuggar i delar av framføringa. Elles vert skuggane skapte gjennom levande videoimprovisasjonar. «JAMSÍIS» er produsert med midlar frå Norsk filminstitutt og Norsk kulturråd, og er møte mellom kunstnaren Bruno Caverna med bakgrunn frå capoeira og Hallgrim Hansegård med bakgrunn frå norsk tradisjonsmusikk og hallingdans. Komposisjonane er av Maja Ratkje.

Departementet er i dialog med FILM&KINO om kva oppgaver dei ulike verksemdene skal ha i framtida. Her vil òg ansvaret for Den kulturelle skulesekken vere eit tema.

Den nye institusjonen, FILM&KINO og Kultur- og kyrkjedepartementet skal i samarbeid utarbeide ein handlingsplan for satsinga på born og unge. Denne planen skal utarbeidast når den nye institusjonen er etablert.

4.3.5 Litteratur

Det er mange aktørar som sikrar elevane møte med litteratur. Sentrale aktørar på nasjonalt plan er Norsk barnebokinstitutt, Foreningen !les og Norsk Forfattersentrum. I den nasjonale satsinga «Gi rom for lesing» har koplinga til Den kulturelle skulesekken vore tydeleg formulert. På lokalt



Figur 4.5 Frå scenekunstprosjektet «JAMSÍIS»

Foto: FRIKAR dance company

plan er folke- og fylkesbiblioteka og skulebiblioteka viktige. Biblioteka har kunnskap og samlingar om eit breitt og variert spekter av litteratur. Evalueringa av tiltaksplanen *Gi rom for lesing* syner at mange skular trekkjer fram fylkes- og folkebiblioteka som ein viktig ekstern samarbeidspartnar i litteratursatsinga.

Den største aktøren for litteratur i Den kulturelle skulesekken ved sidan av folkebiblioteka er Norsk Forfattersentrum. Sidan 1968 har denne foreininga formidla forfattarbesøk til skular over heile landet. I 2006 fekk meir ein 7000 klassar i grunnskulen forfattarbesøk gjennom foreininga. Ein del forfattarar har skrivekurs med elevane. Norsk Forfattersentrum har avdelingskontor i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø, og senteret samarbeider med fylkeskommunane om turnéopplegg til skulane.

Norsk Forfattersentrum har oppretta Litteraturbruket, mellom anna med støtte frå Fritt Ord og Norsk kulturråd. Dette tiltaket kan også sjåast i samanheng med arbeidet i Den kulturelle skulesekken. Med Litteraturbruket ynskjer Norsk Forfatter-

sentrum å stimulere til samarbeid og gje fagleg støtte til å formidle ferdige produksjonar. Litteraturbruket ynskjer å vere ein nasjonal arena for å etablere, koordinere og formidle litterære produksjonar.

Vidare utvikling

Etter at Den kulturelle skulesekken vart skipa som ei nasjonal satsing, har etterspurnaden etter litteraturformidling auka. Dette krev tiltak som sikrar at alle elevane får oppleve møte med litteraturen som kunstnarleg uttrykk i skulen.

Også på litteraturfeltet er det trong for ein sentral aktør som kan danne nettverk, samordne og medverke til kompetanseheving og kvalitetsutvikling. Ved å gje ansvaret til ein institusjon eller eit miljø vil ein kunne styre ressursane betre og styrkje kompetansen hjå litteraturformidlarar. Det vil vere viktig å sikre breidda i arbeidet, styrkje nettverk og samarbeid mellom aktørane, og styrkje kompetansen i å utvikle tilbod i samarbeid med andre kunstuttrykk.

Kultur- og kyrkjedepartementet arbeider for tida med ei stortingsmelding om bibliotek. Meldingsarbeidet har utgangspunkt i utgreiinga Bibliotekreform 2014, utarbeidd av ABM-utvikling. I bibliotekutgreiinga er det gjort framlegg til fleire tiltak for born og unge som kan sjåast i samanheng med arbeidet i Den kulturelle skulesekken. Det er likevel for tidleg å seie noko om i kva grad desse tiltaka vil bli gjennomført. Departementet vil vurdere nærare i bibliotekmeldinga kva aktør som bør få eit samordningsansvar for formidling av litteratur i Den kulturelle skulesekken.

Boks 4.3 Poesifestivalen på Hamar

Poesifestivalen på Hamar har vore arrangert kvart år dei siste åra. Festivalen er eit samarbeid mellom kommunen, Hamar bibliotek, dei tre ungdomsskulane i kommunen og Den kulturelle skulesekken i Hedmark. Målet er at ungdom skal verte medvitne om at poesi er ei uttrykksform dei eig, og at dei skal få rom til å leike med ord og uttrykk på eigne premisser.

I 2007 var det lagt vekt på poesi knytt til musikk. I festivalveka vart det skipa til verkstader og poesiaktivitetar både på skulane og andre stader. Aktivitetane omfatta skrivekurs, gitarverkstad, Prøysen-kveld og poesitorg. Eit meir sjangeroverskridande prosjekt var «Haikutroniks», ein kombinasjon av elektronisk musikk og gamle, japanske haikudikt i norsk drakt. Festivalen vart avslutta med ei fellesframsyning i Hamar kino der resultat frå verkstadene vart presenterte.

Poesifestivalen fekk svært god respons frå mange av elevane, særleg frå mange gutar, som har endra synet på poesi. Kanskje har dette samanheng med at dei sjølve har opplevd å bryte barrierar knytte til denne uttrykksmåten, og at dei har oppdaga at ikkje noko er «rett» eller «gale» når ein lagar poesi.

4.3.6 Kulturarv

Kunnskap og innblikk i kulturarv og tradisjonar er viktige og sentrale element i Den kulturelle skulesekken over heile landet. Kulturarvfeltet rommar mellom anna museum, vitensenter, arkivinstitusjonar og kulturminneforvaltinga. Det er viktig at kulturminneforvaltinga blir trekt meir aktivt med i samarbeidet. Religiøse institusjonar og trussamfunn må òg reknast med blant viktige ressursar i arbeidet med Den kulturelle skulesekken. Det finst også ei rekkje frivillige organisasjonar som arbeider med historie og kulturminner. Slike organisasjonar kan vere viktige ressursar i Den kulturelle skulesekken, særleg innanfor lokalhistorie og handlingsboren kunnskap.

Museumsfeltet i Noreg er stort og mangslunge – frå dei minste bygdesamlingane til dei store kunst-, kultur- og naturhistoriske musea. Dette

Boks 4.4 «Jakten på skadedyr» – elevar som ressursar i eit regionalt museum

Dalane folkemuseum i Egersund starta eit samarbeid med ein barneskule i byen, og elevar i 5. klasse vart involverte. Museet lærte elevane om ulike skadedyr som kunne finnast i museet, og gav dei utstyr for å kunne spore opp skadelege biller, insekt og andre små dyr. Røynslene var at elevane fekk betre kjennskap til eige museum, meir kunnskap om skadedyr, i tillegg til at dei vart ressursar i arbeidet med å ta vare på gjenstandane. Dei viste større engasjement for museet i ettertid, og dei vart meir interesserte i gjenstandane og bygningane. Vinn, vinn for alle partar!

Kjelde: Anne Tove Austbø (red.) L97 og museene, Norsk Museumsutvikling 3: 2000

Boks 4.5 Kulturminneåret 2009

Regjeringa har utpeikt 2009 som kulturminneår. Kulturminneåret 2009 skal tydeleg vise kva moglegheiter kulturarven rommar. Dette skal medverke til at kulturminna ikkje vert øydelagde, men tekne vare på til glede også for dei komande generasjonane. Det er viktig å synleggjere verdiane som ligg i mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø, slik at dei kan danne grunnlaget for kunnskap og opplevingar.

omfattar også universitetsmusea. Å vitje dei større musea, ikkje minst universitetsmusea, har lenge vore ein viktig del av opplæringa i skulen og kjelder til opplevingar og refleksjonar om kunst og kultur. Dei fleste musea har tilbud i Den kulturelle skulesekken. Museumsstatistikken syner at 358 711 elevar deltok i tilbud frå musea i 2006.

ABM-utvikling skal gjennom eigne prosjektmidlar stimulere til nyutvikling i musea. ABM-utvikling arbeider òg for å styrkje formidlingsarbeidet i musea, og har mellom anna i lag med Høgskolen i Oslo initiert eit studium i museumsformidling. 20 museum fekk frå 2003 øyremerkte midlar i Den kulturelle skulesekken over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett. Desse midlane er ikkje lenger øyremerkte, men det er ein



Figur 4.6 «Jakten på skadedyr»

Frå prosjektet «Jakten på skadedyr» ved Dalane folkemuseum i Egersund.

Foto: Egil Mong

generell føresetnad for tilskot til alle musea på Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett at dei prioriterer formidling til born og unge.

Kunnskapsdepartementet vil våren 2008 leggje fram ei stortingsmelding om universitetsmusea, der eitt tema vil vere desse musea sine potensial i Den kulturelle skulesekken.

Vitensentera driv kunnskapsformidling gjennom interaktive utstillingar som lèt vitjande utforske fenomen knytte til natur, kultur, miljø, helse og teknologi gjennom eigen aktivitet. Skuleverket er ei sentral målgruppe for vitensentera. Vitensentera er ein aktiv læringsarena der opplæring i realfag vert sett i samanheng med lokalkunnskap, kreativitet og skapande evner. Fleire av vitensentera er opptekne av å setje kulturhistorie og naturvitskap inn i ein heilskapleg samanheng. Dette gjeld særleg dei to vitensentera som samstundes er museum i det nasjonale museumsnettverket, Norsk Teknisk Museum og Jærmuseet.

Dei seks vitensentera Bergen vitensenter, Nordnorsk vitensenter, Innlandets vitensenter, Jærmuseet, Midtnordisk vitensenter og Norsk Teknisk Museum har dei siste åra fått spelemidlar frå Den kulturelle skulesekken for å kunne gje tilbud til skulane i heile regionen sin, slik at dei til saman vert landsdekkjande. Kunnskapsdepartementet stør òg opp om vitensentera gjennom Noregs forskingsråd.

Innanfor *arkivfeltet* har ABM-utvikling søkt å stimulere til auka satsing gjennom eit formidlingsprosjekt for arkivsektoren retta mot skulen. Målet er å lage tilbud som kan stimulere fleire arkiv til å samarbeide med skulen. Elleve arkivinstitusjonar har delteke i satsinga, og fleire hundre skuleelevar har hatt eit første møte med arkiva gjennom prosjektet.

Det er viktig å synleggjere verdiane som ligg i mangfaldet av *kulturminne* og *kulturmiljø*. Dette er uerstattelege kjelder til kunnskap om den his-

toriske utviklinga av omgjevnadene våre og menneska sine tilhøve til kvarandre og naturen. Slike kjelder kan danne grunnlag for både kunnskap og opplevingar. Miljøverndepartementet har det overordna ansvaret for forvaltninga av dei faste kulturminna.

Miljøverndepartementet vil oppfordre til at det vert lagt større vekt på kulturarven i Den kulturelle skulesekken, både regionalt og lokalt. Dette kan gjerast ved å ta i bruk regionale møteplassar mellom skulane, forvaltninga, musea, kulturarbeidarar og andre aktuelle aktørar for ideutveksling, erfaringsoverføring og prosjektutvikling. Dette kan også gjerast ved å samordne relevante aktivitetar i Nettverk for miljølære og Den kulturelle skulesekken.

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltninga og Miljøverndepartementets rådgjevande og utøvande faginstans for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø. Riksantikvaren har ansvaret for å gjennomføre den statlege kulturminnepolitikken og har det overordna, faglege ansvaret for den regionale kulturminneforvaltninga sitt arbeid. Gjennom arbeidet med Nettverk for miljølære har Riksantikvaren lang røynsle frå samarbeid med utdanningssektoren.

Religiøs tru har ein estetisk dimensjon som til alle tider har gjeve seg utslag gjennom kunst og kultur. Den norske kyrkja forvaltar ein monaleg del av kulturarven vår gjennom dei om lag 1600 kyrkjene her i landet. Det rike kulturmateriale som mange av kyrkjene inneheld, er kjelder til kunnskap, lokal identitet og oppleving. Livet i kyrkjene, musikken, liturgiane og tekstane kan òg vere kjelder til profesjonell formidling av kunst og kultur i Den kulturelle skulesekken. Den kulturelle skulesekken skal vere prega av mangfald. Det er difor viktig å synleggjere mangfaldet av religionar i Noreg, og den kulturarven desse representerer.

Vidare utvikling

Kulturarvfeltet har tradisjonelt vore ein viktig del av opplæringa i skulen. Arbeidet med Den kulturelle skulesekken har på mange måtar vore ein stimulans for aktørane i feltet, og nye formidlingsmåtar og sjangeroverskridande prosjekt vert utvikla.

I eit felt med så mange aktørar som har ulike føresetnader for å omsetje kunnskapen sin til opplevingar for elevane, vert kravet til profesjonalitet i formidlinga ofte ei utfordring. Særleg på lokalt nivå er det viktig å samordne ressursane innan

Boks 4.6 «Tilfluktsrommet» – samarbeid mellom forfattar og arkiv.

Prosjektet «Tilfluktsrommet» er laga av Stiftelsen Arkivet i Kristiansand, først i samarbeid med forfattar Gaute Heivoll, seinare i samarbeid med forfattar og lærar Eystein Ellingsen.

Hovudføremålet til Stiftelsen Arkivet er å forvalte det gamle Statsarkivet i Kristiansand, som i perioden 1942–1945 var Gestapo sitt hovudkvarter på Sørlandet. Arkivet er no eit informasjonssenter om Noreg og Agder under den andre verdskrigen. Det er òg eit utdannings- og opplevingssenter for fredsarbeid og konfliktløysing. Stiftelsen Arkivet ynskjer å byggje kunnskap og haldningar kring verdiar knytte til demokrati og menneskeverd.

Prosjektet «Tilfluktsrommet» kombinerer oppleving og formidling av kulturarv i autentiske omgjevnader, som igjen vert sett i samanheng med notida og framtida. Elevane møter ein profesjonell forfattar og deltek aktivt i verkstadarbeid. Dei set ord på eigne røynsler tufta på tolking og refleksjon, og skriv dei ned.

Den første delen av formidlinga er i tilfluktsrommet. Dette er det siste offentlege tilfluktsrommet som finst i Kristiansand frå siste verdskrigen. Elevane får oppleve korleis det er å leve i redsle under ein krig. Forfattaren utfordrar elevane til å skrive om tema frå eigen kvardag som dei kan assosiere med kjensla av å vere inne-stengde.

Deretter er elevane med til Arkivet, der dei får ei omvising og kan arbeide vidare med tekstane sine saman med forfattaren.

I etterkant kan elevane oppsøkje www.stiftelsen-arkivet.no/tilfluktsrommet der elevtekstar vert publiserte, og der andre elevar kan finne inspirasjon for eigne tekstar og utgangspunkt for nye diskusjonar og oppgåver.

«Tilfluktsrommet» er eit svært populært tilbod i Den kulturelle skulesekken i Vest-Agder.



Figur 4.7 «Tilfluktsrommet»

Frå prosjektet «Tilfluktsrommet» ved Stiftelsen Arkivet i Kristiansand.

Foto: Sol Nodeland/Stiftelsen Arkivet

kulturarvfeltet, slik at alle elevane er sikra varierte og kvalitetssikra møte med ulike sider av kulturarven, både den lokalt forankra og den som kjem utanfrå. Ein må stille same krav til profesjonalitet her som innanfor kunstfeltet.

Det er ei utfordring å styrkje samarbeidet mellom dei ulike aktørane på kulturminnefeltet. Vidare er det ynskjeleg å sjå på kva måtar andre kunst- og kulturuttrykk i samspel med kulturminna kan stimulere nyfikne og kunnskapstørst hjå elevane.

Elevar i skulen må gjennom Den kulturelle skulesekken også få møte det mangfaldet av kunstuttrykk og perspektiv som den religiøse kunsten rommar. Ein bør arbeide for å inkludere kunst- og kulturuttrykk frå ulike religionar i Den kulturelle skulesekken.

ABM-utvikling har som nasjonal aktør eit særleg ansvar for å styrkje kvaliteten på formidlinga av kulturarvsfeltet i Den kulturelle skulesekken. ABM-utvikling vil gjennom nettverksarbeid, informasjonsarbeid og satsing på kompetanseutvikling medverke til den vidare utviklinga på dette feltet. Det er viktig å trekkje Riksanti-

kvaren med i det vidare arbeidet med Den kulturelle skulesekken.

4.4 Profesjonalitet og kvalitet

Det kan vere uklare grenser mellom kva som er profesjonelt og kva som ikkje er det. I hovudsak er ein person profesjonell som har kunstnarleg eller kulturfagleg arbeid som yrke. Likevel er det, særleg innanfor kulturarvfeltet, frivillige miljø og enkeltpersonar med lokal og handlingsboren kunnskap som kan vere viktige ressursar i Den kulturelle skulesekken. Arbeidet eller produksjonen må i alle høve kvalitetssikrast innanfor profesjonelle ramar, på line med andre tilbod i Den kulturelle skulesekken.

Kultursektoren har ansvaret for å tilby profesjonelle kunst- og kulturopplevingar med høg kvalitet, medan skulen har ansvar for å integrere aktivitetane og tilboda inn i skulekvardagen til elevane og forankre prosjekta i læreplanane. Dette vil i mange tilfelle innebere at det må utarbeidast framlegg til føre- og etteraktivitetar i tilknytning til

tilboda, og at planlegginga må skje i god tid, slik at skulen kan vere budd. Dette kan medverke til å gjere læring meir spanande, og kan tryggje at Den kulturelle skulesekken ikkje vert opplevd som noko fjernt og lausrive frå resten av aktivitetane i skulen.

Kvalitet og nyskaping i Den kulturelle skulesekken må tryggjast gjennom at dei involverte aktørane diskuterer seg imellom fortløpande. Det er viktig med ei løpande drøfting av kunstomgrepet og om korleis det skal forståast. Når ein vurderer kvaliteten på møtet mellom elevar, kunst og kultur, må ein ta omsyn til mange faktorar:

- det som vert formidla,
- kor dugande utøvarane er til å formidle,
- elevane si oppleving og vurdering,
- lærarane sine kunnskapar om kunst, kultur og kulturarv,
- kor godt skulen klarer å leggje til rette for kulturelle opplevingar,
- kor godt leiinga og lærarane integrerer kunstopplevinga i skulen sitt faglege arbeid med føre- og etterarbeid,
- kommunikasjonen og informasjonsgangen mellom alle aktørane i arbeidet.

Fordi kompetansen i sektorane utfyller kvarandre, må både opplæringssektoren og kultursektoren vere involverte i dette arbeidet, med kvar sine roller: Kultursektoren med kompetanse til å vurdere kvaliteten på det kunstnarlege og det kulturfaglege innhaldet, formidlingsmetodar og kulturarrangement, og utdanningssektoren med kompetanse om korleis innhaldet kan knytast til læreplanverket, om målgruppene og korleis ein kan leggje til rette for læring og oppleving i skulen.

Det er korkje mogeleg eller ynskjeleg å gje ferdige kriterium for kvaliteten på innhaldet i Den kulturelle skulesekken. Diskusjonen om kvalitet må likevel halde fram, både i kultursektoren og i opplæringssektoren. Diskusjonen må skje på møteplassar og i nettverk for både sektorane og gjennom systematisk attendemelding. Tilboda som blir presenterte for skulane, må vere kvalitetssikra av fagmiljø.

Fylka og kommunane har eit særleg ansvar for å leggje til rette for at skulane og elevane kan gje systematisk attendemelding på korleis tilboda i Den kulturelle skulesekken fungerer. Kunstnarane må ha høve til å gje attendemelding på korleis tilboda vert mottekne i skulen. Det

Boks 4.7 System for tilbakemelding

Fleire fylkeskommunar har ordningar for systematisk tilbakemelding både frå skulane og utøvarane. Turnéorganisasjonen i Hedmark sender eit skjema til alle utøvarane og til nokre av skulane som tar i mot produksjonane. Ei slik tilbakemelding er også mogeleg å gjere digitalt, via planleggingsverktøyet fylkeskommunen nyttar.

skal utarbeidast ein strategi for korleis forskings- og evalueringsarbeid skal implementerast som ein fast del av arbeidet med Den kulturelle skulesekken, sjå nærare omtale i punkt 6.4.

Vidare utvikling

Dei nasjonale aktørane i Den kulturelle skulesekken har ei viktig rolle i å styrkje og utvikle arbeidet med kvalitet i Den kulturelle skulesekken. Fylkeskommunane og kommunane skal sikre at tilboda som vert valde i Den kulturelle skulesekken held eit høgt nivå. Skulen har ansvaret for

Boks 4.8 «Kunstfyret»


Prosjektet er eit samarbeid mellom Den kulturelle skulesekken i Akershus, biletkunstnar Tony J. Larsson og komponisten Bjarne Kvinnsland. Kunstfyret kombinerer formidling og utøving av kunst, musikk og kulturhistorie.

Prosjektet finn stad på Steilene, ei øy i Oslofjorden med eit fyr og ein fyrvaktarbusstad. Elevane er på øya ein heil skuledag. Elevane skal lære å kjenne øya og historia til Steilene. Ein viktig del av prosjektet er å oppleve korleis naturen påverkar kunsten. Elevane målar og teiknar under rettleiing av Tony Larsson. Dei gjer lydopptak og set lydane saman til musikk under rettleiing av Bjarne Kvinnsland. Ein del av prosjektet er også digital fotografering og vidare arbeid med bileta. Prosjektet har dessutan eit fordjupingstilbod for ungdomsskuleelevar med særskild interesse for kunstfaget.

føre- og etterarbeid i samband med dei aktivitetane skulen deltek i gjennom ordninga.

For å sikre kvaliteten i det som vert produsert til Den kulturelle skulesekken, er det ei viktig oppgåve å stimulere til fleire produksjonar. Røynslene i arbeidet fram til no har vore at det stadig manglar kvalitativt gode produksjonar. Det er mangel på nyskapande produksjonar, produksjonar som kan spegle det samfunnet vi har i dag, og produksjonar som kan utfordre dei førestillingane vi har om kunst. Mangelen vil verte større når ordninga utvidast til vidaregåande opplæring, dersom det ikkje vert gjort noko med denne situasjonen.

Som ei av hovudsatsingane sine har Norsk kulturråd initiert «Kunstløftet» for å gje alle born og unge i Noreg sjansen til å oppleve nyskapande kunst og kultur av høg kvalitet. Kunstløftet er eit utviklingsprosjekt over fleire år, og skal gje kunst- og kulturuttrykk til born og unge betre produksjonsvilkår. Aktørane i kunstfeltet skal stimulerast til å nytte det som finst av barnefagleg og kunstfagleg kunnskap om feltet. Dette utviklingsprosjektet vil kunne få innverknad på arbeidet med å



Figur 4.8 «Kunstfyret»

Frå prosjektet «Kunstfyret» på øya Steilene i Oslofjorden.

Foto: Tony L. Larsson

styrkje kvaliteten i tilboda i Den kulturelle skulesekken.

4.5 Formidlingsmåtar

Den kulturelle skulesekken inneheld tilbod og aktivitetar som gjer bruk av mange ulike og varierte formidlingsmåtar. Det er mange måtar å formidle ulike kunst- og kulturuttrykk på. Mange prosjekt kombinerer ulike kunst- og kulturuttrykk.

Evalueringsrapporten nyttar omgrepa monologiske og dialogiske formidlingsformer for å gjere greie for ulike formidlingsmåtar. Departementet meiner desse omgrepa er problematiske når det gjeld kunstformidling. Sjølv i ei framsyning der dei som er på scena, tilsynelatande er dei mest aktive, vil det vere store element av dialog med publikum. Også ein sjaar og ein lydar er aktive, og ein publikummar som sit stilt, kan både oppleve og lære.

Grensene mellom å vere aktivt publikum og å vere aktiv i ein prosess kan òg vere uklare. Til dømes har mange framsyningar i Den kulturelle skulesekken element av elevdeltaking i seg ved at nokre elevar er med på scena. Reine elevframsyningar som er viktige i arbeidet i skulen, kan vere ein del av etterarbeidet som skulen sjølv har ansvaret for. I Den kulturelle skulesekken skal det profesjonelle og kunstnarlege elementet vere tydeleg.

Gjennom tilboda i Den kulturelle skulesekken kan elevane både vere deltakarar i skapande prosessar i lag med profesjonelle kunstnarar eller kulturarbeidarar, og publikum ved framsyningar av utøvande kunst. Mange utøvande kunstnarar tilbyr formidling gjennom verkstader der elevane er aktivt med i ein kunstnarleg prosess.

I den performative kunsten kan ein oppleve at skiljet mellom sal og scene og mellom publikum og utøvar vert utfordra og eksperimentert med. I andre uttrykk, til dømes i formidling av kulturarv og litteratur, vert performative uttrykk nytta for å styrkje og utvide opplevingane. Slik sett vert grensene mellom dei ulike uttrykka i Den kulturelle skulesekken utviska og endra.

Vidare utvikling

I vidareføringa av Den kulturelle skulesekken er det viktig at det vert utvikla varierte formidlingsmåtar innanfor dei ulike kunst- og kulturuttrykka som involverer og engasjerer elevane. Kultursek-



Figur 4.9 Kunstverkstad med Tone Toft

Bilete frå kunstverkstad ved Tone Toft. Elevane er frå Herøy kommune i Møre og Romsdal.

Foto: Tone Toft

toren har eit særleg ansvar for dette, men både fylkeskommunane og kommunane må syte for at det er god variasjon i formidlingsmåtar i dei tilboda som vert valde ut. Det er vesentleg at ulike arenaer frå skule til kulturhus vert tekne i bruk. Det er viktig at føre- og etterarbeid i skulen vert ein del av arbeidet som skulen tek ansvar for.

4.6 Kulturelt mangfald

Kulturelt mangfald vert i aukande grad framheva som eit positivt aspekt i samfunnsutviklinga, både nasjonalt og globalt. Det er ei etablert oppfatning internasjonalt at i samfunn der kulturpolitikk utformast slik at han oppmuntrar til og legg til rette for konstruktiv pluralisme, vil mangfaldet fungere som ei kjelde til kreativitet og utvikling. Ein treng difor ikkje å velje mellom nasjonal ein-skap og kulturelt mangfald.

Ei slik oppfatning vart forsterka på general-konferansen for UNESCO i 2005, då eit overveldande fleirtal av landa vedtok ein konvensjon som

har som mål å verne og fremje eit mangfald av verdas kulturuttrykk. Stortinget ratifiserte konvensjonen om kulturelt mangfald i desember 2006.

Noreg har alltid vore eit fleirkulturelt land der kulturuttrykka er i stadig endring og tek nye former i møte med kvarandre. Det kulturelle mangfaldet set også sitt preg på kulturarven. Det er viktig å synleggjere kulturarven til samane, til dei nasjonale minoritetane og til dei nye minoritetsgruppene. Sjå nærare omtale i punkt 4.7 og 4.8.

Det aukande mangfaldet i samfunnet skal gjerast kjent for og formidlast til born og unge, og skal difor også vere ein fast og naturleg dimensjon i Den kulturelle skulesekken. Den kulturelle skulesekken må romme eit like stort mangfald som det berarane av sekken utgjer. Kunst og kultur som gjev rom for å oppleve religiøse tradisjonar og uttrykk, både frå kristen tru og anna religiøs tru, er òg viktig i Den kulturelle skulesekken.

Aktørane i Den kulturelle skulesekken skal saman syte for at kulturelt mangfald vert representert i tilboda. Dette vil ikkje berre vere av verdi for den einskilde eleven, men vil også fungere som eit sentralt tiltak for å minke dei sosiale, kulturelle og økonomiske skiljelinene i samfunnet. Kulturfeltet er eit av dei viktigaste områda som påverkar vilkåra for fullverdig og kvalifisert deltaking i samfunnslivet elles. Kulturfeltet kan difor også i stor mon spele ei integrerande rolle.

Det er viktig å sikre at møta med kunst og kultur vert verdfulle for alle elevar ubunde av føresetnader og bakgrunn. Minoritetspråklege elevar kan i nokre høve ha behov for språkleg tilrettelegging. Elevar med nedsett funksjonsevne vil kunne ha behov for fysisk tilrettelegging. Strategiar og tiltak for å leggje til rette for desse elevane vil variere



Figur 4.10 «Friends»

Frå framsyninga «Friends» med Solo Cissokho og Olav Torget.

Foto: Rikskonsertane

Boks 4.9 Mangfaldsåret 2008

Stortinget har slutta seg til regjeringa sitt framlegg om å gjere 2008 til eit år for å markere kulturelt mangfald i Noreg. Målet er å synleggjere det fleirkulturelle perspektivet på alle felt i kulturlivet og medverke til å skape betre møteplassar mellom majoritets- og minoritetskulturar. Institusjonar og tiltak som får offentleg stønad til kulturaktivitetar, skal spegle dagens kulturelle mangfald og også arbeide for auka kunnskap om dette feltet. Mangfaldsåret 2008 markerer starten på ei utvikling der kulturelt mangfald skal verte eit markant og gjennomgåande drag ved norsk kulturpolitikk. Markeringa avgrensar seg altså ikkje berre til å gjelde i 2008.

www.kultureltmangfold.no

frå skule til skule og frå kommune til kommune. Når ein planlegg tilboda frå Den kulturelle skulesekken, må dei involverte aktørane vere merksame på dei særskilte behova elevane kan ha.

Det kulturelle mangfaldet i ein region eller kommune bør nyttast til å tryggje at Den kulturelle skulesekken representerer eit mangfald av kunst- og kulturuttrykk. Kunst og kultur kan bygge bru mellom kulturar og etniske grupper og skape grobotn for demokratiske prinsipp, toleranse og sosial rettferd. Det kulturelle mangfaldet, som skal vere eit element i tilboda i Den kulturelle skulesekken, kan gje ny kunnskap til elevane, og kan medverke til at elevar med minoritetsbakgrunn kan kjenne seg likeverdige og stolte andsynes majoritetskulturen.

4.7 Om formidling av samisk kultur

Sametinget gjev i høyringsfråsegna si i samband med evalueringa av Den kulturelle skulesekken uttrykk for at den samiske dimensjonen ikkje er godt nok ivareteken i styringsdokumenta for satsinga, og heller ikkje i evalueringsrapporten frå NIFU STEP. Sametinget viser til staten sine plikter gjennom Grunnlovens § 110a om å leggje tilhøva til rette for at det samiske folket skal kunne styrkje og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet elles. Sametinget ynskjer at samiske kunst- og kulturuttrykk skal vere ein naturleg og viktig del av Den kulturelle skulesek-

ken, og at det skal løyvast midlar til Sametinget på lik linje med fylkeskommunane. Sametinget etterlyser også sentrale prosjektmidlar til samiske kulturinstitusjonar.

Norske styresmakter har eit særskilt ansvar for å medverke til å ta vare på og styrkje samisk kultur. Regjeringa er medviten om dette ansvaret, og vil difor følgje utviklinga av samisk kultur særskilt og medverke til å tryggje gode vilkår for samane og for deira kulturelle uttrykk. Skal samisk kultur sikrast ei framtid, er det viktig at samiske born og unge kjenner seg trygge i eigen kultur og med sitt eige språk, utan at det skaper konflikhtar hjå enkeltmenneske overfor den dominerande kulturen i storsamfunnet. Den kulturelle skulesekken kan medverke til ei slik identitetsbygging.

Samiske kunst- og kulturuttrykk og samisk kulturearv skal vere ein integrert del av Den kulturelle skulesekken. Dette er viktig både for å styrkje og ta vare på samisk kultur. Samiske uttrykk i Den kulturelle skulesekken kan også medverke til at andre born og unge vert kjende med og får eit forhold til samisk kunst og kultur.

Som omtala i punkt 5.3 har fylkeskommunane eit særleg ansvar for å forvalte og samordne Den kulturelle skulesekken. Fylkeskommunane forvaltar den største delen av spelemidlane til ordninga, og fordeler spelemidlar til kommunane. Fylkeskommunane nyttar monaleg av eigne midlar til ordninga, og syter sjølve for midlar til administrasjon.

Fylkeskommunane og kommunane har ansvar for å gje alle elevar i grunnskulen, og etter kvart også i vidaregåande opplæring, profesjonelle kunst- og kulturtilbod innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Dette gjeld også samiske elevar og elevar med samisk opphav. Fylkeskommunane og kommunane har dessutan ansvar for at samiske kunst- og kulturuttrykk og samisk kulturearv vert formidla til andre elevar i skulen. Kultur- og kyrkjedepartementet vil sjå til at dette kjem klart fram i føringane for tildelingane til fylkeskommunane. I det nye rapporteringssystemet som no er utarbeidd, vert fylka også bedne om å rapportere særskilt om formidling av samisk kultur.

Departementet meiner at målet om meir samisk kunst og kultur i Den kulturelle skulesekken best kan sikrast gjennom eit samarbeid mellom Sametinget og fylkeskommunane og gjennom klare føringar frå Kultur- og kyrkjedepartementet for løyvinga av spelemidlar. Departementet viser her til dei samarbeidsavtalane som er inngått mellom Sametinget og fylkeskommunane i Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag,

Sør-Trøndelag og Hedmark. I desse avtalane vert det understreka at partane har ansvar for å sikre at samisk kunst og kultur er ein del av Den kulturelle skulesekken. Departementet vil kunne konsultere Sametinget om dette i etterkant av handsaminga av denne stortingsmeldinga.

Som omtala i kapittel 7 vil ordninga med sentrale midlar til Den kulturelle skulesekken verte avvikla over ei periode for å finansiere ei utviding av ordninga til den vidaregåande opplæringa. Innhaldet i Den kulturelle skulesekken må såleis utviklast innanfor dei spelemidlane som fylkeskommunar og kommunar disponerer og innanfor institusjonane sine ordinære ramar. Dette gjeld også utvikling av samiske kunst- og kulturtilbod. Kultur- og kyrkjedepartementet vil syte for klare føringar i dei ordinære løyvingane til kulturinstitusjonane om å medverke med tilbod i Den kulturelle skulesekken.

Sametinget har dei siste åra fått ein generell auke i ordinære løyvingar over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett. Regjeringa ynskjer i minst mogleg grad å leggje føringar på eller øyremerke desse løyvingane. Sametinget står fritt til sjølv å disponere ein del av denne løyvinga til tiltak som kan støtte opp under Den kulturelle skulesekken, til dømes ved å leggje føringar på løyvingane til sine institusjonar.

Sjølv om ein kan finne fram til mange tilbod i Den kulturelle skulesekken som har eit samisk innhald, er det likevel trong for fleire produksjonar. Det er i denne samanhengen viktig at samiske kunstnarar, kulturarbeidarar og kulturinstitusjonar samarbeider tett med fylkeskommunar og kommunar om å utvikle tilbod i Den kulturelle skulesekken. Det er også viktig å knyte kontaktar til regionale og nasjonale aktørar på feltet slik at ein kan inngå samarbeid om å utvikle og formidle samiske kulturuttrykk. Slike nasjonale aktørar er til dømes Rikskonsertane og Norsk scenekunstbruk. På denne måten kan idear drøftast, utviklast og verte vurderte som tilbod i Den kulturelle skulesekken.

Det er ei særleg utfordring å styrkje kunnskapen om det samiske blant dei som har ansvaret for Den kulturelle skulesekken i fylka i Sør-Noreg. Ein god måte å syte for dette på er at samiske kulturinstitusjonar deltek aktivt og medverkar til å utvikle dei nettverka og arenaene som er etablerte i arbeidet med Den kulturelle skulesekken. Desse nettverka og arenaene er viktige møtestader for aktørar som arbeider med å organisere og produsere tilbod i Den kulturelle skulesekken.

Det er viktig at Sametinget og Kultur- og kyrkjedepartementet i framtida har ein tett dialog om formidlinga av samiske kunst- og kulturuttrykk i

Boks 4.10 Døme på samiske tilbod i Den kulturelle skulesekken

Mange tilbod i Den kulturelle skulesekken representerer samisk kunst og kultur - her er nokre døme:

- Rikskonsertane sine skulekonsertar har turnert med oppsetjinga "Med joik som utgangspunkt".
- Nordland fylkesbibliotek og sørsamisk bokbuss har samarbeidd med Den kulturelle skulesekken om å formidle samisk litteratur og samisk teater.
- Sverresborg, Trøndelag Folkemuseum har eit fast opplegg om samisk kultur for skuleelevar.
- Norsk kulturråd gav hausten 2007 tilskot til eit danseprosjekt for born og unge der den tradisjonelle joiken skal møte samtidsdansen.
- Den kulturelle skulesekken i Finnmark arrangerer hausten 2007 skriveverkstad med den unge, samiskspråklege forfattaren Sigbjørn Skåden. Skåden vart nominert til Nordisk Råds litteraturpris i 2007 for debutdiktsamlinga Skuovvadeddjiid gonagas.
- Troms fylkeskommune har i skuleåret 2007/2008 tilbod om ni samiske prosjekt innanfor uttrykka musikk, visuell kunst, scenekunst, litteratur og film. I tillegg er det samiske produksjonar ved dei kulturhistoriske musea.

Den kulturelle skulesekken, mellom anna i samsvar med konsultasjonsavtalen som er inngått mellom Sametinget og regjeringa. Departementet vil følgje utviklinga av formidling av samisk kunst og kultur nøye i åra framover.

4.8 Nasjonale minoritetar

Noreg ratifiserte i 1999 Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar. Dei nasjonale minoritetane i Noreg er jødar, kvenar, rom (sigøynarane), romanifolket (taterane) og skogfinnar. Kunnskap om nasjonale minoritetar er eit av læringsmåla for alle elevar i læreplanen for grunnskulen og vidaregåande opplæring. Etter 7. årstrinn skal elevane kunne gjere greie for kva

nasjonale minoritetar som er i Noreg, og kunne skildre hovudtrekk ved minoritetane si historie og levekår. Desse minoritetane har vore lite synlege i skuleverket og i det offentlege rom. Det er difor viktig at Den kulturelle skulesekken også er ein arena for formidling av dei nasjonale minoritetane sin kultur.

4.9 Formidling av kunst og kultur på nynorsk

Kultur- og kyrkjedepartementet arbeider for tida med ei stortingsmelding som skal skissere grunnlaget for ein sektorovergripande språkpolitikk. Ein føresetnad for ein slik politikk er at det blir lagt inn eit språkpolitisk perspektiv i all anna politikktutforming der dette er relevant. Målet er å styrkje både norsk språk generelt og nynorsk spesielt.

Skal nynorsk som den minst brukte av målformene kunne hevde seg, er det om å gjere at born og unge også får kulturimpulsar på nynorsk. Særleg viktig er det at elevar med nynorsk opplæringsmål møter si eiga målform på brei front i den formidlinga som skjer i skulen. Dei treng all den motvekt dei kan få mot den sterke bokmålspåverknaden utanfor skulen.

Auka vekt på å formidle kunst og kultur på nynorsk gjennom Den kulturelle skulesekken kan difor vere med å styrkje den språklege identiteten til nynorskelevane. Den kulturelle skulesekken vil på den måten bygge opp under dei pedagogiske målsetjingane i skulen og i større grad gjere skulen til ein berar og formidlar av språkleg og kulturell identitet.

Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar har dette språkpolitiske perspektivet i tankane i den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken og når dei legg konkrete planar for kunst- og kulturtilbodet i ordninga. I den samanheng er det ynskjeleg med eit visst tilbod på nynorsk også for bokmålselevar.

4.10 Likestilling

Kulturbruksmønsteret er ulikt hos kvinner og menn. Til dømes veit vi at jenter les meir litteratur enn gutar. Grunnlaget for ei interesse for kunst og kultur vert gjerne lagt i ung alder, og får konsekvensar for så vel bruk av fritid som val av yrkesveg. Vi ser dermed at jenter ikkje berre er meir aktive kulturkonsumentar på fritida, men òg at dei

oftare enn gutane vel ei utdanning innanfor kulturfeltet.

Ein styrke ved Den kulturelle skulesekken er at ordninga når alle elevar uavhengig av kjønn, sosial bakgrunn eller andre tradisjonelle skiljeliner som verkar inn på tilgjenge til og interesse for ulike kunst- og kulturuttrykk. Slik kan ordninga òg vere med på å viske ut den kjønnsbarte skilnaden vi ser på dette feltet.

Kultur- og kyrkjedepartementet har sidan 2006 endra rapporteringsrutinane for å få betre oversyn over likestillingsdimensjonen når det gjeld aktiviteten i kulturinstitusjonane. Rapporteringa syner store skilnader mellom dei ulike kunst- og kulturfelta. Medan kvinner og menn er nokolunde likt representerte på ein del felt, er det andre felt der det finst ei tydeleg skeivfordeling mellom kjønna. Spesielt i den norske filmbransjen er underrepresentasjonen av kvinner tydeleg,



Figur 4.11 «House Gymnastics»

Prosjektet «House Gymnastics» handlar om å ta i bruk kropp og rom på ein ny måte. «House Gymnastics» er eit spanande prosjekt med danseskulpturen Gitte Bastiansen og fotografen Ida Hjerkin. Biletet viser elevar ved Dokka ungdomsskule.

Foto: Ida Hjerkin

med ei kjønnsfordeling på omlag 80:20. Kvinner har i dag svært få nøkkelposisjonar i norsk film, som til dømes regissør, manuskriptforfattar eller produsent. Den same tendensen ser vi hos dei musea som stiller ut og kjøper kunst, der rapportane syner at kvinnelege kunstnarar er klårt underrepresenterte (omlag 70:30) både når det gjeld innkjøp og talet på verk som vert utstilte.

Skal ein ha eit mål om likestilling på kulturfeltet, må ein vere merksam på dei strukturelle skilnadene som eksisterer. Det er difor viktig at alle som arbeider med Den kulturelle skulesekken, anten det er som kunstnarar, administratorar eller pedagogar, har eit kritisk blick på korleis kjønn vert representert gjennom dei produksjonane og kunstuttrykka som skuleelevane møter.

5 Organiseringa av Den kulturelle skulesekken – status og vidare utvikling

Evalueringa frå NIFU STEP hevdar at det er behov for å gjennomgå korleis Den kulturelle skulesekken er organisert, med tanke på å forenkle ordninga. Konkret bør ein tydeleggjere arbeidsdelinga mellom kultur- og opplæringssektorane, styrkje dei konkrete samarbeidsarenaene og utvikle brubyggingsfunksjonar mellom aktørane.

Som drøfta i kap. 2 er det per i dag ikkje nokon grunn til å gjere større endringar i korleis Den kulturelle skulesekken er organisert. Høyringsfråsegnene syner at det er brei semje om at dagens organisering på tre nivå og i to sektorar medverkar til å tryggje kvalitet, samarbeid på tvers av kultur- og opplæringssektorane og lokal forankring. Røynslene talar for at ein også i framtida bør tilpasse organiseringa til lokale og regionale forhold. Statlege styresmakter i båe sektorane må leggje til rette for og stø opp under lokale og regionale satsingar.

Både evalueringa og høyringssvara syner at det er behov for å presisere styringslinjer og ansvarstilhøve i Den kulturelle skulesekken. Kommunikasjonen mellom forvaltingsnivåa og sektorane må sikrast. Satsinga må organiserast slik at kultursektoren og opplæringssektoren har klare roller og ansvar, men samarbeider om å planleggje og gjennomføre ordninga. Vidare bør kulturminneforvaltninga trekkjast meir aktivt med i samarbeidet.

5.1 Departementa og styringsgruppa

Den kulturelle skulesekken er organisert som eit samarbeid mellom kultur- og skulesektorane på tre forvaltingsnivå. Kultur- og kyrkjedepartementet har ansvaret for Den kulturelle skulesekken på nasjonalt nivå. Kultur- og kyrkjeministeren har ansvaret for fordeling av spelemidlar til kulturføremål, inkludert fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken.

Kultur- og kyrkjedepartementet samarbeider nært med Kunnskapsdepartementet om å utvikle ordninga. Departementa har ansvaret for at det vert sendt likelydande signal om ordninga til sine

sektorar. Kultur- og kyrkjedepartementet skal følgje opp og kontrollere at midlane vert nytta til føremålet og sikre at kvaliteten er høg.

Samarbeidet er organisert gjennom ei eiga styringsgruppe, leia av Kultur- og kyrkjedepartementet. Styringsgruppa er samansett av ein statssekretær frå kvart av dei to departementa, og gjev råd til kultur- og kyrkjeministeren i samband med utviklinga av Den kulturelle skulesekken. Dette omfattar råd om mål og verkemiddel for ordninga, og om rammefordelinga av økonomiske midlar som vert tildelte gjennom overskotet av spelemidlane til dette føremålet. Styringsgruppa vurderer spørsmål av politisk karakter, og formulerer satsingsområde for Den kulturelle skulesekken.

Evalueringsrapporten slår fast at samarbeidet mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet om Den kulturelle skulesekken har utvikla seg over tid, og at det er auka samforståing for oppgåver og rollefordeling.

Vidare utvikling

Ordninga med ei eiga styringsgruppe for Den kulturelle skulesekken vil halde fram. Styringsgruppa er viktig for å forankre samarbeidet mellom kultur og skule på departementsnivå, og er ein sentral møteplass på tvers av sektorane. Arbeidet med Den kulturelle skulesekken vil framleis vere ei prioritert oppgåve i begge departement.

5.1.1 Sekretariatet for Den kulturelle skulesekken

Det daglege ansvaret for å følgje arbeidet med Den kulturelle skulesekken er lagt til sekretariatet, organisatorisk plassert i ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum. Sekretariatet har ansvaret for å følgje opp Kultur- og kyrkjedepartementet sine tildelingar til nasjonale og regionale aktørar, innhente rapportar og statistikk, drive informasjonsarbeid og nettsider, og å skipe til møteplassar for aktørar på nasjonalt og regionalt nivå.

Sekretariatet har jamn kontakt med dei miljøa som er involverte i ordninga, og arbeider òg for ei fagleg utvikling i arbeidet med Den kulturelle skulesekken. Dette skjer mellom anna gjennom konferansar, nettverksmøte og idédugnader. Sekretariatet gjev departementa råd om satsinga på bakgrunn av faglege vurderingar. Sekretariatet skal samarbeide nært med Utdanningsdirektoratet om informasjon, nettverksarbeid og fagleg utvikling.

I evalueringsrapporten frå NIFU STEP og i fleire høyringsfråsegner vert det hevda at sekretariatet er lite synleg, og at det er uvisse og usemje om kva oppgåver sekretariatet skal ha. Fleire av høyringssvara tek også opp plasseringa av sekretariatet.

Då den kulturelle skulesekken vart oppretta vart sekretariatet plassert i ABM-utvikling. Ei plassering i ein ytre etat ville tryggje eit nært samarbeid mellom alle som har ansvar for spelemidlane og styrkje arbeidet med ei fagleg utvikling i ordninga. ABM-utvikling sin kompetanse og gode nettverk ville vere viktig i ein utviklingsfase. Eit sentralt prinsipp har vore at ordninga skulle utvikle seg utan sterk statleg styring og utan for mykje byråkrati. Sekretariatet har hatt to medarbeidarar i denne perioden.

Vidare utvikling

I oppbyggingsfasen av Den kulturelle skulesekken har det vore naudsynt å ha eit operativt sekretariat som har fungert som initiativtakar og pådrivar i utviklinga. Den kulturelle skulesekken er no ei meir etablert ordning. Strukturen er på plass, og ein kan arbeide med å gjere delar av ordninga betre. Faglege nettverk (sjå punkt 6.2) bør difor få ei viktigare rolle som pådrivarar i den vidare utviklinga av ordninga, og sekretariatet bør arbeide på eit meir overordna nivå. I den vidare utviklinga vil det vere naudsynt å styrkje arbeidet med rapportar, statistikk og analysar av Den kulturelle skulesekken.

Sekretariatet vil difor verte flytta frå ABM-utvikling til Kultur- og kyrkjedepartementet. Ei slik plassering vil knyte sekretariatsarbeidet nærare til dei samla forvaltingsoppgåvene i departementet, lyfte fram arbeidet med kultur for born og unge generelt og styrkje samanhengen mellom Den kulturelle skulesekken og kulturfeltet elles. Vilkår for ei slik plassering er at rapporteringsarbeidet framleis vert gjort gjennom ABM-utvikling, sjå punkt 6.5.

Sekretariatet skal ha ansvaret for å koordinere arbeidet med Den kulturelle skulesekken på eit

overordna plan. Det skal utvikle infrastruktur, gode nettverk og møteplassar, drive informasjonsarbeid og hente inn rapportar og statistikk. Sekretariatet skal arbeide tett mot opplæringssektoren, kultursektoren og det operative leddet på alle nivå. Sekretariatet skal førebu møter i styringsgruppa.

5.1.2 Referansegruppa for Den kulturelle skulesekken

Ei fagleg referansegruppe for Den kulturelle skulesekken har verka i perioden 1.3.2003–31.12.2007. Referansegruppa er samansett av personleg oppnemnde medlemmer frå både kultur- og opplæringssektoren.

I ei satsing som Den kulturelle skulesekken må dei som tek avgjerdene, ha ei brei kontaktflate, og det må førast eit uavbrote ordskifte om innhald og form i Den kulturelle skulesekken. I byrjinga var det særleg viktig å få fram mange synspunkt, og ei referansegruppe var eit nyttig verktøy òg for å gje satsinga naudsynt legitimitet.

Evalueringa av skulesekken påpeikar at referansegruppa er stor, har mange interesser og spelar fleire roller. Mandatet er vagt, og det er ei svak kopling mellom styringsgruppa sitt arbeid og referansegruppa. Evalueringa tilrår ei gruppe med meir fagleg tyngd og innsikt innan systemtenking på alle nivå, og at lærarar og foreldre bør vere representerte.

Departementet meiner at den komplekse satsinga og dei mange involverte aktørane gjer at det ikkje er optimalt med ei fast referansegruppe i vidareutviklinga av Den kulturelle skulesekken. Då referansegruppa vart utnemnd i 2003, forsøkte ein å femne om og inkludere representantar frå dei fleste aktørgruppene i Den kulturelle skulesekken utan at gruppa skulle verte for stor. Departementet meiner at dette berre delvis har vore velukka. Referansegruppa har i implementeringsfasen fungert som ein arena der ulike meiningar og synspunkt har kome fram. Referansegruppa sine medlemmer har hatt mange innspel som har vore viktige i politikktutforminga.

Vidare utvikling

For å få ein god og kontinuerleg debatt rundt dei sentrale spørsmåla i Den kulturelle skulesekken legg departementet i staden opp til fleksible ordningar med ulike forum som er tilpassa dei problemstillingane som skal diskuteras, og som har representantar frå bae sektorane. Dette kan vere dialogkonferansar, høyringsmøte, idédugnader

eller ad hoc-grupper med deltakarar som kan gje faglege råd. Ei slik arbeidsform vil tryggje at ein får naudsynnte innspel for å styre satsinga i ynskt lei, og at involverte partar vert høyrde i saker som dei er opptekne av.

5.2 Aktørar i opplæringssektoren

5.2.1 Utdanningsdirektoratet

Utdanningsdirektoratet har ansvaret for utviklinga av grunnskule og vidaregåande opplæring, og er Kunnskapsdepartementets utøvande organ. Utdanningsdirektoratet vart etablert i 2004, og overtok oppgåvene frå det tidlegare Læringssenteret. Direktoratet har ansvar for tilsyn med opplæringa samt forvaltninga av embetsstyringa og sentrale lover og forskrifter. Direktoratet har også ansvaret for all nasjonal statistikk for grunnopplæringa. Kunnskapsdepartementet har til no delegert alt ansvaret for oppfølginga av Den kulturelle skulesekken til Utdanningsdirektoratet.

Gjennom den nyleg framlagde strategiplanen for kunst og kultur i opplæringa 2007–2010 *Skapende læring*, skal Utdanningsdirektoratet medverke til at Den kulturelle skulesekken inngår i det faglege arbeidet i skulen og medverkar til å nå læringsmåla.

5.2.2 Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa

Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa vart etablert 1. januar 2007. Senteret er etablert for å følgje opp fleirtalsregjeringa sin politiske plattform, St.meld. nr. 39 (2002-2003) *Ei blot til lyst* og Innst. S. nr. 131 (2002-2003). Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa mottok seks mill. kroner over Kunnskapsdepartementets budsjett i 2007. Senteret er lokalisert til Høgskolen i Bodø.

Senteret skal vere eit nasjonalt ressurscenter for kunst og kultur i opplæringa og femne om barnehage, grunnskule, kulturskule og vidaregåande opplæring. Ei sentral oppgåve vil vere å gjennomføre strategiplanen for kunst og kultur i opplæringa.

Målgruppa er i første rekkje førskulelærarar, lærarar som underviser i kunst og kultur i grunnopplæringa og i lærarutdanninga, skuleleiarar, studentar, forskarar og læremiddelutviklarar. Senteret skal samarbeide med relevante fagmiljø nasjonalt og internasjonalt.

Fleire av høyringssvara etterlyser ei sterkare forankring av Den kulturelle skulesekken i opplæringssektoren på sentralt nivå. Det nyoppretta

Boks 5.1 Fellesrådet for kunstfagene i skolen

Fellesrådet for kunstfagene i skolen er ei samanslutning av Dans i skolen (DiS), Landslaget for Drama i skolen (LDS), Landslaget for medieundervisning i skolen (LMU) og Landslaget for norskundervisning (LNU). Musikk i Skolen og Kunst og Design i skolen har meldt seg ut av Fellesrådet, men får framleis tilskot kanalisert gjennom rådet.

Fellesrådet for kunstfagene i skolen har som føremål å arbeide for å styrkje kunst- og kulturfaga i skulen og stimulere til kompetanseheving og samarbeid mellom kunstfaga i opplæring og utdanning. Fellesrådet er finansiert over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett. Tilskotet i 2007 er 3,654 mill. kroner. For 2008 er det statlege tilskotet 3,911 mill. kroner.

Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa ved Høgskolen i Bodø kan verte ein viktig aktør for å betre på dette.

Vidare utvikling

Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil arbeide vidare med å styrkje koordineringa mellom kultursektoren og opplæringssektoren nasjonalt og lokalt. Ein lekk i dette er å vurdere kva rolle Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa skal ha i samband med Den kulturelle skulesekken

Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa kan verte ein viktig ressurs i arbeidet med Den kulturelle skulesekken framover. Senteret kan medverke til meir formidlings- og implementeringskompetanse om kunst og kultur og ei sterkare forankring av Den kulturelle skulesekken i opplæringssektoren. Saman med sekretariatet for Den kulturelle skulesekken kan senteret medverke til å styrkje nettverksarbeidet og kompetanseutviklinga i ordninga.

5.2.3 Fylkesmannen

Ein viktig samarbeidspartnar for fylkeskommunane er utdanningsavdelinga hjå Fylkesmannen. Fylkesmannen skal først og fremst kvalitetssikre grunnopplæringa, noko som skjer gjennom rap-

Boks 5.2 Godt samarbeid

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag initierte i 2002 nettverksprosjektet «Skap muligheter med Den kulturelle skulesekken». 17 skular i fylket deltok i prosjektet. Målet var å utvikle ein større kompetanse innanfor arbeidsfeltet kultur og skule.

Skulane laga sine eigne planar for arbeidet med kunst og kultur i skulen, der Den kulturelle skulesekken gjekk inn som eitt av fleire element. Lærarane vart medvitne om ordninga og kva ho kunne medverke til i skulen sitt arbeid.

Resultatet av dette prosjektet er mellom anna at dei skulane som deltok, er svært gode samarbeidspartnarar for fylkeskommunen i arbeidet med Den kulturelle skulesekken. Rollene er avklarte, og nettverka er styrkte.

portering, vurdering og rettleiing. Fylkesmannen fører dessutan tilsyn med oppfølginga av lovverket for grunnskule og vidaregåande opplæring, og handsamar klagesaker etter nærare reglar i opplæringslova.

Fylkesmannen si utdanningsavdeling skal medverke til at Den kulturelle skulesekken vert forankra på alle nivå i opplæringssektoren, som ein del av arbeidet med kvalitetssikringa i skulen. I samsvar med *Kompetanse for utvikling. Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008* (Utdannings- og forskingsdepartementet 2004) skal fylkesmannen også rettleie kommunane i samband med kompetanseutvikling og samarbeid mellom skuleeigarar, universitet, høyskular og andre fagmiljø.

Fylkesmannen har i mange år hatt ansvaret for Rikskonsertane si turnélegging. Frå skuleåret 2007–2008 har fylkeskommunane overteke dette ansvaret.

Vidare utvikling

I den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken må det leggjast til rette for eit systematisk og forpliktande samarbeid mellom den kulturansvarlege avdelinga i fylkeskommunen og utdanningsavdelinga hjå fylkesmannen. Dette bør ideelt sett inngå som eit punkt i dei planane fylkeskommunane utarbeider.

5.3 Fylkeskommunane

Fylkeskommunane har fått eit særleg ansvar i utviklinga av Den kulturelle skulesekken. Dei forvaltar den største delen av spelemidlane, og dei har ansvar for å tilby kommunane kunst- og kulturproduksjonar av høg kvalitet. Fylkeskommunane skal også medverke til å utvikle ordninga i kommunane, og dei har gjennom ordninga teke på seg eit ansvar for å samordne tilbodet regionalt.

80 prosent av spelemidlane går i dag til lokale og regionale tiltak. I 2007 tilsvarer dette 134 mill. kroner. Av desse midlane vert 122 mill. kroner fordelte via fylkeskommunane til Den kulturelle skulesekken i grunnskulen, 6 mill. kroner er fordelte til sju fylkeskommunar for ei prøveordning i vidaregåande opplæring og 6 mill. kroner går direkte til seks vitensenter. Midlane til fylkeskommunane vert fordelte etter ein nøkkel som tek omsyn til elevtal, geografiske avstandar og kulturell infrastruktur i fylket.

Fylkeskommunane har ansvar for å tilby kommunane kunst- og kulturproduksjonar av høg kvalitet. Av dei statlige midlane til fylket skal minimum ein tredel gå til eit slikt tilbod i form av innkjøp av

Tabell 5.1 Fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken i grunnskulen i 2007 (i NOK)

Østfold	6 290 729
Akershus	10 808 543
Oslo	7 933 998
Hedmark	5 441 008
Oppland	5 315 776
Buskerud	6 242 535
Vestfold	5 686 312
Telemark	4 844 611
Aust-Agder	3 712 832
Vest-Agder	4 915 443
Rogaland	9 762 535
Hordaland	10 134 180
Sogn og Fjordane	4 434 496
Møre og Romsdal	6 924 971
Sør-Trøndelag	7 021 312
Nord-Trøndelag	4 558 477
Nordland	7 693 991
Troms*	5 501 404
Finnmark	4 776 848

* I tilskotet til Troms fylkeskommune er det inkludert kr 100 000 til Svalbard

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet

produksjonar, turnéring eller formidling av desse. Eit nærare oversyn over innhaldet og omfanget av fylkeskommunane sine tilbod er nærare omtala i punkt 4.2.

Ein tredel av midlane skal fordelast vidare til kommunane, og den siste tredelen skal fordelast av fylkeskommunen slik det er mest føremålstenleg i det enkelte fylket.

Rekneskapane for 2006 syner at halvparten av fylkeskommunane fordeler om lag ein tredel av midlane vidare til kommunane. Dei andre fylka fordeler frå ein halvpart til to tredelar til kommunane.

Som regional utviklingsaktør spelar fylkeskommunane også ei viktig rolle i å forvalte dei distriktspolitiske og regionalpolitiske verkemidla. I tillegg til spelemidlane nyttar dei aller fleste fylkeskommunane delar av sine egne kulturmidlar på Den kulturelle skulesekken. Sjå kap. 7 for eit oversyn over fylkeskommunane sine utgifter og inntekter i samband med Den kulturelle skulesekken i 2006–2007.

Fylkeskommunane skal forankre samarbeidet med skulen gjennom fylkesmannen og kommunen som skuleeigar. Skriftlege avtalar med kommunane medverkar til å sikre alle elevane jamlege møte med Den kulturelle skulesekken. Dette gjer også planlegginga og rolleavklaringa mellom fylkeskommunen og kommunane enklare.

Fylkeskommunane skal nytte lokale og regionale kunst- og kulturressursar i arbeidet med Den kulturelle skulesekken, og dessutan samarbeide med nasjonale aktørar som formidlar kunst og kultur til skuleelevar. Også representantar frå aktuelle høgskular, kultursektoren og opplæringssektoren bør vere involverte i samarbeidet på fylkesnivå.

Den fylkeskommunale satsinga på Den kulturelle skulesekken skal vere politisk handsama. Når fylkeskommunen planlegg Den kulturelle skulesekken, må han hente inn og ta omsyn til innspel frå kommunar, skular og kultursektoren. I den årlege rapporteringa skal det visast korleis fylkeskommunen koordinerer, administrerer og sjølv medverkar til Den kulturelle skulesekken. Rapporten skal også vise nettverksarbeid og anna samarbeid med kommunane, samarbeid mellom kultur- og skulesektor på fylkesnivå og med kulturinstitusjonar regionalt og nasjonalt.

Ein viktig del av arbeidet i fylka er å etablere nettverk med kommunane og med kunst- og kulturmiljøa i regionen. Alle fylke har ein eigen koordinator for Den kulturelle skulesekken. Eit par gongar i året arrangerer sekretariatet for Den kul-

turelle skulen nettverksmøte med fylkeskoordinatorane for å drøfte faglege og praktiske spørsmål.

I evalueringa av Den kulturelle skulesekken vert det tilrådd å gjennomgå styringsliner og organ på fylkesnivå for å medverke til ein slankare organisasjon for Den kulturelle skulesekken. Fylkeskommunane bør ifølgje tilrådinga særleg sjå etter at målgruppa vert høyrd i utviklinga av ordninga.

Vidare utvikling

Dagens modell, der fylkeskommunen og kommunane har ansvaret for å forvalte størstedelen av midlane til Den kulturelle skulesekken, vert vidareført. Fordelen med ordninga er at kompetansen lokalt og regionalt vert utnytta gjennom samarbeid og nettverk. Dette er med på å sikre kvaliteten på tilbodet som vert gjeve gjennom Den kulturelle skulesekken. Dei regionale turnéordningane medverkar òg til at kulturtilboda vert godt nytta, mellom anna gjennom ei effektiv turnélegging.

Den einskilde fylkeskommunen skal organisere eit godt og profesjonelt tilbod til elevane slik det høver best i kvart fylke. Regional og lokal fri-dom skal difor framleis vere eit sentralt prinsipp i ordninga.

Det er viktig å både forankre Den kulturelle skulesekken i kvar kommune og skule, sikre kvaliteten på tilbodet og tryggje at alle får eit tilbod. Departementet meiner at desse utfordringane best kan møtast gjennom eit godt samarbeid mellom regionalt og kommunalt nivå, og på tvers av kultur- og skulesektorane. I det vidare arbeidet bør fylkeskommunane og kommunane inngå konkrete samarbeidsavtalar om mellom anna arbeidsdeling og kompetansetiltak.

Det er viktig å forankre Den kulturelle skulesekken i opplæringssektoren gjennom eit godt samarbeid med fylkesmannen og kommunen som skuleeigar. I vidareutviklinga av ordninga til vidaregåande opplæring er eit nært samarbeid med fylkeskommunens utdanningsavdeling og rektor-kollegiet naudsynt. Ein bør finne løysingar i fylka som sikrar god dialog med brukarane. Det må vidare leggjast vekt på fylkeskommunen sin rolle som regional kulturminneforvaltning. Dette kan medverke til å sikre kulturarven i Den kulturelle skulesekken.

Gode dataverkty for logistikk og rapportering er viktige i fylkeskommunens arbeid. Dette er nærare omtala i punkt 6.5.

5.3.1 Nordland og Akershus – døme på to ulike fylkesmodellar i Den kulturelle skulesekken

Nordland og Akershus fylke er døme på to fylke som har organisert arbeidet ulikt, men som likevel har lukkast i å nå måla i Den kulturelle skulesekken. I utgangspunktet er fylka svært ulike, med store avstandar og spreidd busetnad i Nordland, medan folk i Akershus bur tett, skulane er mange og store, og dei store kulturinstitusjonane i hovudstaden ligg nær.

Styrken i modellen som er vald i Nordland, er at den lokale forankringa til og entusiasmen rundt Den kulturelle skulesekken er særleg sterk, og at den enkelte skulen og kommunen i stor grad har vore med og bestemt innhaldet i Den kulturelle skulesekken. Det har vore gjort eit stort og viktig arbeid frå fylkeskommunen si side for å rotfeste dette arbeidet lokalt.

Styrken i modellen til Akershus er at dei på regionalt nivå har utvikla stor kompetanse om produksjonar i Den kulturelle skulesekken innanfor alle uttrykka. Formidlingsaktøren Kultur.akershus har produsentar knytte til kvart uttrykk, og ligg svært langt framme i å utvikle nye formidlingsformer, til dømes innan kulturarv, film og i sjangeroverskridande prosjekt. Fleire av produksjonane frå kultur.akershus vert trekte fram i nasjonal samanheng.

Nordland

Nordland fylke har om lag 33 500 elevar fordelt på 252 skular i 44 kommunar. Dei statlege spelemidlane til Den kulturelle skulesekken i fylket er på om lag 7,7 mill. kroner, og fylkeskommunen brukar 2,6 mill. kroner av eigne midlar til tiltaket. Midlane frå fylkeskommunen går til administrasjon medrekna arbeidet med skulekonsertane.

Fylkeskommunen fordeler 50 % av spelemidlane vidare til alle kommunane som har ein godkjend plan for Den kulturelle skulesekken. Tilskottet skal nyttast til eigeninitierte prosjekt og kjøp av kunst- og kulturproduksjonar. Bodø kommune har valt direkte tildeling av spelemidlane og får difor i tillegg sin relative del av fylket sine midlar. Sjå også omtale i punkt 2.3 og 5.4.

Nordland fylkeskommune har fire satsingsområde i sin plan for Den kulturelle skulesekken. Desse er kompetanse, lokale utviklingsprosjekt, kunstproduksjonar og regionale satsingsområde. Det siste området omfattar produksjonar som

kommunane ikkje sjølve har kapasitet eller kompetanse til å gjennomføre.

Ved oppbygginga av Den kulturelle skulesekken i Nordland byrja dei med dei lokale utviklingsprosjekta, slik at ein frå første stund fekk til ei lokal forankring. I dag har 41 av dei 44 kommunane i fylket utarbeidd ein eigen plan for Den kulturelle skulesekken. Planane er politisk handsama, og alle gjev uttrykk for eit ynske om å ta i bruk Den kulturelle skulesekken som eit viktig tiltak i kommunen.

Kontakten mellom kommunane og fylkeskommunen er god, og fylkeskommunen fungerer som rettleiar, pådrivar og kvalitetssikrar av innhaldet. Kontakten til skulane går primært gjennom kommunekontaktane.

I skuleåret 2006–2007 fekk alle dei 44 kommunane minst to scenekunstframсыningar og to skulekonsertar gjennom fylket. I tillegg fekk kommunane tilbod frå fylket innan visuell kunst, kulturarv, film, litteratur og sjangeroverskridande uttrykk.

Fylkeskommunen har i modellen sin prioritert å gje skulane kunstnarleg og kulturell røynsle gjennom praksisprosessar som opnar for direkte møte mellom elevar og kunstnarar. Responsen har vore positiv, og kunstverkstader er svært attraktive og populære tilbod i Den kulturelle skulesekken i Nordland.

Fylkeskommunen meiner sjølv at den største utfordringa er å få Den kulturelle skulesekken til ikkje berre å verte sett på som 'ei forfriskande skulestund' i ein travel kvardag, men òg som ein medviten og aktiv del av det ordinære arbeidet i skulen.

Akershus

Akershus har om lag 73 000 elevar fordelt på 262 skular i 22 kommunar. Dei statlege spelemidlane til Den kulturelle skulesekken i fylket utgjer 10,8 mill. kroner, og fylkeskommunen brukar 7 mill. kroner av eigne midlar til tiltaket. Fylkeskommunen fordeler 58 % av spelemidlane til kommunane. Lørenskog kommune har valt direkte tildeling av midlane, og får difor 100 %.

Før Den kulturelle skulesekken vart ei nasjonal satsing i 2003 hadde fylkeskommunen etablert fleire formidlingsordningar. I tillegg til Rikskonsertane, hadde elevar i fylket fått møte kunst og kultur gjennom Pilotgalleriet og Mediefabrikken. Pilotgalleriet har sidan 1993 vore eit godt etablert formidlingsnettverk til alle skulane i 19 kommunar, og Mediefabrikken tilbyr profesjonell formidling av film til born og unge i fylket.

Boks 5.3 «Spacestation Nordland»

«Spacestation Nordland» er ei vandreutstilling som handlar om livet på den internasjonale romstasjonen ISS. På den verkelege ISS bur og arbeider astronautar frå heile verda. På utstillinga fekk elevane teste korleis livet er på romstasjonen. Korleis kan ein arbeide i vektlaus tilstand? Kva et astronautane? Korleis går dei på do? Saman med kunstnarar innan visuell kunst og scenekunst fekk elevane forme, skape og bygge ein eigen romstasjon.

«Spacestation Nordland» var eit særskilt vellykka prosjekt både med omsyn til innhald og til formidling. Ei rein kulturoppleving, samstundes som elevane lærte noko om fysikk, astronomi og filosofi. Prosjektet vart finansiert i eit samarbeid mellom Norsk Luftfartsmuseum og Nordland fylkeskommune. Museet stilte med personalressursar og arena, medan fylkeskommunen lønte kunstnarane og betalte for reisa til elevane.

Då Den kulturelle skulesekken vart etablert, ynskte fylkeskommunen å koordinere alle kulturtilboda til skulane. Dei har satsa sterkt på å få til ein brei kulturproduksjon og ei turnéordning der alle born i fylket får møte profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar innanfor alle uttrykka.

I kjølvatnet av den nasjonale evalueringa utført av NIFU STEP, gjennomførte fylkeskommunen ei brukarundersøking av Den kulturelle skulesekken i fylket (Line Prøis Kristiansen, 2007). Fire kommunar deltok i undersøkinga, og det vart gjennomført intervju med elevar, kulturkontaktar på skulane og kontaktpersonar i kommunen. Problemstillingane var knytte til korleis Den kulturelle skulesekken er implementert i skulekvardagen til elevane, og korleis satsinga har vore organisert på skulenivå. Det vart også sett søkjelys på elevane si eiga oppleving av dei enkelte kultur møta, sjå omtale i punkt 2.4.

5.4 Kommunane

Kommunane skal i samarbeid med fylkeskommunane medverke til å utvikle eit heilskapleg tilbod i Den kulturelle skulesekken for alle skulane. Som skuleeigar er kommunane ansvarlege for å trygje at arbeidet med Den kulturelle skulesekken

vert integrert i skulen si verksemd. Kommunen som skuleeigar bør sjå arbeidet med Den kulturelle skulesekken i samanheng med måla i strategiplanen for kunst og kultur i opplæringa.

Kommunane får mellom 1/3 og 2/3 av spelemidlane til Den kulturelle skulesekken fordelt via fylket. Det er fylkeskommunen som i samråd med kommunane bestemmer fordelingsbrøken mellom fylkeskommunen og kommunane, men kommunane skal minimum få 1/3. Midlane til kommunane vert fordelte etter fordelingsnøkkelen for kvalitetsutviklingsmidlar i grunnskulen. Midlane skal nyttast til føremålet, og kan ikkje brukast til å løne faste faglærarar eller faglærarar utanfrå. Rapporteringa for 2006–2007 syner at kommunane fekk fordelt 53 mill. kroner av dei spelemidlane som fylkeskommunane forvaltar. Dette er meir enn den tredelen fylkeskommunane er pålagde å fordele vidare. Sjå punkt 7.1.

Dei fire kommunane Bergen, Bodø, Lørenskog og Karmøy har ynska og fått sin relative del av fylket sine spelemidlar direkte. Desse kommunane deltek ikkje i fylkeskommunane sine tilbod, med organiserer alle tilbod i Den kulturelle skulesekken sjølve. Departementet har fram til no sett som krav at kommunane må ha minst 30 000 innbyggjarar for å få spelemidlane direkte. Sjå nærare omtale i punkt 2.3.

Det er stor skilnad på korleis og kor mykje kommunane i Noreg satsar på Den kulturelle skulesekken. Det er mange døme på kommunar som har kome langt i både å integrere gode lokale ressursar, bruke det beste av tilboda frå fylkeskommunen og lage eigne, nyskapande prosjekt. Andre kommunar har kome kortare.



Figur 5.1 «Spacestation Nordland»

Elevar frå Salten arbeider med prosjektet «Spacestation Nordland». Dei lagar sitt eige verdsrom.

Foto: Norsk Luftfartsmuseum

Kommunane rapporterer til fylkeskommunane og ikkje til sentralt hald. Departementet har førebels ikkje gode nok grunnlagstal for å gje eit fullstendig bilete av innhaldet og omfanget av kommunane sitt tilbod. Det vil bli arbeidd vidare med å utvikle rapporteringssystemet, mellom anna for å få meir informasjon om aktiviteten i kommunane, jf. punkt 6.5.

Rapporteringa for skuleåret 2006–2007 viser at 203 kommunar har eit formalisert samarbeid med fylkeskommunen. Dette betyr at det ligg føre ei skriftleg avtale mellom den enkelte kommunen og fylkeskommunen der ansvar og plikter for begge partar er definerte.

Rapporteringa viser også at alle kommunane i landet, med unntak av dei fire kommunane som får spelemidlar direkte, har eit samarbeid med fylkeskommunane. Dette betyr at kommunane har levert inn ein kortfatta plan til fylket som viser korleis kommunen vil arbeide med Den kulturelle skulesekken lokalt. Denne planen utløyser spelemidlar til kommunen. I mange kommunar er arbeidet med Den kulturelle skulesekken også nedfelt i kommunale planar for kultur- og opplæringssektoren og på kvar einskild skule.

Fylkeskommunane spelar ei viktig rolle i å støtte kommunane sitt arbeid. Fleire fylke og kommunar har til dømes etablert godt fungerande kulturkontaktordningar som sikrar samarbeidet mellom sektorane. Fylkeskommunen har ofte ein kontaktperson i kvar kommune, og mange kommunar har gode røymsler med å ha kulturkontaktar på dei enkelte skulane. Rapporteringa for 2006–2007 viser at 243 kommunar har ei ordning med kulturkontaktar. 16 av fylka har medverka til kompetansetiltak for utdanningssektoren, og 14 fylke har medverka til kompetansetiltak for kultursektoren.

Vidare utvikling

Ei utfordring for mange kommunar er å sikre at tilboda som vert utvikla lokalt, har høg kvalitet. I mange tilfelle vert det lagt for lite vekt på kvalitetssikringa av dei møta som elevane får gjennom Den kulturelle skulesekken. Ei utfordring vidare må også vere å stimulere kommunane til å vere meir dristige og nyskapande når dei vel ut og utviklar innhald i ordninga. Kommunane bør også vurdere samarbeid med andre kommunar for å sikre at tilboda vert godt utnytta.

Ein fordelingsmodell med ein større del av midlane til kommunane vil kunne sikre forankring hjå skuleeigar og i skulane, medan utfordrin-

Boks 5.4 Kunsten å kome og kunsten å ta i mot

Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd eit hefte for kulturkontaktane på skulane og eit hefte med tilsvarende tips og retningsliner for kunstnarar på turné i regi av Den kulturelle skulesekken. Det gjer at både skulane og kunstnarane kan bu seg betre til møta.

<http://sff.ksys.copyleft.no/home/>

gane vil vere kvalitetssikring, turnéorganisering, nettverksarbeid og anna samarbeid regionalt. Ein slik fordelingsmodell vil også seie at kommunane må nytte eigne midlar til administrasjon.

Evalueringsrapporten om Den kulturelle skulesekken og fleire av høyringsfråsegnene peikar på at skule- og lærarnivået må delta meir tydeleg i dei organa som tek avgjerder om Den kulturelle skulesekken. Dette vil kunne tryggje samarbeidet mellom sektorane. I arbeidet med å utvikle ordninga må kommunane syte for at skulane kan gje innspel til innhaldet i og organiseringa av satsinga.

Departementet meiner det må vere opp til kommunane og fylkeskommunane å verte samde dersom ein kommune, eller fleire kommunar i eit interkommunalt samarbeid ikkje ynskjer å ta imot fylket sine tilbod, men i staden ynskjer å få tildelt sin relative del av fylket sine spelemidlar. Det skal ikkje lenger vere eit krav at kommunen må ha over 30 000 innbyggjarar. Vilåret for ei slik ordning er at kommunen er i stand til å sikre prinsippa for ordninga og vert samde med fylkeskommunen om korleis ordninga skal gjennomførast.

Kommunar som ynskjer å vere med i ei slik ordning, må gjennom planar framstille korleis dei har tenkt å ivareta dei ulike uttrykka. Dei må syne til politisk forankring, eigen ressursbruk, deltaking i nettverk og etablert samarbeid mellom skule- og kultursektor. Det må stillast krav til nyskaping og kvalitetssikring på lik linje med dei krava som vert stilte til fylkeskommunane.

5.5 Skular og kulturskular

Skuleleiinga og lærarane er brubyggjarar mellom elevane og Den kulturelle skulesekken. Læraren er ein viktig rollemodell for elevane i møtet med kunst og kultur. Gjennom tilrettelegging, føre- og etterarbeid, skal læraren medverke til at Den kul-

turelle skulesekken vert ein viktig ressurs i undervisninga. Arbeidet med Den kulturelle skulesekken skal vere ein del av skulen sitt faglege arbeid og bidra til å realisere skulen sine læringsmål.

Skulen har eit viktig ansvar for å knyte opplevingane og innhaldet saman med den ordinære undervisninga på skulen før og etter kunst- og kulturaktiviteten. Det er også viktig at utøvarar og tilbydarar medverkar til at innhaldet i Den kulturelle skulesekken kan relaterast til skulen si verksemd.

Det er svært viktig at Den kulturelle skulesekken står for ein planlagd og ynskt del av skuletida. Skulen treng å vite i god tid kva som kjem i Den kulturelle skulesekken, slik at dei kunst- og kulturopplevingane som elevane får gjennom ordninga, blir meir enn ei kort vitjing. Aktivitetane i Den kulturelle skulesekken må difor vere klare på eit så tidleg tidspunkt at skulane kan leggje dei inn i sine halvårsplanar.

Fleire høyringsfråsegner peikar på kor viktig det er å forankre Den kulturelle skulesekken i skulen si leing. Ein engasjert rektor er dei fleste stader ein føresetnad for suksess. Ei ordning med

kulturkontaktar på skulane sikrar forankringa i skulen, og forenkler kommunikasjonen mellom dei ulike aktørane. Kulturkontakten på skulen fungerer også som ein bindeled mellom det administrative apparatet i kommunen og/eller fylket.

Det bør vere kommunen som skuleeigar som har ansvar for å etablere slike ordningar. Nokre kommunar syter for ekstra ressursar til kulturkontaktane, både i form av løn og faglege opplegg. Fleire fylke har faglege opplegg for kontaktpersonane i dei enkelte kommunane.

Mange skular har gode røymsler med å la elevane delta aktivt i å planleggje og leggje til rette ved kunstnarvitjingar på skulen. Slike kulturvertordningar er ofte vellukka, sjå boks 4.1.

Dei kommunale kulturskulane har utvikla seg frå å vere reine musikkskular til å femne om fleire kunst- og kulturuttrykk. I Kunnskapsdepartementets strategiske plan for kunst og kultur i opplæringa vert det peika på at kulturskulane kan vere lokale ressurscenter som samarbeider med skulane, frivillige aktørar og det lokale kulturlivet. Gjennom pedagogisk rettleiing og arbeid kan kulturskulane medverke til at Den kulturelle skulesekken vert forankra i skulen og nytta aktivt i undervisninga. Det er kommunen som skuleeigar som må leggje til rette for dette.

Norsk kulturskoleråd har i dei siste åra initiert fleire større prosjekt som har som mål å medverke til å utvikle kulturkompetansen i skulen, både hjå lærarar og elevar. Eit av desse prosjekta er kalla KOM (Kreativt oppvekstmiljø). KOM tilbyr interesserte skular nettverkssamlingar for lærarar og skuleleinga, og arbeid med kulturakti-

Boks 5.5 Den kulturelle skulesekken i Vestre Slidre

I Vestre Slidre i Oppland har dei to skulane Røn og Slidre felles målsetjing og eit tett samarbeid. Skulane samarbeider godt med den lokale kulturskolen. Skulane har om lag 230 elevar. Skulane arbeider for å integrere kultur generelt, og Den kulturelle skulesekken spesielt i skulekvardagen. Sidan 1996 har profesjonelle utøvarar vorte knytte til skulane i ulike prosjekt. Skulane har òg vore aktive brukarar av turnétilboda frå fylkeskommunen.

I 2006–2007 hadde skulane prosjektet «Kultur for alle. Kulturskolen tek over skulen.» Skulane ynskjer å gje fleire elevar høve til å få undervisning frå kulturskolen i skuletida. Kulturskolen gjev no eit halvtimestilbod to gonger i veka for alle elevane i ein utvida skuledag.

Det som pregar arbeidet er at skulane er medvitne om kor nyttig det kan vere å bruke profesjonelle kunstnarar, det lokale kulturlivet og kulturhistoria i undervisninga. Måla for skulane i arbeidet med Den kulturelle skulesekken er oppleving, inspirasjon, deltaking, eigen kreativitet og inkludering. Mottoet er: *Kulturen har bruk for alle!*



Figur 5.2 Verkstad med dokkemakar i Svolvær

Elevar ved Svolvær barne- og ungdomskole er på verkstad med dokkemakaren Ulrike Quade. Initiativet er eit samarbeid mellom Den kulturelle skulesekken i Nordland, skulen og Figurteateret i Nordland.

Foto: Geir-Ove Andersen/Figurteateret i Nordland

vitetar på skulane. Det gjev skulane høve til å pløye djupare i større prosjekt enn det er rom for innanfor Den kulturelle skulesekken, som har som mål å vere for alle elevane.

Profesjonelle kunst- og kulturutøvarar som òg er tilsette i kulturskulane, vert på same måte som

andre lokale kunstnarar nytta som utøvarar eller produsentar av lokale prosjekt i Den kulturelle skulesekken. Det er viktig å skilje mellom rolla som lærar i kulturskulen og det å vere profesjonell kunstprodusent.

6 Særskilde satsingsområde i den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken

6.1 Utviding av Den kulturelle skulesekken til vidaregåande opplæring

I ei utgreiing som ABM-utvikling gjorde på oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet i 2006, var konklusjonen at ein kulturell skulesekk er ynskjeleg både for barnehageborna og for elevane i vidaregåande opplæring. Regjeringa ynskjer å utvide Den kulturelle skulesekken til vidaregåande opplæring.

Elevar i vidaregåande opplæring er i ein fase av livet der viktige val vert fatta. Dette gjeld til dømes spørsmål om identitet, vidare utdanning og bustad. Kunst og kultur kan gje elevar i aldersgruppa 16–18 år verdfulle rom for refleksjon kring dei spørsmåla som dei er opptekne av. Vidare kan møte med kunst og kultur også gje elevar fellesopplevingar som skulekvardagen elles ikkje legg til rette for.

I prinsippa for opplæring i Kunnskapsløftet vert det vektlagt at elevane skal møte kunst- og kulturformer som uttrykkjer individualitet og fellesskap, og som stimulerer til kreativitet og nyskapande evner. Utvidinga av Den kulturelle skulesekken vil medverke til å sikre desse prinsippa i undervisninga. Kunnskapsløftet set grunnskulen og vidaregåande opplæring i samanheng, og den generelle delen av læreplanen og prinsipp for opplæringa gjeld for baa trinna. Sett i samband med grunnskulen kan den vidaregåande opplæring i større grad sjåast på som eit første steg mot yrkeslivet og vidare studium. Den vidaregåande opplæringa har fleire enkeltemne som elevane kan velje mellom, og lærarane er i større grad spesialiserte innanfor fagfeltene sine.

Ungdom som har fullført grunnskulen eller tilsvarende opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 3-1. Det er fylkeskommunane sitt ansvar å oppfylle denne retten. For skuleåret 2005–2006 var det registrert om lag 180 000 elevar i vidaregåande opplæring (ekskludert lærlingar). Det finst om lag 500 vidaregåande

skular i Noreg. Desse ligg i stor grad i byar og tettstader.

Mange fylkeskommunar har lenge formidla kunst og kultur til elevar i den vidaregåande opplæringa. Røynslene viser at det finst mange initiativ og tiltak innanfor kulturformidling til denne elevgruppa som meistrar å ta omsyn til dei føresetnadene som ligg i strukturen og innhaldet i opplæringa.

Ein kulturell skulesekk i vidaregåande opplæring skal, slik som i grunnskulen, vere forankra lokalt, både hjå skuleeigar og på den einskilde skulen. Sidan fylkeskommunane både er eigarar av dei vidaregåande skulane og administrerer Den kulturelle skulesekken på fylkesnivå, bør ei slik forankring vere enkel. Dette skulle tilseie at ressursbehovet per elev vil vere mindre. Samstundes er det viktig å få lærarane og skuleleiinga til å medverke aktivt til at kunst, kultur og kulturarv blir ein naturleg del av skulekvardagen.

For å lukkast med satsinga er det naudsynt å få til eit godt samarbeid mellom dei to sektorane, på same måten som i grunnskulen. Skulane må spele ei aktiv rolle, og fylkeskommunane må arbeide for å sikre forankringa i skulen, mellom anna ved å initiere nettverk. Planlegginga og gjennomføringa skal skje i eit samarbeid mellom kultur- og utdanningssektoren, der ansvarstilhøva er synleggjorde og avklarte.

I tilknytning til satsinga bør det frå fylkeskommunen si side vere planlagt kompetansehevande tiltak om kunst og kultur som er finansierte av eigne midlar. For å sikre lokal forankring er det viktig at også kommunane er involverte. I mange samanhengar kan det vere ynskjeleg å samordne kunst- og kulturtilbod til elevane i den vidaregåande skulen med det allmenne kunst- og kulturtilbodet i kommunen. Dette vil krevje samarbeid på lokalt nivå.

Det må takast omsyn til at prinsippet om tilpassa opplæring og at Den kulturelle skulesekken skal inngå i skulen si faglege verksemd, også gjeld for elevane i den vidaregåande opplæringa.



Figur 6.1 «MobilArt – Min verden»

Fotografen Jørn Hagen syner i prosjektet «MobilArt – Min verden» korleis elevane kan bruke mobilkameraet til kreativ fotokunst. Her er eit resultat frå Gjøvik vidaregåande skole.

Foto: Elev ved Gjøvik vidaregåande skole

Den kulturelle skulesekken i vidaregåande opplæring skal sikre eit likeverdig tilbod for alle elevar, kjenneteikna av kvalitet og profesjonalitet. Ordninga skal dessutan spegle ei satsing på kulturelt mangfald.

I løpet av dei åra Den kulturelle skulesekken har eksistert i grunnskulen, er det samla mykje røynsle og kompetanse om feltet blant dei aktørane som har vore med, både hjå kunstnarar og kulturarbeidarar, i fylkeskommunar og kommunar og i skulen. Det er difor viktig å ta med denne kompetansen og røynslene i det vidare arbeidet for å utvide ordninga. Det er naudsynt å utvikle ei felles forståing av at kunst- og kulturopplevingar kan vere eit viktig supplement til den ordinære undervisninga, også i den vidaregåande opplæringa.

6.1.1 Pilotprosjekt i sju fylke

I 2007 er det sett i gang pilotprosjekt for ei utviding av Den kulturelle skulesekken i vidaregåande opplæring i Vest-Agder, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Hedmark, Oppland

og Troms. Fylka har sjølve søkt om å delta. Departementet har sett følgjande krav til pilotprosjekta:

- Prosjekta skal ta utgangspunkt i prinsippa om eit likeverdig tilbod til alle, kjenneteikna av kvalitet og profesjonalitet.
- Planane skal gjenspegle ei satsing på kulturelt mangfald.
- Prosjekta skal planleggjast og gjennomførast i samarbeid med utdanningssektoren. Ansvarer skal vere synleggjort og avklart.
- I tilknytning til prosjekta skal det planleggjast kompetansehevande tiltak som er finansierte av andre midlar.

Hedmark og Oppland fylkeskommunar vil utarbeide eit felles opplegg for skulane i båe fylka, og slik utnytte den kompetansen dei har på best mogeleg måte. Fleire av fylkeskommunane vil starte med eit forprosjekt for nokre skular og utvide etter kvart. Nokre av fylkeskommunane har allereie tilbod til vidaregåande skular, men ynskjer å utvide.

Det er sett av 0,5 mill kroner til å evaluere pilotprosjektet.

Tabell 6.1 Fordeling av spelemidlar til pilotprosjekt i vidaregåande opplæring, 2007 (NOK)

Vest-Agder	1 000 000
Hordaland	685 000
Sogn og Fjordane	500 000
Møre og Romsdal	1 000 000
Hedmark/Oppland	1 500 000
Troms	800 000
Evaluering	500 000

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet

6.2 Bete nettverksarbeid og møteplassar

Fylkesnettverket

Dei som har det daglege arbeidet med Den kulturelle skulesekken i fylka, har trong for å møte kvarandre og utveksle røynsler i arbeidet. Nettverket av fylkeskoordinatorar samlast to gongar årleg til nettverksmøte. Enkelte gongar deltek kontaktpersonar frå fylkesmannens utdanningskontor i fylka.

Innhaldet i nettverksmøta har vore alt frå praktiske utfordringar i arbeidet til faglege foredrag og kunstmøte. Fylkeskoordinatorane tok sjølve initiativ til nettverksmøta. Sekretariatet deltek no i større grad både i å planleggje og gjennomføre møta.

Det finst også andre nettverk, som storbynettverket for Den kulturelle skulesekken med deltaking frå Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Drammen, Tromsø, Fredrikstad og Kristiansand.

Møteplassar i fylka

Kvart fylke har også kulturtorg eller liknande møtestader for sine samarbeidspartnarar. Kulturtorga er for skulane, lærarar, kunstnarar, kulturinstitusjonar og andre. Korleis desse kulturtorga er organiserte, varierer frå fylke til fylke.

Nettverksmøte innanfor kunst- og kulturuttrykka

Kvart av kunst- og kulturuttrykka har årlege møteplassar. Norsk filminstitutt arrangerar kvart år eit seminar om Den kulturelle skulesekken i samband med Amandus-festivalen på Lillehammer. Rikskonsertane har årlege produsentsamlingar for alle som produserer og utviklar skulekonserter. Norsk scenekunstbruk har dei siste åra arrangert Showbox med visningar av ny scenekunst og eit fagseminar. Nasjonalmuseet arrangerer kunsttorg for sine aktørar.

Sekretariatet har dei siste åra samarbeidd med Festspela i Bergen om arrangementet Nystemt. Festspela er arena for visningar av gode produksjonar i Den kulturelle skulesekken. Det vert også arrangert eit fagseminar som samlar deltakarar frå heile landet. Publikum ved visningane er skuleelevar i Bergensdistriktet og seminar deltakarane. Nystemt er ein viktig møteplass for aktørar i Den kulturelle skulesekken.

Nettverk for nasjonale kulturaktørar

Nokre nasjonale aktørar i Den kulturelle skulesekken har på eige initiativ danna eit nettverk kalla Riksforum. Nettverket utvekslar informasjon og tar opp ulike emne og spørsmål knytte til Den kulturelle skulesekken.

Medlemmer i nettverket er Rikskonsertane, Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, Norsk scenekunstbruk, Norsk forfattersentrum, Norsk filminstitutt, Norsk kulturråd og Norsk Form. Sekretariatet for Den kulturelle skulesek-

ken deltek i møta. Kulturarvfeltet er førebels ikkje med i Riksforum.

Riksforum er ein viktig møteplass for å utvikle kvaliteten på innhaldet i Den kulturelle skulesekken, og nettverket representerer ein viktig samordningsfunksjon. Nettverket er med på nettverksmøta for fylkeskoordinatorane, og har jamleg kontakt med sekretariatet i spørsmål knytte til innhaldet i Den kulturelle skulesekken.

Norsk filminstitutt påpeikar i si høyringsfråsegn at det er viktig for statlege kulturinstitusjonar å ha eit nasjonalt blick på aktivitetar innanfor dei ulike uttrykka i Den kulturelle skulesekken. På denne måten kan ein sikre ei jamn fordeling av gode, profesjonelle tilbod til heile landet. Nasjonalmuseet understrekar i si høyringsfråsegn at ein må halde fast ved kultursubstansen og det profesjonelle i Den kulturelle skulesekken. Rikskonsertane legg vekt på at alle aktørane innanfor Den kulturelle skulesekken skal evaluere og kvalitets sikre alle ledd i ordninga kontinuerleg. Norsk scenekunstbruk er òg oppteken av kvalitetssikringa, og Norsk kulturråd understrekar at både dei kunstfaglege og dei pedagogiske ambisjonane i Den kulturelle skulesekken må oppretthaldast.

Internasjonale nettverk og møteplassar

Internasjonale nettverk for kunst- og kulturformidling i skulesamanheng opnar for å utveksle røymsler og kunnskap og sjå eigen aktivitet i eit nytt perspektiv. Samarbeid på tvers av landegrensene gjer det også mogeleg å utveksle kunst og kultur samt kunstnarar, kulturarbeidarar og anna fagpersonell.

Både Kultur- og kyrkjedepartementet, Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet og sekretariatet for Den kulturelle skulesekken deltek i ulike internasjonale nettverk og forum.

Den kulturelle skulesekken er ei satsing som førebels har få parallellar i andre land. Ordninga har vekt stor interesse internasjonalt, særleg i Sverige og Danmark. På bakgrunn av denne interessa er det etablert eit nettverk for statlege aktørar i Norden som arbeider innanfor området kunst, kultur og skule. Deltakarar i nettverket er personar frå embetsverket i kultur- og utdanningsdepartementa i dei nordiske landa og kontaktpersonar frå nokre sentrale institusjonar i kvart land. Nettverket vil primært vere ein arena for informasjonsutveksling.

Nasjonalt senter for kunst og kultur vil bidra til å utveksle røymsler med andre nasjonar om kunst og kultur i opplæringa. Senteret vil også arbeide

Boks 6.1 Den kulturelle skulesekken i Sverige og på Færøyane

Den svenske regjeringa lanserte i 2007 satsinga «Skapande skola», etter modell av Den kulturelle skulesekken i Noreg. Ordninga er førebels retta mot ungdomsskulen.

I 2007 lanserte Kulturministeriet på Færøyane, Nordens Hus og den kommunale paraplyorganisasjonen FKS eit pilotprosjekt for å få levande kunst ut til folkeskulane i heile landet. Modellen er Den kulturelle skulesekken i Noreg.

for eit samarbeid om kunst og kultur som eit ledd i regjeringa si satsing i nordområda. Dette arbeidet vil kunne stå i samanheng med å synleggjere kulturelt mangfald i Den kulturelle skulesekken.

Vidare utvikling

For å tryggje samhandling og best mogeleg utnytting av ressursane er det naudsynt å oppretthalde, stimulere og styrkje dei nettverka som er etablerte i Den kulturelle skulesekken.

I den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken skal ein formalisere Riksforum – nettverket for nasjonale kulturaktørar. Eit vilkår er at alle uttrykka i Den kulturelle skulesekken er representerte i nettverket.

Boks 6.2 Verdskonferanse om Arts Education i Portugal 2006

Også internasjonale organisasjonar erkjenner i aukande grad at kunst og kultur har ein sentral plass i utdanninga. I 2000 lanserte UNESCO ei oppfordring til alle land om å styrkje kunst og kreativitet i skulen. I mars 2006 vart det organisert ein verdskonferanse i Portugal om Arts Education. Konferansen hadde som mål å styrkje lærarutdanninga innan kunstfag og born og unge sin kreativitet. Konferansen vurderte også kunstens relevans i samtida, og drøfta korleis ein kan byggje partnerskap mellom skule, næringsliv og kunstmiljø. På konferansen, der over 1200 representantar frå 97 land deltok, vart også Den kulturelle skulesekken presentert.

Det er også eit mål å formalisere fylkesnettverket. Sekretariatet vil ta eit større ansvar for møta i fylkesnettverket. Det vil også vere ein føremon å betre nettverksarbeidet innanfor dei ulike kunst- og kulturuttrykka. Nasjonale aktørar bør ta eit ansvar for nettverksarbeid innanfor sine fagområde. Det vil bli lagt vekt på å trekkje kulturminneforvaltninga med i dette samarbeidet.

6.3 Satsing på kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling vert trekt fram som ei av dei store utfordringane i Den kulturelle skulesekken både i evalueringsrapporten, høyringsfråsegnene og i andre samanhengar. Det er behov for ulike typar kompetanse – både formidlingskompetanse, produksjonskompetanse og pedagogisk kompetanse.

Arbeidet med Den kulturelle skulesekken er i seg sjølv ein prosess der ein kontinuerleg tileignar seg kompetanse. Samstundes må ein arbeide målretta og systematisk for å byggje opp kompetansen om kunst- og kulturformidling hjå dei ulike aktørane. Kunstnarar, formidlarar og museums pedagogar og kulturarbeidarar treng meir kunnskap om målgruppa for Den kulturelle skulesekken og om å utvikle kvalitative produksjonar. Mange lærarar treng meir kunnskap om kunst- og kulturuttrykk på profesjonelt nivå, og korleis ein best mogeleg legg til rette for føre- og etterarbeid i samband med kunst- og kulturopplevingar.

Mange miljø, både i kultursektoren og i utdanningssektoren, arbeider i dag med kompetanseutvikling knytt til Den kulturelle skulesekken, men arbeidet vert ikkje alltid heilskapleg og målretta.

Boks 6.3 Kompetansetiltak i Nasjonalmuseet

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design har fleire kompetansetiltak for dei fylka som har rammeavtale med museet. Desse kompetansetiltaka er Kunsttorget, som er ei årleg samling for nettverket til Nasjonalmuseet med fagleg program, eit forum for formidlarar og ei produksjonssamling i Nasjonalmuseet. I tillegg arrangerer Nasjonalmuseet lærarseminar, og museet medverkar fagleg til kurs i kunstformidling til kunstnarar og kulturarbeidarar i dei fylka som er med i nettverket.

Nokre av dei sentrale kunstinstitusjonane, som Rikskonsertane, Norsk filminstitutt, Norsk scenekunstbruk, dei fem universitetsmusea, vitensentra Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design og ABM-utvikling, arbeider med kompetanseutvikling innanfor sine fagområde. Dette omfattar ikkje berre kompetansetiltak retta mot kultursektoren, men også tilbod retta mot opplæringssektoren. Det vert jamleg halde seminar og fagsamlingar for utøvarar, lærarar og andre som arbeider i tilknytning til Den kulturelle skulesekken.

Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa i Bodø, skal mellom anna arbeide med etter- og vidareutdanning av tilsette i opplæringssektoren som arbeider med estetiske fag og kunstfag. Andre aktørar er til dømes Nettverk for estetiske fag og dei ulike interesseorganisasjonane for kunstfaga i skulen.

Spelemidlane til Den kulturelle skulesekken skal ikkje nyttast til kompetansehevande tiltak. Mange fylkeskommunar, kommunar og sentrale kunst- og kulturaktørar nyttar difor monaleg av eigne midlar til kompetanseutvikling. Mange av fylka har årlege kulturtorg og seminar for folk som arbeider i tilknytning til Den kulturelle skulesekken i sine regionar. Eit døme er Møre og Romsdal, som i mange år har arrangert kulturtorg for lærarar, kulturkontaktar i kommunane, kunstnarar og tilsette på kulturskulane. I nokre fylke, som til dømes Telemark, er fylkesmannen si utdanningsavdeling også med i planlegginga av det regionale kulturtorget. Samstundes vert det arrangert kompetansehevande kurs for kulturkontaktane i kommunane. Andre fylke har liknande ordningar.

Fylkesmannen har ei viktig oppgåve i å rettleie kommunane ved å kartleggje kompetansebehov i opplæringssektoren, å stimulere til samarbeid mellom skuleeigarar og andre fagmiljø, å føre tilsyn med kompetanseutviklinga hjå skuleeigarane og å fordele ressursane som finst til dette føremålet.

Vidare utvikling

Det er behov for å styrkje og samordne satsinga på kompetanseutvikling i arbeidet med Den kulturelle skulesekken både i opplæringssektoren og i kultursektoren. I den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken skal det arbeidast målretta med ulik kompetanseutvikling. Fagkompetanse må utviklast hos dei faglege instansane.

6.4 Strategi for forskning og evaluering

Fram til no har Den kulturelle skulesekken ikkje hatt nokon overordna plan eller strategi for forskning og evaluering. Utover evalueringsrapporten frå NIFU STEP i 2006 er det ikkje initiert større forskingsarbeid frå sentralt hald, men det er sett av 0,5 mill kroner i 2007 for å evaluere innføringa av Den kulturelle skulesekken i vidaregåande opplæring. I ei så stor satsing som Den kulturelle skulesekken vil det alltid vere trong for forskings- og utviklingsarbeid. Dette vert stadfesta i rapporten *Kunnskapsbehov i kultursektoren* (Noregs forskingsråd, 2003) og utdjupa i grunnlagsnotatet *Den kulturelle skulesekken – forskning, utvikling og evaluering* (NIFU skriftsserie nr. 21/2003).

Grunnlagsnotatet tek til orde for ein type kunnskapsproduksjon i Den kulturelle skulesekken som både rettar seg mot å systematisere røynslene med ordninga og å utvikle meir teoribasert innsikt. Notatet skisserer vidare tema for forskning, og rår til at ein knyter kontakt med Noregs forskingsråd for å få ei samla vurdering av forskingsinnsatsen. Slik kan ein sikre heilskap, breidde og kvalitet i forskinga.

Forskning på kunst og kultur i relasjon til opplæringsfeltet er naudsynt. Forsking kan mellom anna fokusere på korleis kunst og kultur kan bidra til å nå mål i rammeplan og læreplanar med kompetansemål i dei ulike faga. Slik forskning kan medverke til at det vert utvikla nye metodar for arbeid med kunst- og kulturfag i opplæringa.

Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa skal vere basert på forskings-, forsøks- og utviklingsprosjekt i nær kontakt med studentar og



Figur 6.2 «Fargelys»

Foto: Rune Sævig

lærarar. Senteret skal samarbeide med relevante fagmiljø nasjonalt og internasjonalt.

Vidare utvikling

Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap utarbeide ein strategi for korleis forskings- og evalueringsarbeid skal implementerast som ein fast del av arbeidet med Den kulturelle skulesekken i åra framover. Samstundes er det grunn til å tru at Den kulturelle skulesekken er eit spennande forskingsfelt uavhengig av dei prosjekta som måtte kome etter initiativ frå departementa.

6.5 Betre nettbaserte løysingar

Høyringsfråsegnene syner at det er stor semje om at gode nettbaserte løysingar kan gjere rapportering, informasjon, planlegging og logistikk i Den kulturelle skulesekken enklare. Aktørane etterlyser ei langsiktig satsing på gode føremålstenlege digitale verkty i Den kulturelle skulesekken.

System for rapportering

Det er viktig å framskaffe gode, kvalitetssikra data om Den kulturelle skulesekken i fylke og kommunar. For å få eit best mogeleg bilete av Den kulturelle skulesekken over heile landet har sekretariatet i samarbeid med ABM-utvikling og fylkeskommunane laga eit nettbasert rapporteringssystem for fylkeskommunane i Den kulturelle skulesekken. Rapporteringssystemet er knytt til ABM-utviklings arbeid med å hente inn statistikk på arkiv-, bibliotek- og museumsområdet. Rapporteringssystemet skal også hente inn tal frå kommunane.

Hausten 2007 har sekretariatet fått inn dei første rapportane frå fylkeskommunane. Førebelse tal på innhald og omfanget av fylka sine tilbod i skuleåret 2006–2007 er nærare gjort greie for i punkt 4.2. Førebelse tal på fylkeskommunane sine inntekter og utgifter i samband med kunst- og kulturformidling til barn og unge er gjennomgått i punkt 7.1. Gjennom rapporteringa har ein no fått eit visst oversyn over kva fylkeskommunane nyttar sin del av spelemidlane til, medan ein førebels ikkje har gode nok grunnlagstal for å vurdere innhaldet og omfanget av kommunane sine tilbod.

System for informasjon til skulane, planlegging og logistikk

I ei stor satsing som Den kulturelle skulesekken er det naudsynt å ha gode system for å planleggje og tinge turnear. For at tilboda skal kunne fungere godt i skulane, er det naudsynt at skulane får god og rett informasjon i tide, slik at dei kan leggje til rette og førebu både elevar og lærarar. Av di den einskilde kommunen og fylkeskommunen har eit sjølvstendig ansvar for å administrere og organisere Den kulturelle skulesekken, må dei sjølve velje kva informasjons-, planleggings- og logistikksystem dei vil ha.

I dag nyttast det fleire system for informasjon, turnéplanlegging og logistikk i Den kulturelle skulesekken. 14 fylkeskommunar nyttar det nettbaserte systemet KSYS. Dette systemet er utvikla i eit samarbeid mellom leverandøren og fleire fylkeskommunar. Dei resterande fem fylkeskommunane har utvikla eigne nettbaserte løysingar. Også nokre av dei nasjonale aktørane i skulesekken nyttar KSYS. Dette gjeld til dømes Nasjonalmuuseet for kunst, arkitektur og design og Norsk forfattersentrum.

Slike nettbaserte system for informasjon, planlegging og logistikk og kan nyttast av mange. Skulane kan tinge tilbod og halde seg oppdaterte på kva som kjem av tilbod. Fylka kan leggje inn turnear, innhente informasjon om skuleruta og innhente og generere rapportar om økonomi og innhald. Dei nasjonale institusjonane kan leggje ut informasjon om tilbod og turnear. Slik blir disse systema verkty som gjer det enklare for alle aktørane å planleggje og dokumentere aktiviteten samt informere og kommunisere med kvarandre.

Nettstaden www.denkulturelleskulesekken.no

Nettstaden www.denkulturelleskulesekken.no gjev informasjon om Den kulturelle skulesekken, med lenkjer til dei største aktørane, fylkeskommunane, kommunane og andre relevante nettstader. Nettstaden syner aktuelle presseklipp og gjev informasjon om konferansar og samlingar knytte til Den kulturelle skulesekken. Nettstaden er ei viktig kjelde til informasjon om Den kulturelle skulesekken. Sekretariatet har ansvaret for innhaldet på nettstaden og ABM-utvikling har ansvaret for den tekniske drifta.

Vidare utvikling

Det er viktig å framskaffe gode og kvalitetssikra data om Den kulturelle skulesekken i fylke og kommunar. Det vil bli arbeidd vidare med å betre rapporteringsskjemaet og rapporteringsrutinane for ordninga. Særleg vil ein sjå nærare på korleis ein best mogeleg kan syte for at aktiviteten i kommunane kjem fram. Fylkeskommunane skal ha ansvaret for å framskaffe data frå kommunane, basert på eit standard rapporteringsskjema som alle kommunane skal nytte. Rapporteringa skal haldast på eit slikt nivå at staten har oversyn over korleis spelemidlane er brukte, men utan at det fører til ei for stor rapporteringsbør for kommunesektoren. Det er eit mål at dei årlege rapportane frå fylkeskommunane og kommunane skal kunne danne grunnlaget for ein publikasjon med statistikk om Den kulturelle skulesekken.

Det er også eit mål å hente inn informasjon om skulane sitt arbeid med Den kulturelle skulesekken. Dette kan gjerast gjennom GSI - grunnskulane sitt informasjonssystem.

For å sikre ei føremålstenlig utnytting av ressursane bør ein nasjonal aktør ta ansvar for å koordinere dei ulike nettbaserte systema for informasjon, planlegging og logistikk som fylkeskommunane og ulike kulturaktørar nyttar. Det er òg naudsynt med ein langsiktig strategi for å utvikle og halde slike system i drift.

Særleg bør ein vurdere om det er mogeleg å knyte dei ulike systema for informasjon, planlegging og logistikk nærare til nettstaden www.kulturnett.no, som er den offentlege internettportalen for kultur i Noreg. Kulturnett inneheld informasjon om arrangement, institusjonar og personar innanfor kunst- og kulturfeltet, og har mange fellestrekk med systema for informasjon, planlegging og logistikk som vert nytta i Den kulturelle skulesekken. Kulturnett er initiert av Kultur- og kyrkjedepartementet, og har fast drift i ABM-utvikling.

Departementet vil difor be ABM-utvikling om å koordinere og samordne systema for informasjon, planlegging og logistikk i Den kulturelle skulesekken. Systema skal også sjåast i samheng med rapporteringssystemet for Den kulturelle skulesekken, Kulturnett, nettstaden for Den kulturelle skulesekken og nettstaden som Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa vil byggje opp. ABM-utvikling skal også vurdere tiltak for å sikre både drift og utvikling av verktya.

6.6 Ordningar for arbeidsavtalar og transport

I evalueringa og høyringsfråsegnene vert det peika på at fleire aktørar ynskjer ein nasjonal standard for mellom anna honorar og kontraktar. Det er for desse aktørane ein føremon at utøvarar og kunstnarar innanfor dei ulike kunstuttrykka har ordningar som kan samanliknast.

Avtalar om honorar er forhandla fram med dei ulike kunstnarorganisasjonane. Avtalane er ikkje alltid lett å samanlikne, men fylkeskommunane og nokre av dei sentrale aktørane i Den kulturelle skulesekken har gjennom lang tid samarbeidd om å harmonisere praksisane. Både fylkeskommunane og dei sentrale aktørane engasjerer kunstnarar og kulturarbeidarar i Den kulturelle skulesekken, og det er desse som må vere ansvarlege for innhaldet i avtalane.

Evalueringa og høyringsfråsegnene tar opp spørsmål knytte til transportordningar for elevane. Dersom elevane skal møte kunsten og kulturen på andre arenaer enn skulen, er det trong for ordna transport. I nokre fylke må skulane sjølve betale utgifter til transport i Den kulturelle skulesekken, medan dette andre stader inngår i ordninga og vert betalt av fylkeskommunen eller kommunen.

Statlege styresmakter kan ikkje detaljstyre korkje arbeidsavtalar eller transportordningar i Den kulturelle skulesekken, men kan berre peike på at det trengst harmoniserte og meir standardiserte løysingar, og oppmode fylka og kommunane til å arbeide vidare med spørsmåla. Departemen-



Figur 6.3 Svolvær barne- og ungdomsskole

Svolvær barne- og ungdomsskole vann i 2007 Gullsekken som beste skule i Den kulturelle skulesekken.

Foto: Geir-Ove Andersen/Figurteateret i Nordland

tet viser også til at fordelingsmodellen for spelemidlane mellom fylkekommune tek omsyn til geografiske avstandar i det enkelte fylket.

6.7 Gullsekken – beste skule og beste produksjon

Den kulturelle skulesekken sin eigen pris, Gullsekken, vart delt ut for første gong under festspela i Bergen i mai 2007. Prisen er todelt, og vert delt ut til beste produksjon og beste skule i Den kulturelle skulesekken. Kvar prisvinnar mottok 100 000 kroner.

Prisen til beste produksjon går til ein produksjon som er mest mogeleg i tråd med måla og prinsippa for ordninga. Det skal vere høg kvalitet i alle ledd av produksjonen, både når det gjeld kunstnarlege og/eller kulturfaglege idear og innhald, teknisk og praktisk gjennomføring og tilrettelegging for aldersgruppa.

Prisen til beste skule går til ein skule som arbeider med Den kulturelle skulesekken i tråd med dei overordna måla og prinsippa for satsinga.

Fylkeskommunane, kommunane og eit utval av kunst- og kulturinstitusjonar gjer framlegg om priskandidatar. Prisvinnarane vert kåra av ein jury med representantar frå både kultur- og opplæringssektoren.

Prisen for 2007 gjekk til Svolvær barne- og ungdomsskule og til Kunstprosjektet Jam! av aksjonsgruppa adbusters i samarbeid med Nasjonalmuseet. Grunngevingane frå juryen la vekt på at skulen arbeider systematisk for å integrere kunst og kultur i skulekvardagen. Prosjektet Jam!

Boks 6.4 Beste skule i 2007

Svolvær barne- og ungdomsskule vann i 2007 Gullsekken for beste skule i Den kulturelle skulesekken. I grunngevinga seier juryen mellom anna at skulen i mange år har arbeidd systematisk for å etablere vedvarande samband mellom skulen, vitjande kunstproduksjonar og skulens eigen kulturarena. Skulen har gjennom planar, organisering og kompetanse lagt til rette for å kunne ta i mot opplevingar og vitjingar utanfrå og integrere dei i skulekvardagen.



Figur 6.4 Kunstprosjektet «Jam!»

Elevar ved Bjølsen ungdomsskule i Oslo aksjonerer mot mobbing og rasisme.

Foto: Elev ved Bjølsen ungdomsskule/Jam

sprengjer grenser, utfordrar og får kunsten til å gjere noko med oss.

Vidare utvikling

Regjeringa ynskjer at Gullsekken skal verte ei årleg hending. Gullsekken skal heidre skular og kulturaktørar som har gjort ein særskild innsats i Den kulturelle skulesekken, synleggjere kunst- og kulturformidling til born og unge og presentere gode døme på arbeidet med Den kulturelle skulesekken.

Det er viktig å finne ein møtestad for denne prisutdelinga som samlar mange aktørar. Sekretariatet får i oppdrag å utvikle prisutdelinga til ei viktig hending.

Boks 6.5 Beste produksjon i 2007

Kunstprosjektet «Jam!» av aksjonsgruppa adbusters vann i 2007 Gullsekken for beste produksjon i Den kulturelle skulesekken. Prosjektet har som mål å syne elevane korleis dei kan nytta kunstnarlege verkemiddel for å uttrykkje meningane sine. Juryen seier mellom anna at prosjektet er tankevekkjande og ambisiøst, at det inspirerer til refleksjon og humor, og at det får elevane til å vere medvetne om haldningar til samfunnet og kulturell deltaking.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

7.1 Dagens fordelingsmodell

Den kulturelle skulesekken er ei frivillig, ikkje lovpålagd ordning finansiert av overskotet til Norsk Tipping. Spelemidlane til Den kulturelle skulesekken utgjer i 2007 i alt 167 mill. kroner. Som Stortinget vedtok i samband med handsaminga av St. meld. nr. 38 (2002-2003) *Den kulturelle skulesekken*, jf. Innst. S. nr. 50 (2003-2004), er 80 prosent av midlane øyremerkte lokale og regionale tiltak, medan 20 prosent av midlane går til sentrale tiltak.

I 2007 er dei lokale og regionale midlane på i alt 134 mill. kroner fordelte slik:

- 122 mill. kroner er fordelte til gjennomføringa av Den kulturelle skulesekken i grunnskulen over heile landet og vert forvalta av fylkeskommunane. Midlane vert fordelte etter ein fordelingsnøkkel som tek omsyn til elevtal, geografiske avstandar og kulturell infrastruktur i fylket, sjå nærare fordeling i tabell 5.1. Fylkeskommunane skal nytte 1/3 av midlane til kunst- og kulturtilbod, produksjonar og formidling av desse i fylket. 1/3 av midlane skal fordelast til kommunane. Midlane til kommunane vert fordelte etter fordelingsnøkkel for kvalitetsutviklingsmidlar i grunnopplæringa. Kommunane må skrive ein kortfatta plan for korleis dei ynskjer å arbeide med Den kulturelle skulesekken i kommunen. Denne planen utløyser spelemidlane. Den siste 1/3 av midlane kan fylkeskommunen nytte til Den kulturelle skulesekken slik det høver best i det einskilde fylket. Sjø også omtale i punkt 4.3.
- 6 mill. kroner er i 2007 fordelte til dei seks vitensentera Bergen vitensenter, Nordnorsk vitensenter i Tromsø, Innlandets vitensenter på Gjøvik, Jærmuseet, Midtnordisk vitensenter i Trondheim og Norsk Teknisk Museum i Oslo. Midlane skal nyttast til utviklingstiltak og tilbod i Den kulturelle skulesekken. Sjø også omtale i punkt 4.3.6.
- 6 mill. kroner er i 2007 fordelte til ei prøveordning for utviding til vidaregåande opplæring i fylka Vest-Agder, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Hedmark, Oppland

og Troms. Det er også sett av kr 500 000 til ei evaluering av prøveordninga. Sjø nærare omtale i punkt 6.1.

I 2007 er dei sentrale midlane til Den kulturelle skulesekken fordelte til tiltak for å styrkje kunst- og kulturområde med særlege utfordringar. I 2007 utgjer dei sentrale midlane 33 mill. kroner, som er fordelte til satsingsområda musikk, film, scenekunst og visuell kunst. Ingen sentrale prosjektmidlar blir i dag brukte til områda litteratur og kulturarv. Midlane er fordelte slik:

- 19 mill. kroner er fordelte til Rikskonsertane til formidling og produksjon av skulekonsertar.
- I alt 6 mill. kroner er fordelte til produksjon og formidling av scenekunst. Av desse forvaltar Norsk kulturråd 3 mill. kroner til ei støtteordning for nyproduksjonar og Norsk scenekunstbruk disponerer 3 mill. kroner til formidling av produksjonar frå frie sceniske grupper.
- 5 mill. kroner er fordelte til produksjon og formidling av visuell kunst. Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design forvaltar 2 mill. kroner, medan Nordnorsk kunstnersenter, Norsk Form, Trondheim kunstmuseum, Lillehammer kunstmuseum, Sørlandets kunstmuseum og Rogaland kunstmuseum disponerer 0,5 mill. kroner kvar.
- 3 mill. kroner vert forvalta av Norsk filminstitutt til ei støtteordning for produksjon og formidling av film i Den kulturelle skulesekken.

7.2 Ny fordelingsmodell for å finansiere utvidinga til vidaregåande opplæring

Kostnadene ved å innføre ein kulturell skulesekk i den vidaregåande skulen er avhengige av kva ambisjonsnivå ein legg seg på – både kor mange kunst- og kulturuttrykk det er ynskjeleg at elevane skal møte, og kor ressurskrevjande desse møta skal vere. Ein faktor er òg korleis ein planlegg og organiserer tilboda.

Fylkeskommunane er skuleeigar for vidaregåande opplæring. Dei vidaregåande skulane er

også færre og større enn skulane i grunnopplæringa. Dette skulle tilseie at det vil vere enklare å implementere Den kulturelle skulesekken i vidaregåande opplæring og at ressursbehovet per elev vil vere mindre. Det må også vere mogeleg å samordne tilbod i grunnskulen og i vidaregåande opplæring der dette er føremålstenleg. Departementet ser likevel at for å utvide Den kulturelle skulesekken til vidaregåande opplæring, vil det vere trong for å endre dagens fordelingsmodell av spelemidlane. Det vil også vere trong for å auke midlane til Den kulturelle skulesekken monaleg.

Regjeringa gjer framlegg om at spelemidlane som i 2007 vert nytta til sentrale tiltak, til vitensentera og til ei prøveordning i vidaregåande opplæring, over nokre år vert nytta til å finansiere utvidinga av Den kulturelle skulesekken til vidaregåande opplæring. Innfasinga skal skje slik: Ved fordeling av spelemidlar våren 2008 vil ein del institusjonar som mottok sentrale midlar, og vitensentera få halvert sine tilskot. Midlane skal dekkje haustsemesteret 2008. Resten av spelemidlane går til utvidinga i vidaregåande opplæring.

Ved fordeling av spelemidlar i 2009 og i 2010 vil ytterlegare midlar fasast over til utvidinga. Samstundes vert det avsett midlar på Kultur- og kyrkjedepartementets ordinære budsjett for å styrkje aktørar som mister spelemidlar, men som framleis skal medverke i arbeidet med Den kulturelle skulesekken. Dette inneber ein auke på 19,5 mill. kroner i 2009 og ytterlegare 19,5 mill. kroner i 2010 over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett. Om denne planen kan følgjast, vil vere avhengig av budsjettsituasjonen dei neste åra.

Det må vurderast nærare korleis ein skal fordele nedtrappinga av spelemidlar og auken i løyvingane over statsbudsjettet, og om det er behov for å tilføre midlar utover den omlegginga som er skissert i tabell 7.1. Det vil tvillaust måtte leggjast til rette for at viktige institusjonar og tiltak på kulturområdet har tilstrekkelege rammer for å vidareutvikle innhaldet i Den kulturelle skulesekken.

Kva for aktørar som er best eigna til å medverke til nyskaping og nyutvikling, må vurderast fortløpande i den ordinære budsjettprosessen frå år til år. Aktørar og miljø som har vist at dei kan og vil vere kreative vidareutviklarar i arbeidet med Den kulturelle skulesekken, bør prioriterast særskilt.

7.3 Økonomiske og administrative konsekvensar for kommunesektoren og staten

Alle fylkeskommunane har valt å delta i Den kulturelle skulesekken og har teke på seg ansvaret for å forvalte spelemidlar til føremålet. Alle kommunane i landet samarbeider med fylkeskommunane om Den kulturelle skulesekken. Fire kommunar har valt å ikkje vere med i den fylkeskommunale ordninga. Desse fire kommunane får difor direkte tildeling av sin relative del av dei spelemidlane som fylket mottok. Fram til no har det vore eit krav at kommunen må ha over 30 000 innbyggjarar for å få spelemidlane direkte. Departementet gjer no framlegg om å endre på dette. Alle kommunar som ynskjer det kan få tildelt spelemidlar direkte, dersom dei er i stand til å sikre måla og prinsippa med Den kulturelle skulesekken. Vilåret er at kommunen vert samde med fylkeskommunen om korleis ordninga skal gjennomførast. Sjå nærare omtale i punkt 2.3 og 5.4.

I samsvar med Stortinget sine føringar i handaminga av St. meld. nr. 38 (2002-2003) *Den kulturelle skulesekken*, skal spelemidlane i størst mogeleg grad nyttast til meir kunst og kultur til den ein-skilde eleven. Spelemidlane skal ikkje nyttast til administrasjon eller kompetanseheving. Dette må fylkeskommunane og kommunane sjølve dekkje av eigne midlar. Dette inneber også at kommunar som vel å organisere alle tilboda i Den kulturelle skulesekken på eiga hand, også må syte for dei administrative kostnadene som dette fører med

Tabell 7.1 Prognose for endring i fordeling av midlar til Den kulturelle skulesekken 2007-2010 (mill. kroner)

	2007	2008	2009	2009	2010	2010
	Spelemidlar	Spelemidlar	Spelemidlar	Budsjett	Spelemidlar	Budsjett
DKS i grunnskulen	122 000	122 000	122 000		122 000	
DKS i vidaregåande	6 000	25 500	25 500		45 000	
Sentrale tiltak og vitensentera	39 000	19 500	19 500	19 500		39 000
Spelemidlar totalt	167 000	167 000			167 000	
Midlar over statsbudsjettet t				19 500		39 000

Tabell 7.2 Rekneskapssamandrag for fylkeskommunane 2006/2007

Inntekter	
Spelemidlar	122 157 038
Eigne midlar/eigeninnsats	45 517 930
Refusjonar frå RK og NSKB*	27 353 322
Eigendelar frå kommunane	17 039 498
Renteinntekter	1 878 730
Anna	915 993
Sum	214 862 511
Utgifter	
Formidling/innhald/produksjon	106 833 239
Overføringar til kommunane	53 560 242
Nettverk/kompetanseutvikling – kulturtorg	1 982 517
Nettverk/kompetanseutvikling – anna	2 912 035
Administrasjon – lønskostnader	29 922 212
Administrasjon – anna	5 761 040
Annet	1 245 582
Sum	202 216 867

*Rikskonsertane (RK) og Norsk Scenekunstbruk (NSKB)

Kjelde: Sekretariatet for Den kulturelle skulesekken

seg. Kompetanseheving skal dekkjast av ordinære midlar til kompetanseheving både i kultur- og i opplæringssektoren.

Sekretariatet for Den kulturelle skulesekken har i samarbeid med fylkeskommunane utarbeidd eit rapporteringssystem for Den kulturelle skulesekken. Rapporteringa gjev eit bra oversyn over fylkeskommunane sine utgifter og inntekter i samband med Den kulturelle skulesekken, medan ein førebels ikkje har tilstrekkeleg kvalitetssikra tal for kommunane. Sekretariatet vil arbeide vidare med å betre rapporteringa i Den kulturelle skulesekken, og særleg vil det vere naudsynt å få eit betre grunnlag for å vurdere kommunane sin bruk av spelemidlar til ordninga. Rapporteringa skal haldast på eit slikt nivå at staten har oversyn over korleis spelemidlane er brukte, men utan at det fører til ei for stor rapporteringsbør for kommunesektoren. Sjå også omtale i punkt 6.5.

Det er rimeleg å vente at fylkeskommunane vil nytte ytterlegare midlar og eigeninnsats når Den kulturelle skulesekken vert utvida til vidaregåande opplæring. Det er forventat at dei fylkeskom-

munane som ynskjer å utvide ordninga til vidaregåande opplæring vil nyttiggjere seg røymsler dei har fått gjennom innføringa av Den kulturelle skulesekken i grunnskulen. Dette skulle tilseie at innføringa av Den kulturelle skulesekken i vidaregåande opplæring kan skje på ein smidig og god måte.

Tab. 7.2 syner førebelse tal frå fylkeskommunane sine rekneskap når det gjeld kunst- og kulturformidling for skuleåret 2006 – 2007. I kategorien egne midlar/eigeninnsats ligg lønskostnader og midlar til produksjon og formidling i fylkeskommunane eller i institusjonar som fylkeskommunen er ansvarleg for. Fylkeskommunane får refundert utgifter til produksjon av skulekonserter etter avtale med Rikskonsertane. For å nytte førestillingar formidla gjennom Norsk scenekunstbruk får fylkeskommunane også refusjonar frå Scenekunstbruket, jf. nærare omtale i punkt 4.3.3.

Mange fylkeskommunar har ei abonnementsordning som kommunane kan velje å delta i gjennom å betale ein eigendel. Også Rikskonsertane nyttar eit prinsipp med eigendelar frå kommunane. For Rikskonsertabonnementet går eigendelane til Rikskonsertane, men for dei andre kunstuttrykka går eigendelen til fylkeskommunane.

Tala viser at fylkeskommunane overfører 53 mill kroner av spelemidlane til kommunane. Dette er meir enn den tredelen som fylkeskommunane skal fordele til kommunane, etter gjeldande fordelingsprinsipp i Den kulturelle skulesekken. Det vil seie at ein del fylkeskommunar har funne det tenleg å overføre meir spelemidlar til kommunenivået enn det dei formelt er pålagde. Fylkeskommunens administrasjonskostnader omfattar også administrasjon av andre kunstformidlingstiltak enn dei som er finansierte av spelemidlane.

I samsvar med Stortingets føringar etter hand-saminga av St. meld. nr. 38 (2003-2004) *Den kulturelle skulesekken*, er ordninga prega av relativt låg statleg styring. Sekretariatet har berre hatt to tilsette i perioden, sjå nærare omtale av sekretariatet i punkt 5.1.1.

Prinsippet om låg statleg styring vil også gjelde i den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken.

I meldinga vert det gjort framlegg om å flytte sekretariatet for Den kulturelle skulesekken frå ABM-utvikling til Kultur- og kyrkjedepartementet. Dette vert gjort for å knyte arbeidet med Den kulturelle skulesekken tettare til dei samla forvaltingsoppgåvene i departementet og lyfte fram

arbeidet med born og unge. Faglege nettverk bør få ei viktigare rolle som pådrivarar i den vidare utviklinga av ordninga, medan sekretariatet bør arbeide på eit meir overordna nivå.

Det er ikkje lagt opp til at utvidinga av Den kulturelle skulesekken til vidaregåande opplæring vil ha ytterlegare administrative konsekvensar for staten. Dei økonomiske konsekvensane for staten er nærare skildra i punkt 7.2.

7.4 Innføring av ny tippenøkkel i 2009

I 2009 skal det innførast ein ny tippenøkkel der kultur vil få ein mindre del (36,5 prosent) av spelemidlane enn i dag (50 prosent). I St.meld. nr. 39 (2006–2007) *Frivillighet for alle* er det lagt til grunn at den totale avsetninga likevel vil verte stor nok til å sikre at overskotsmottakarane opprettheld sine tilskot. Innanfor kulturdelen vil fordelinga vere den same som i dag: 2/3 skal forde-

last av Stortinget og 1/3 av Kongen. Av den delen av spelemidlane som vert fordelt av kongen vil 40 prosent gå til Den kulturelle skulesekken, 30 prosent til kulturbygg og 30 prosent til Frifond. Regjeringa legg til grunn at spelemidlane til Den kulturelle skulesekken vil liggje på line med årets beløp på 167 mill. kroner. Dersom beløpet skulle vise seg å verte mindre, må utvidinga til vidaregåande opplæring avpassast mot tilgjengelege midlar.

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 30. november 2007 om Kulturell skulesekk for framtida blir send Stortinget.

Litteratur og bakgrunnsmateriale

Bøker og rapportar:

- ABM-skrift #30 (2006): *Bibliotekreform 2014 – del I: Strategier og tiltak.*
- ABM-skrift #31 (2006): *Bibliotekreform 2014 – del II: Norgesbiblioteket – nettverk for kunnskap og kultur.*
- ABM-skrift #41 (2006): *Statistikk for bibliotek og museum 2006.*
- ABM-skrift # 39 (2007): *Lykketreff. Om de gode møtene i Den kulturelle skolesekken.*
- Austbø, Anne Tove (red.) (2000): *L97 og museene*, Norsk museumsutvikling 3:2000.
- Bamford, Anne (2006): *The Wow Factor. Global research compendium on the impact of the arts in education*, UNESCO, Waxmann Verlag, Münster.
- Borgen, Jorunn Spord og Synnøve S. Brandt (2006): *Ekstraordinært eller selvfølgelig? Evaluering av Den kulturelle skolesekken i grunnskolen*. NIFU STEP Rapport 5/2006.
- Buland, Trond m.fl. (2007): *Lokal grunnmur gir nasjonalt byggverk?, Evaluering av tiltaksplanen «Gi rom for lesing!» – Delrapport 3*, SINTEF Teknologi og samfunn, Trondheim.
- Eeg, Camilla og Elisabeth Sørheim (2006): *Med egne øyne I, Om formidling av samtidskunst*. Nasjonalmuseet/GAN forlag.
- Haugsevje, Åsne Widskjold (2002): *Inspirasjon eller distraksjon? Evaluering av forsøket med «full pakke» profesjonell kunst- og kulturformidling som del av den kulturelle skolesekken i Buskerud*, Telemarksforskning, Bø, Arbeidsrapport nr. 10.
- Högvist, Stina (2006): *Med egne øyne II. Om formidling av videokunst*. Nasjonalmuseet/GAN forlag.
- Kristiansen, Line Prøis (2007): *Den kulturelle skolesekken i Akershus – En brukerundersøkelse*, HiO-rapport nr. 2, Høgskolen i Oslo.
- Kulturkontakten. Informasjon til kulturkontaktane og skulane* (2006): Sogn- og Fjordane fylkeskommune.
- Kunnskapsbehov i kultursektoren* (2003): Noregs forskingsråd.
- Kunsten å være kirke – om kirke, kunst og kultur* (2005): Verbum forlag, Oslo.
- Lidén, Hilde (2001): *Den kulturelle skolesekken. Modeller for kultur-skole samarbeid, sett nedena fra*, Norsk Museumsutvikling, 2001.
- Lidén, Hilde (2004): *Tørrfisker stinka, men kahytten var topp – En oppfølgingsstudie av to modeller for organisering av Den kulturelle skolesekken*, ISF rapport 012, 2004.
- Røyseng, Sigrid og Ellen K. Aslaksen (2003): *Pionerer i regional kulturformidling – Evaluering av Turneorganisasjonen for Hedmark*, Telemarksforskning – Bø, Rapport nr. 201.
- Rønning, Anne (2003): *Evaluering av Turneorganisasjonen i Østfold*, Stiftelsen Østfoldforskning, OR.25.03.
- Den kulturelle skolesekken – forskning, utvikling og evaluering*, NIFU skriftsserie nr. 21, 2003.
- Handlingsplanar, regjerings- og stortingsdokument:*
- Besl. O. nr. 52* (2001–2002) om endring i lov av 28. august 1992, nr. 103 om pengespill.
- Broen og den blå hesten* (1996), Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet og Kulturdepartementet.
- Gi rom for lesing! Veien videre* (2007), Utdanningsdirektoratet.
- Handlingsplan for landsdekkende formidling av billedkunst, kunsthåndverk, arkitektur og design* (2005), Nasjonalmuseet.
- Kompetanse for utvikling. Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringen 2005–2008* (2004): Utdannings- og forskningsdepartementet.
- Læreplanverket for Kunnskapsløftet* (2006): Kunnskapsdepartementet.
- Skapende læring. Strategiplan for kunst og kultur i opplæringen* (2007): Kunnskapsdepartementet.
- St.meld. nr. 61 (1991–1992) *Kultur i tiden*, Kulturdepartementet.
- St.meld. nr. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skolesekken*, Kultur- og kyrkjedepartementet.

St.meld. nr. 39 (2002–2003) *Ei blot til Lyst – Om kunst og kultur i og i tilknytning til grunnskolen*, Utdannings- og forskingsdepartementet, 2003.

St.meld. nr. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014*, Kultur- og kyrkjedepartementet.

St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*, Kunnskapsdepartementet.

St.meld. nr. 22 (2006–2007) *Veiviseren*, Kultur- og kyrkjedepartementet.

St.prp. nr. 1 (2004–2005): Kultur- og kyrkjedepartementet.

St.prp. nr. 1 (2007–2008): Kultur- og kyrkjedepartementet.

Innst.O. nr. 44 (2001–2002) frå medlemmer av familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om endring i lov av 28. august 1992, nr. 103 om pengespill.

Innst. S. nr. 50 (2003–2004): Innstilling frå familie- kultur-, og administrasjonskomiteen om Den kulturelle skulesekken.

Innst. S. nr. 131 (2002–2003) fra kirke-, utdannings- og forskingskomiteen om Ei blot til Lyst – om kunst og kultur i og i tilknytning til grunnskolen.

Nettsider:

www.regjeringa.no

www.denkulturelleskulesekken.no

www.kultureltmangfold.no

www.rikskonsertene.no

www.scenekunstbruket.no

www.norsk kulturrad.no

www.nasjonalmuseet.no

www.abm-utvikling.no

www.dvoted.se

www.kunstkultursenteret.no

www.utdanningsdirektoratet.no

www.nfi.no



Offentlege etatar kan tinge fleire eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Post og distribusjon
www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefaks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hos:
Akademika AS
Avdeling for offentlege publikasjonar
Postboks 84 Blindern
0314 OSLO
E-post: offpubl@akademika.no
Telefon: 22 18 81 00
Telefaks: 22 18 81 01
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen finst på internett:
www.regjeringen.no

Omslagsfoto: Geir Hansen
Trykk: GAN Grafisk AS – 11/2007 - opplag 6000

